



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Vår 2014

Molde bymål

Ein kvantitativ korrelasjonsstudie i verkeleg tid

Hild Meland Rød

Takk

Det er mange som fortener ein spesiell takk i samband med denne oppgåva:

Den største takken går til Helge Sandøy for grundig og god rettleiing. Eg set stor pris på alle konstruktive innspel og faglege diskusjonar, og er svært takksam for at eg fekk delta og bidra på eit så spennande forskingsprosjekt.

Takk til Bente Selback for arbeidet med lydfiler, transkripsjonsopplæring, metafiler og god hjelp til dei fleste andre små og store problem som dukka opp undervegs. Takk også til Per Sigmund Sævik Bøe for retting av transkripsjonsfiler, og karane på Uni Digital for digitaliseringa av materialet.

Takk til Aud Frøydis Nødtvedt som sa seg villig til å dele opptaka sine frå hovudfagsoppgåva si med prosjektet Dialektendringsprosessar.

Takk til Ragnhild Anderson for gode innspel om språklege haldningar, og takk til Edit Bugge for gode innspel om Molde og anna sosiolingvistisk materiale.

Takk til Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen for økonomisk stønad til feltarbeid, og takk til Dialektendringsprosessar for stønad til transkripsjon av eldre materiale.

Takk til dei moldensarane som tok seg tid til å la meg kome heim og intervjuje dei. I denne oppgåva er de berre kjende som anonyme informantar slik Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste har bestemt, men utan dykk inga oppgåve! Så takk for dei gode samtalanene og all den nye kunnskapen eg no har om Molde.

Takk til Bergmo ungdomsskule ved rektor Frank Ove Sæther, og takk til Bekkevoll ungdomsskule ved rektor Sissel Nerland.

Takk til Martin Larsen Hirth for signifikanstesting av materialet.

Takk til alle på prosjektet Dialektendringsprosessar ved Universitetet i Bergen for hyggelege tysdagsmøte med gode diskusjonar, tilbakemeldingar og interessante innlegg.

Takk til alle masterstudentar og sofaslitarar i 4. etasje for at de er slik ein flott gjeng!

Takk til mamma, pappa, Anja, Andrea, Olaug, Malin og Anna. Takk for trua, tilliten, den praktiske hjelpa, og at de fyller dagane utanfor lesesalen med gode stunder. Til slutt ein stor takk til min kjære Are for dagleg støtte og oppmuntring, og for at du alltid har trua på meg.

Innhald

1 – INNLEIING.....	1
1.1 Sosiolingvistikk som fagdisiplin	1
1.2 Dialektendringsprosessar	2
1.3 Siktemål og problemstilling i oppgåva.....	3
1.4 Struktur i oppgåva	4
2 – MOLDE BY	5
2.1 Geografi.....	6
2.2 Byhistorie 2.2.1 Molde før 1900	7
2.2.2 Molde på 1900-talet og fram til i dag.....	8
2.3 Demografi.....	9
2.4 Næringsliv og sysselsette	13
2.5 Samfunnsstruktur	15
2.6 Reiseruter og pendlestatistikk	15
2.7 Kulturliv	16
3 – MOLDE BYMÅL	19
3.1 Innleiing	19
3.2 Om målføra i Romsdal og Molde bymål.....	19
3.3 Lydverk	22
3.3.1 Foneminventar.....	22
3.3.2 Fonologiske reglar.....	23
3.4 Bøyingsverk	24
3.4.1 Substantiv	24
3.4.2 Verb.....	24
3.4.3 Adjektiv	25
3.4.4 Pronomen	26
3.4.5 Determinativ	26
4 – TEORI	27
4.1 Innleiing	27
4.2 Språkleg variasjon	27
4.2.1 Mellom individet og kollektivet.....	27
4.2.2 Intraindividuell og interindividuell variasjon.....	28
4.2.3 Normer, identitet og haldningar	29
4.2.4 Akkommodasjon	32
4.2.5 Sosiale nettverk – språkleg variasjon på mesonivå.....	33
4.3 Språkending	34

4.3.1 Indre faktorar i språkending	34
4.3.2 Ytre faktorar i språkending	36
4.3.3 Labovs modell for språkending	38
4.4 Spreiingsmønster	38
4.4.1 Språkleg innovasjon – starten på ei mogleg ending	38
4.4.2 Bølgjer og hierarkiske strukturar	40
4.5 Ulike språksamfunn og danning av nye varietetar	41
4.5.1 Kva rolle spelar byen?	42
4.5.2 Moldedialekten – ein koiné?	44
4.6 Dei sosiale variablane	47
4.6.1 Alder	48
4.6.2 Kjønn	49
4.6.3 Lokalgeografisk tilhøyrse	50
4.7 Hypotesar	51
5 – METODE	53
5.1 Val av overordna metode	53
5.1.1 Kvantitativ korrelasjonsanalyse og det sosiolingvistiske intervjuet	55
5.2 Undersøkingar i tilsynelatande og verkeleg tid	55
5.2.1 Tilsynelatande tid	55
5.2.2 Verkeleg tid	56
5.3 Val av granskingsområde og informantar	57
5.3.2 Informantane	58
5.4 Feltarbeid i praksis – kva og korleis?	61
5.4.1 Intervjusamtalen	61
5.5 Det gamle mot det nye materialet	63
5.6 Handsaming av data	65
5.7 Datakvalitet: reliabilitet og validitet	66
5.8 Andre metodiske vanskar	68
5.9 Val av språklege variablar	69
5.10 Presentasjon av dei språklege variablane	71
6 - RESULTAT	76
6.1 V1 ”EG”	78
6.1.1 Samla oversyn etter opptaksår, trykksterk og trykksvak kombinert	78
6.1.2 Samla oversyn etter opptaksår	78
6.1.3 Livsfase og opptaksår	79
6.1.4 Kjønn og opptaksår	80
6.1.5 Livsfase, kjønn og opptaksår	81

6.1.6 Lokalgeografisk tilhørsle.....	82
6.2 V2 ”KJ-LYDEN”	82
6.2.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	82
6.2.2 Livsfase og opptaksår.....	83
6.2.3 Kjønn og opptaksår	83
6.2.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	84
6.2.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	84
6.3 V3 ”IKKJE”	85
6.3.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	85
6.3.2 Livsfase og opptaksår.....	86
6.3.3 Kjønn og opptaksår	86
6.3.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	87
6.3.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	88
6.4 V4 ” PRESENS, LINNE VERB”	88
6.4.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	89
6.4.2 Livsfase og opptaksår.....	89
6.4.3 Kjønn og opptaksår	90
6.4.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	91
6.4.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	92
6.5 V5 ”PRESENS, STERKE VERB”	92
6.5.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	92
6.5.2 Livsfase og opptaksår.....	93
6.5.3 Kjønn og opptaksår	94
6.5.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	95
6.5.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	96
6.6 V6 ”SUBSTANTIV”	96
6.6.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	96
6.6.2 Livsfase og opptaksår.....	97
6.6.3 Kjønn og opptaksår	97
6.6.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	98
6.6.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	99
6.7 V7 ”KV-SPØRJEORDA”	99
6.7.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	99
6.7.2 Livsfase og opptaksår.....	100
6.7.3 Kjønn og opptaksår	100
6.7.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	101
6.7.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	102

6.8 V8 ”DEI”	102
6.8.1 Samla oversyn etter opptaksår.....	102
6.8.2 Livsfase og opptaksår	103
6.8.3 Kjønn og opptaksår	103
6.8.4 Livsfase, kjønn og opptaksår.....	104
6.8.5 Lokalgeografisk tilhørsle.....	104
6.9 Avsluttande merknader kring resultatata i verkeleg tid	105
6.10 V1 – V8: Resultat, årsklasseinndeling.....	105
7 – DRØFTING AV RESULTAT	111
7.1 Premissar for tolking	111
7.1.1 V3 ”IKKJE”: Informant nummer 01467 – ein språkleg pioner?.....	111
7.1.2 V3 ”IKKJE”: Skiftet frå /içe/til /ike/ i 2Y – frå stabilitet til variasjon.....	112
7.1.3 V3 ”IKKJE”: Overgangen til /ife/ i 2Y	114
7.2 Opptaksår	116
7.3 Alder som sosial variabel	117
7.3.1 Årsklasseendring	117
7.3.2 Kvifor er språkbruken så annleis 1E?.....	119
7.3.3 Livsfaseendring	120
7.4 Kjønn som sosial variabel	121
7.4.1 Er gutar dei nye innovatørane?.....	124
7.5 Lokalgeografisk tilhørsle som sosial variabel	125
7.6 Endringsmønster.....	129
8 – OPPSUMMERING OG VIDARE FORSKING	133
8.1 Oppsummering av moldegranskinga.....	133
8.2 Vidare forsking.....	135
LITTERATURLISTE	136
VEDLEGG	144
Vedlegg 1: Tabellar med oversyn over folketal i Molde.....	144
Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring til føresette for elevar ved Bekkevoll ungdomsskole og Bergmo ungdomsskole.....	145
Vedlegg 3: Informasjonsskriv til informantar i Molde	147
Vedlegg 4: Samtalegaid (intervjugaid)	149
Vedlegg 5: Spørjeskjema om personopplysingar	152
Vedlegg 6: Logg etter samtaleopptaka	154
Vedlegg 7 – Resultat på individnivå	155
SAMANDRAG	173

Liste over figurar

Figur 1: <i>Molde i Møre og Romsdal</i>	6
Figur 2: <i>Molde by</i>	6
Figur 3: <i>Folketal i Molde, Ålesund, Kristiansund og Noreg, 1801-1960</i>	9
Figur 4: <i>Innbyggjarbakgrunn i Molde 1865-1939</i>	11
Figur 5: <i>Folketal i Molde, Ålesund, Kristiansund og Noreg, 1961-2013</i>	12
Figur 6: <i>Sysselsette i Molde</i>	13
Figur 7: <i>Næringsstruktur i Molde 2011</i>	14
Figur 8: <i>Inn- og utpendling til Molde 2011</i>	16
Figur 9: <i>Inndeling av Romsdalen i mindre dialektområde</i>	20
Figur 10: <i>S-kurve</i>	39
Figur 11: <i>Sentrumshopping</i>	40
Figur 12: <i>Ulike typar romsdalsk</i>	46
Figur 13: <i>V1 "EG" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	106
Figur 14: <i>V2 "KJ-LYDEN" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	107
Figur 15: <i>V3 "IKKJE" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	107
Figur 16: <i>V3 "IKKJE" Lineær framstilling av årsklassevariasjon, prosent</i>	108
Figur 17: <i>V4 "PRESENS, LINNE VERB" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	108
Figur 18: <i>V5 "PRESENS, STERKE VERB" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	109
Figur 19: <i>V6 "SUBSTANTIV" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	109
Figur 20: <i>V7 "KV-SPØRJEORDA" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	110
Figur 21: <i>V8 "DEI" Distribusjon etter årsklasse, prosent</i>	110

Liste over tabellar

Tabell 1: <i>Vokalfonem</i>	22
Tabell 2: <i>Konsonantfonem</i>	22
Tabell 3: <i>Substantivbøying</i>	24
Tabell 4: <i>Verbbøying, sterke verb</i>	24
Tabell 5: <i>Verbbøying, linne verb</i>	25
Tabell 6: <i>Adjektiv</i>	25
Tabell 7: <i>Personleg pronomem</i>	26
Tabell 8: <i>Demonstrativar</i>	26
Tabell 9: <i>Possessivar</i>	26
Tabell 10: <i>Aldersmatrise, livsfase</i>	60
Tabell 11: <i>Aldersmatrise, årsklasse</i>	60
Tabell 12: <i>Signifikansgrenser</i>	77
Tabell 13: <i>V1 "EG" Samla oversyn etter opptaksår, trykksvak + trykksterk</i>	78
Tabell 14: <i>V1 "EG" Samla oversyn etter opptaksår</i>	78
Tabell 15: <i>V1 "EG" Livsfase og opptaksår</i>	79
Tabell 16: <i>V1 "EG" Kjønn og opptaksår</i>	80

Tabell 17: V1 "EG" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	81
Tabell 18: V2 "KJ-LYDEN" Samla oversyn etter opptaksår.....	82
Tabell 19: V2 "KJ-LYDEN" Livsfase og opptaksår.....	83
Tabell 20: V2 "KJ-LYDEN" Kjønn og opptaksår.....	83
Tabell 21: V2 "KJ-LYDEN" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	84
Tabell 22: V2 "KJ-LYDEN" Lokalgeografisk tilhørslse.....	84
Tabell 23: V3 "IKKJE" Samla oversyn etter opptaksår.....	85
Tabell 24: V3 "IKKJE" Livsfase og opptaksår.....	86
Tabell 25: V3 "IKKJE" Kjønn og opptaksår.....	87
Tabell 26: V3 "IKKJE" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	88
Tabell 27: V3 "IKKJE" Lokalgeografisk tilhørslse.....	88
Tabell 28: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Samla oversyn etter opptaksår.....	89
Tabell 29: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Livsfase og opptaksår.....	89
Tabell 30: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Kjønn og opptaksår.....	90
Tabell 31: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	91
Tabell 32: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Lokalgeografisk tilhørslse.....	92
Tabell 33: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Samla oversyn etter opptaksår.....	92
Tabell 34: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Livsfase og opptaksår.....	93
Tabell 35: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Livsfase og opptaksår – utan KJEM.....	94
Tabell 36: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Kjønn og opptaksår.....	94
Tabell 37: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	95
Tabell 38: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Lokalgeografisk tilhørslse.....	96
Tabell 39: V6 "SUBSTANTIV" Samla oversyn etter opptaksår.....	96
Tabell 40: V6 "SUBSTANTIV" Livsfase og opptaksår.....	97
Tabell 41: V6 "SUBSTANTIV" Kjønn og opptaksår.....	98
Tabell 42: V6 "SUBSTANTIV" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	98
Tabell 43: V6 "SUBSTANTIV" Lokalgeografisk tilhørslse.....	99
Tabell 44: V7 "KV-SPØRJEORDA" Samla oversyn etter opptaksår.....	99
Tabell 45: V7 "KV-SPØRJEORDA" Livsfase og opptaksår.....	100
Tabell 46: V7 "KV-SPØRJEORDA" Kjønn og opptaksår.....	101
Tabell 47: V7 "KV-SPØRJEORDA" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	101
Tabell 48: V7 "KV-SPØRJEORDA" Lokalgeografisk tilhørslse.....	102
Tabell 49: V8 "DEI" Samla oversyn etter opptaksår.....	102
Tabell 50: V8 "DEI" Livsfase og opptaksår.....	103
Tabell 51: V8 "DEI" Kjønn og opptaksår.....	103
Tabell 52: V8 "DEI" Livsfase, kjønn og opptaksår.....	104
Tabell 53: Årsklassar i Dialektendringsprosessar.....	106
Tabell 54: Samla bruksfrekvens av høgstatusformer i dei to opptaksåra.....	116
Tabell 55: Gjennomsnittleg bruksfrekvens av høgstatusformer i dei ulike årsklassane.....	117
Tabell 56: Kjønn og gjennomsnittbruk av høgstatusformer i 1989.....	122
Tabell 57: Kjønn og gjennomsnittbruk av høgstatusformer i 2013.....	122
Tabell 58: Samla bruksfrekvens av høgstatusformer i 2Y, aust/vest.....	126
Tabell 59: Grad av skilnad, aust/vest.....	127
Tabell 60: Moglege påverknadskjelder.....	131

1 – INNLEIING

Denne oppgåva om språkleg variasjon og endring i Molde bymål plasserer seg innanfor den sociolingvistiske fagtradisjonen og byggjer på sociolingvistisk teori. Den språklege granskinga av moldemålet er ein studie i såkalla *verkeleg tid*, som vil seie at det same språksamfunnet er kartlagt på to ulike tidspunkt. I 1989 intervjuar Aud Frøydis Nødtvedt moldensarar i samband med ei sociolingvistisk hovudoppgåve om moldemålet.¹ Ved å reise ut på feltarbeid og gjere nye intervjuopptak i Molde 24 år seinare, vart det mogleg å samanlike mine nye resultat med Nødtvedt sine gamle. I kartlegginga av den språklege variasjonen og endringa i moldedialekten, vil eg sjå på åtte språkendingar (språklege variablar) i lys av dei sosiale variablane *alder, kjønn og lokalgeografisk tilhøyrse*. Ved å samanlikne resultat frå dei to ulike opptaksåra, kan ein finne faktisk språkending og samstundes sjå etter eventuell livsfaseending. Totalt er informantutvalet på 46 personar, som plasserer seg ulikt innanfor dei sosiale kategoriane. I mi gransking har eg rekna det sociolingvistiske intervjuet som ei hensiktsmessig tilnærming for datainnsamling, og informantane er tilfeldig utvalde. Resultata frå granskinga vert presenterte statistisk. Slike studiar, der ein kvantifiserer variasjonen og ser på samvariasjon mellom lingvistiske variablar og makro-sosiologiske kategoriar, er kjende som kvantitative korrelasjonsstudiar.

1.1 Sociolingvistikk som fagdisiplin

Kva vil det eigentleg seie at ein studie er sociolingvistisk? R. A. Hudson skriv i boka *Sociolinguistics* at ”We can define sociolinguistics as the study of language in relation to society.” (2001:1). Store norske leksikon definerer sociolingvistikk som “den delen av språkvitenskapen som beskjeftiger seg med forholdet mellom språket og samfunnet, dvs. studiet av språket som sosialt fenomen”.² Studiet av talemål og dialektar var slett ikkje noko nytt, men i den tradisjonelle *dialektologien* låg vekt på å studere likskapar og forskjellar mellom geografiske varietetar (Hanssen 2010:16). Å sjå språkutviklinga knytt opp mot ulike sosiale faktorar og å studere *variasjonen* var enno ikkje ein etablert disiplin. Studiet av språket som *sosialt fenomen* byrja for alvor med William Labov i USA på midten av sekstitalet. I 1963 publiserte han ei gransking frå Martha’s Vineyard (New England), som var ein kvantitativ studie av tale. Her nytta han bandopptakar til å intervju informantar – og for

¹ Oppgåva kom ut i 1991 og ber tittelen *Molde bymål. Språklege variasjonar hos eldre og yngre brukarar*.

² Store norske leksikon. *Sociolingvistikk*. Lasta ned 16.10.2012]

fyrste gong vart det mogleg å gjere eit permanent opptak av daglegdags tale (Hudson 2001:150). I staden for å berre notere den eine varianten ein høyrde ein informant bruke, og så gå ut frå at personen nytta den i alle tilfelle, var det no råd å finne ut kor *konsekvente* informantane var (*ibid*). Frå granskingar i New York City viste Labov at variasjonar i språkbruken ikkje var tilfeldige, men systematiske, ”styrte av et samspill av en rekke sosiale faktorer som kjønn, alder, utdanning, sosial status, økonomi, sosiale ambisjoner og fortrolighet med den situasjon og det miljø språket ble brukt i” (Store norske leksikon³).

Då sosiolingvistikken vart introdusert i Noreg, byrja mange å kartleggje talemålet i dei største byane etter mønsteret frå William Labovs variasjonsanalyse.⁴ På 1970- talet vart større prosjekt som omhandla talemålsgranskingar, starta opp her i landet. Fyrst ute var TAUS⁵ (Talemålsundersøkinga i Oslo), som granska dialekt basert på uformelle intervju med folk frå Oslo, som blei gjort i 1971-73. I Bergen fekk dei TUB, Talemålsundersøkelsen hos ungdom i Bergen, som var i arbeid frå 1977-1983. Prosjekta gav ny innsikt i språkforholda i dei to største byane i landet, men dei var ikkje samkøyrde på noko vis. I 1999 vart TEIN, Talemålsendring i Noreg, starta opp. Gunnstein Akselberg var leiar for prosjektet, som skulle vere ”eit paraplyprosjekt med mange lokale delprosjekt som dei lokale institusjonane har hovudansvar for” (Språkrådet 1999).⁶ Eit av hovudmåla var å granske språkleg regionalisering i Noreg. Samarbeidspartar var dei nordiske institutta ved Universiteta i Tromsø, Oslo, Agder og Bergen. Ved Universitetet i Bergen er det i dag to sosiolingvistiske forskingsprosjekt. Det eine er Industristadprosjektet, som granskar talemålsutvikling på industristader i Noreg, og det andre er Dialektendringsprosessar.

1.2 Dialektendringsprosessar

Det sosiolingvistiske prosjektet *Dialektendringsprosessar* vart starta opp i 2007 og er leia av Helge Sandøy. Det har som overordna mål ”å utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsendring og språkendring” (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy 2007:1). I Noreg er det ulike teoriar om kva som skjer med språket, og samspelet mellom dei ulike påverknadskreftene kan vere skiftande og komplisert. Dialektendringsprosessar ønskjer å bidra til å kartleggje faktorane som fører til språkendring, og finne mønster i endringsprosessane i talemåla på Vestlandet. For å gjere dette skal ein ny

³ Store norske leksikon. *Sosiolingvistik*. [Lasta ned 16.10.2012]

⁴ Store norske leksikon. *Sosiolingvistik*. [Lasta ned 16.10.2012]

⁵ TAUS. [Lasta ned 08.11.2012]

⁶ Språkrådet. 1999. *Prosjektet talemålsendring i Noreg*. [Lasta ned 08.11.2012]

metode verte teken i bruk. Akselberg, Kristoffersen og Sandøy forklarar: ”Nytt for dette prosjektet er at vi vil komme nærare dei nemnde problemstillingane ved å studere språkendingar i 'verkeleg tid' og ved å dekkje alle endringsvariablar” (2007:2).

Dialektendringsprosessar er bygd opp av punktstudiar og har tre delmål:

- 1) Å digitalisere og transkribere opptak frå eldre dialektstudiar på Vestlandet.
- 2) Å samle inn nytt materiale frå dei same plassane på Vestlandet, for så å digitalisere og transkribere dette.
- 3) Å lage analysar av språkendingar i verkeleg tid med tanke på endringsgrad, endringstypar, endringsretning og sosiale og samfunnsmessige vilkår for endringane (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy 2007:4)

Oppgåva mi skal inngå som ein del av materialgrunnlaget på Dialektendringsprosessar.⁷

Gjennomføringa av ei sosiolingvistisk gransking måtte derfor skje i tråd med dei overordna måla på dette prosjektet.

1.3 Siktemål og problemstilling i oppgåva

Målet med denne granskinga er å kartleggje variasjon og eventuell endring i utvalde språktrekk i Molde bymål dei siste 24 åra. Eg vil sjå på distribusjonen av åtte språklege variablar i samband med dei sosiale variablane alder, kjønn og lokalgeografisk tilhøyrse. Ved å samanlikne resultatata frå dei to opptaksåra 1989 og 2013 ønskjer eg å svare på:

1) *Korleis ser den språklege variasjonen ut i 2013 kontra i 1989?* Det vil eg finne ut ved å kartleggje frekvensfordelinga til dei ulike variantane av variablane blant informantane.

2) *Finst det eit endringsmønster?* Ut frå dei statistiske resultatata ønskjer eg også å seie noko om den overordna retninga moldedialekten ser ut til å bevege seg i. Vert til dømes dialekten likare dei romsdalske nabokommunane, eller er det meir ”bytypiske” trekk som får innpass? Eller utviklar moldedialekten noko for seg sjølv?

Eg vil òg (om det lar seg gjere) peike på moglege *årsaker* til desse variasjons- og endringsmønsterane.

⁷ På masterprogrammet i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Bergen inngår emnet NOLISP300 – Prosjektførebuande emne. Her skriv studentane ei projektskisse for masteroppgåva. Eg ønskjer å gjere merksam på at delar av materialet frå projektskissa eg skreiv i 2012 vert nytta som bakgrunn for denne oppgåva (projektskissa er upublisert).

Innleiinga og problemstillinga har introdusert lesaren for ein del termar som treng nærmare utgreiing, avgrensing eller forklaring. Eg vil kome attende til aktuelle omgrep i løpet av oppgåva (dei fleste i kapittel 4 og 5), og let dette stå som ein førebels introduksjon.

1.4 Struktur i oppgåva

Denne avhandlinga er delt inn i åtte kapittel. Dei to neste kapitla dannar ein slags kontekst for studien: Kapittel 2 handlar om Molde som samfunn, medan kapittel 3 syner Molde som språksamfunn. Her presenterer eg ei grammatikkskisse over moldedialekten. Skissa byggjer på grammatikkskissene i Helge Sandøys *Romsdalsk språkhistorie* (2011) og Aud Frøydis Nødtvedt si oppgåve om Molde bymål frå 1991, med eventuelle tillegg og kontrollar frå eigne opptak. Kapittel 4 dannar det teoretiske ”bakteppet” for oppgåva, og omhandlar sentrale teoriar om språkleg variasjon og endring både på mikro-, meso- og makronivå. Kapittelet inneheld også ein presentasjon av dei sosiale variablane eg deler materialet inn etter, og fem hypotesar om kva funn eg kan vente meg frå granskinga i Molde. Hypotesane byggjer på den teoretiske innsikta kapittel 4 bidreg til. I kapittel 5 gjer eg greie for dei metodiske vala eg tok stilling til før undersøkinga, og korleis innsamlingsprosessen og den seinare handsaminga av datamaterialet har gått føre seg. Som ei avslutting på kapittelet vil eg presentere dei språklege variablane eg nyttar i granskinga. Sjølve resultata frå granskinga vert presenterte i kapittel 6. Distribusjonen av dei språklege variablane vert her framstilte i fordeling etter opptaksår, alder, kjønn og lokalgeografisk tilhøyrse. I kapittel 7 drøftar eg funna mine og ser dei i samheng med hypotesane frå kapittel 4. Her vil eg også ta med moglege årsaker til dei aktuelle språkendingane. Som ei avslutting gir eg i kapittel 8 ei oppsummering av kva funn eg har gjort, og diskuterer korleis forskinga kan bidra til andre granskingar og innsikter i framtida.

2 – MOLDE BY

I studiet av språket som sosialt fenomen må ei grunnleggjande målsetting vere å oppnå innsikt i både språkssystemet og samfunnet ein granskar, for slik å betre kunne forstå interaksjonen mellom dei. Dette kapitlet gir ein kort presentasjon av Molde by som samfunn. I større granskingar der ein ønskjer å samanlikne fleire språkendingar på tvers av fleire språksamfunn, er det eit mål ”å typologisere og kvantifisere språkendingane på gitte stader på eine sida og å gjøre tilsvarande med dei aktuelle språksamfunna på hi” (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy 2007:4). I ei samfunnsgransking gjeld det då å finne relevante makrofaktorar som ein kan typologisere og kvantifisere etter. I prosjektet Dialektendringsprosessar legg ein vekt på at typologiseringa av lokalsamfunna etter sosiale makrofaktorar følgjer samfunnsvitskaplege kategoriar. Dette er fordi kategoriane ”i utgangspunktet er uavhengige av det språklege studieobjektet vårt og såleis kan ha ei potensiell forklaringskraft” (*ibid*). Akselberg, Kristoffersen og Sandøy føreslår at nærliggjande operasjonaliserbare og etterprøvbare kriterium kan vere *stabilitet i befolkninga, storleik* (befolkningsstatistikk), *næringsliv/yrkessamansetning, struktur i samfunnsorganiseringa, kommunikasjonar/til- og frå-pendling* og *ikkje-språklege kulturuttrykk* (2007:4-5). Slike uavhengige kategoriar mogleggjer då samanlikningar på tvers av prosjekt og språksamfunn. Dei forklarar:

Alle desse faktorane kan brukast når ein skal forstå rammene som grupper og individ forstår seg innafor når dei fokuserer kulturverdiane og byggjer opp sosiale og individuelle identitetar. I botnen for dette ligg den sosialpsykologiske innsikta at språk spelar ei viktig rolle i identitetsoppbygginga, og at språkending må forståast ut frå det (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy 2007:5)

Ein grunn til at samfunnsskildringa vert vigd plass i denne oppgåva, er altså tanken om at samfunnet eit menneske veks opp i, har mykje å seie for identitetsutviklinga. Identiteten har igjen mykje å seie for språkutviklinga.⁸ Det er viktig å merke seg at faktorane ikkje gjeld berre som vilkår for språkending, men at dei òg kan fungere som ein eventuell brems på dei same endringsprosessane.

I dei neste avsnitta vil eg presentere samfunnet Molde på bakgrunn av makrofaktorane over. I tillegg til dette vil eg starte med ein presentasjon av det geografiske området for granskinga, for så å gi eit innblikk i byhistoria, slik at ein kan sjå dagens samfunn og kanskje også språksituasjonen i ein utvida kontekst.

⁸ I kapittel 4 går eg nærmare inn på samanhangen mellom språk og identitet.

2.1 Geografi

Molde er ein by og kommune i Møre og Romsdal fylke på Nordvestlandet og ligg langstrekt og sørvend ved Romsdalsfjorden. Byen vert rekna for å vere regionsenteret i Romsdal. Som kommune grensar Molde til Fræna, Aukra, Gjemnes og Nesset. Langs sjøfronten er nabokommunane Rauma, Midsund og Vestnes.

Figur 1: *Molde i Møre og Romsdal*⁹



Byen Molde strekker seg langs sjøkanten frå Mek (vest) til Strande (aust). Bustadane er vende mot fjorden og moldepanoramaet med over 300 fjelltoppar.¹⁰ Sentrum svarar til det området som er merkt ”Molde” i figur 2 nedanfor.

Figur 2: *Molde by*



⁹ Kvasir. Kart. [Lasta ned 10.10.2013]. Karta til Figur 1 og Figur 2 er henta frå denne tenesta.

¹⁰ Molde bymuseum. *Molde i dag*. [Lasta ned 09.12.2013]

Per 1. januar 2012 har SSB registrert seks tettstader i Molde kommune:¹¹ Molde (20 132 innbyggjarar), Hjelset (1 088 innbyggjarar), Kleive (493 innbyggjarar), Hovdenakken (308 innbyggjarar), Nesjestranda (411 innbyggjarar) og Torhaug (244 innbyggjarar). Dei to områda Mek og Røbekk vart før rekna som tettstader, men er no innlemma i hovudtettstaden Molde etter kvart som kommunen har vakse i størrelse. SSB opererer med desse tettstadskriteria:¹²

En hussamling skal registreres som et tettsted dersom det bor minst 200 personer der, og avstanden mellom husene skal normalt ikke overstige 50 meter. [...] Husklynger som naturlig hører med til tettstedet, tas med inntil en avstand på 400 meter fra tettstedskjernen. De inngår i tettstedet som en satellitt til selve tettstedskjernen (Statistisk sentralbyrå, SSB, 2012)

Det er viktig å merke seg dette skiljet mellom Molde som kommune og tettstad (by). Både i skildringa av samfunnsforhold og dialekt, men også elles i oppgåva, er det byen eg reknar som granskingsområde. Når eg omtalar Molde, er det altså byen eg refererer til med mindre anna vert opplyst.

2.2 Byhistorie

2.2.1 Molde før 1900

Fjorden og fisket har alltid spela ei viktig rolle for byane langs kysten, og sjøen hadde ein viktig funksjon som både matfat og ferdaveg. Den fyrste gongen namnet Molde er nemnt i skriftlege kjelder, er det som gardsnamn i ei skattelite frå 1520. ”På Molle” budde Gulbrand i rett gode kår, etter skatten å døme (de Seve 1992a:19). Namnet Molde kjem også av gno. *moldar, mold*, god jord for planter å gro i. På 1500- og 1600-talet vart trelasthandelen svært viktig. Det var hollendarar og engelskmenn som var dei største kundane (Sandøy 2011:205). I si oppgåve om Molde bymål har Nødtvedt sett på manntalet frå byen sine tidlegaste år. I manntalet står det skrive at det i åra 1664 – 1666 budde 100 familiar i Molde, og at dei fleste av desse var innflyttarar (Nødtvedt 1991:15). På denne tida fekk innflyttarane som ikkje snakka romsdalsk, namn etter kvar dei kom frå, og såleis finn ein både Ola Sunnmøring, Ola Nordmøring og Jens Opplending i manntalet (*ibid*). I 1742 vart Molde etablert som kjøpstad med sagbruk og tømmerhandel som dei viktigaste næringane.¹³ Utover 1700-talet gjekk byen gjennom store endringar. Molde var amtshovudstad, og i tillegg til å ha statusen som

¹¹ SSB. *Tettsteder. Folkemengde og areal, etter kommune. 1. januar 2012*. [Lasta ned 20.10.2012]

¹² SSB. *Befolkning og areal i tettsteder, 1. januar 2012*. [Lasta ned 20.10.2012]

¹³ Store norske leksikon. *Molde*. [Lasta ned 20.10.2012]

handelsstad, vart byen også fort ein embetsmannsby. Etter kvart var det mange nok overklassefamiliar i byen til å danne eit sosisetatsliv (Sandøy 2011:210). Framleis var sjøen den viktigaste transportvegen til og frå byen, og på 1800-talet kom det gradvis store økonomiske interesse i fiskeria og i fiskeværa. Særleg sildefisket var viktig. I tillegg blomstra ei ny næring opp: turismen. I 1830 og 1835 skreiv dei to engelskmennene Barrow og Twinning reiseskildringar om besøk i Molde (de Seve 1992b:171). Utover 1850-åra begynte turismen for alvor å gjere seg til næring. Frodige blomsterhagar og parkar gjorde at byen etter kvart fekk hyppige besøk av turistbåtar, og Molde fekk kallenamnet "Rosenes by".¹⁴

2.2.2 Molde på 1900-talet og fram til i dag

Byrjinga av 1900-talet var merkt av optimisme i byen, og turistnæringa gjekk godt. Frå 1905 til 1913 skjedde det ei industrireising, då heile ti ny fabrikkar vart grunnlagde: Confectionsfabrikken (1905), Motorfabrikken A/S Gideon (1907), Romsdals Ullvarefabrikk A/S (1909), Rauma Støperi A/S (1909), Molde kommunale elektrisitetsnettverk (1910), Engstrups mekaniske verkstad (1911), Rauma Saftpresseri (1912), A/S Centralmeieriet, Romsdals amt Casseinfabrikk og Solemdals Møbelfabrikk (Nødtvedt 1991:18). I denne perioden byrja også folketalet å stige merkbar (jamfør 2.3). Medan industrien blomstra, la fyrste verdskrigen ein dempar på turismen. I 1916 vart byen råka av bybrann. Dagen etter brannen låg ein tredel av byen i oske (Abrahamsen 1992:16). Mange av dei karakteristiske trehusa og hagane brann opp, men fabrikkane vart gjenreiste. Konfeksjonsindustrien, handelen og hotellnæringa trekte til seg svært mange kvinner til innflyttarbyen Mode, og i 1930-åra var tre av fire (!) kvinner innflyttarar (Nødtvedt 1991:35). Når andre verdskrigen kom over landet i 1940 vart Molde fullstendig rasert av bombeangrep grunna gulltransporten og kongeflukta. Etter krigen vart byen gradvis bygd opp att, denne gongen i mur. Industrien var den leiande drivkrafta. Dette vart den mest omfattande gjenreisingsperioden i historia til byen, og dei som levde under og rett etter krigen hugsar godt åra med brakkebygg.

Molde hadde ei stund ein omfattande konfeksjonsindustri, men i dag er det berre éin fabrikk att. Næringslivet har utvikla seg til å verte mest prega av rolla byen har som administrasjonssenter og forretningsby.¹⁵ I heile denne perioden heldt byen fram med å vekse i omfang, og bygrensene flytta seg stadig utover.


14 Store norske leksikon. *Molde*. [Lasta ned 20.10.2012]

15 Store norske leksikon. *Molde*. [Lasta ned 20.10.2012]

2.3 Demografi

Per 01.01.2013 har Molde kommune 25 936 innbyggjarar.¹⁶ Av desse bur om lag 80 % i byen. Molde er ein såkalla vekstkommune og er som dei fleste bysamfunn prega av folkevekst og tilflytting. For å gi eit bilete av korleis den historiske utviklinga har vore, vil eg vise folketalsauken i to periodar. Figur 3 nedanfor illustrerer utviklinga i folketalet i byen frå 1801-1960.¹⁷ Som grunnlag for samanlikning har eg tatt med tala frå dei to andre bykommunane i fylket, Ålesund og Kristiansund, i tillegg til tal frå heile Noreg (SSB).

Figur 3: Folketal i Molde, Ålesund, Kristiansund og Noreg, 1801-1960



* Folketalet i Noreg er for jamføringa her sin del dividert på 100

Tabellar med dei nøyaktige talverdiane frå folketeljingane i Molde, Ålesund og Kristiansund finst i vedlegg 1. For Kristiansund og Ålesund er veksten spesielt stor frå midten av 1800-talet og fram til dei fyrste åra av 1900-talet. Molde hadde ein svak folkeauke på 1800-talet, og den største vekstfasen begynte på 1900-talet. Utviklinga i dei tre byane viser alle ein klar positiv vekst i desse åra, jamvel om veksten har kome på forskjellige tidspunkt. Eg har ikkje lukkast i

¹⁶ SSB. *Folkemengd etter alder, kjønn, sivilstand og statsborgarskap, 1. januar 2013*. [Lasta ned 10.09.2013]

¹⁷ Intervalla er ikkje heilt jamne, det vil seie at intervalla mellom årstala for kvar måling ikkje er konsekvente. Det er desse åra vi har sikre data frå, og eg vel derfor å nytte same intervall som SSB gjorde i sine folketeljingar. Tal frå SSB er henta frå:

SSB. *Folketellingen 1. november 1960. 1502 Molde*. [Lasta ned 09.12.2013]

SSB. *Folketellingen 1. november 1960. 1503 Kristiansund N*. [Lasta ned 09.12.2013]

SSB. *Folketellingen 1. november 1960. 1501 Ålesund*. [Lasta ned 09.12.2013]

å finne sikre data frå *tettstadene* Molde, Ålesund og Kristiansund i denne tidsperioden, og grafen viser derfor tala for kommunane. Når ein brukar slike tal frå eldre folketeljinga, byr dei på ein del problem. Statistiskar i SSB Halvard Skiri skriv:

I historiske tabellar over folkemengda i fylke og kommunar er tala oftast gitt i samsvar med den kommuneinndelinga som gjaldt på teljingstidspunktet. For kommunar der grensene er endra, eksisterer det heilt samanliknbare tal, altså for same geografiske område, nesten berre dersom dei einskilte (overførde) områda er heile kommunar, sokn eller øyar. Dei omfattande kommunesamanslåingane og detaljerte grensendringane etter 1960 har med få unntak i praksis gjort det umogleg å konstruere pålitelege samanliknbare tal for alle nåverande kommunar som har eksistert etter 1960 (Skiri 2013:5)

Resultatet av endringar i dei geografiske inndelingane nytta i offisiell statistikk vert dermed at det oftast ikkje er mogleg å samanlikne ulike årgangar av statistikk. Dette vert relevant også for Ålesund, Molde og Kristiansund, som alle har vore gjennom større endringar i geografisk inndeling. Her har nye område stadig vorte innlemma eller utskilde. Dette kan slå ut som ”bråe” kurvar på grafen. Av denne grunnen valde eg å dele folketalsutvkinga inn i to tabellar (figur 3 og figur 5), der den eine går fram til 1960 og den andre byrjar i 1961. Den fyrste epoken endar då før den store kommunesamanslåinga frå 01.01.1964, og den andre begynner etter.¹⁸

Endringar av grensene fører ikkje berre til problem med å danne seg eit statistisk korrekt bilete; dei har ofte store språklege konsekvensar òg. Der dei viktigaste grensene før var naturlege i form av fjell, fjordar, dalar og liknande, er det dei menneskeleg skapte administrative grensene som kanskje har den største innverknaden i vår tidsalder. I Noreg er det til dømes tydeleg at varietetar oftast følgjer kommunegrensene. Nyare grenser er ofte uttrykk for kva sosiale samhandlingar som eksisterer. Ei grense, kommunal eller nasjonal, kan på mange måtar verke samlande på innbyggjarane og støtte opp om ei fellesskapskjensle innanfor eit visst geografisk område. Samstundes er det på det reine at slike grenser over tid skapar *lingvistisk divergens*¹⁹ mellom områda på dei to sidene (Hinskens, Auer og Kerswill 2008:29-31). Ved samanslåing av kommunar og innlemming av nye område er det derfor naturleg å vente språklege konsekvensar. Slike perspektiv er det viktig å ha i minnet når ein les og tolkar gammalt datamateriale i samband med talemålsutvikling.


Jamvel om bruken av eldre statistisk materiale ikkje er utan vanskar, hender det òg at ein finn nett det ein er på leit etter. For Molde by finst det sanneleg gamle folketeljingar som

¹⁸ Det vil seie at talet for 1971 i figur 5 representerer dei nye kommunane.

¹⁹ I Hinskens, Auer og Kerswill definerer *dialect convergence (dc)* og *dialect divergence (dd)* ”... as the increase and decrease in similarity between dialects” (2008:1).

berre gjeld sentrumskjerna. Her vart talet på innbyggjarar registrert, i tillegg til yrke, bustad, familie, inntekt og oppvekststad. Og det er ikkje berre variasjon i folketalet som er interessant, men også *kvar* innflyttarane på ein stad kjem ifrå. I periodar med folkeauke kan dette skyldast m.a. auke i fødsjar eller nedgang i talet på døde, men i svært mange tilfelle med større folkevekst er auka innflytting den viktigaste faktoren. Når menneske frå fleire ulike stadar og med ulike talemålsvarietetar kjem tett innpå kvarandre, får det gjerne språklege konsekvensar. Kva for varietetar som er med i miksen, og kor mange som snakkar dei, spelar ei viktig rolle for resultatet.²⁰ På bakgrunn av tal frå Nødtvedt (1991:29-35) og ei snittrekning på innflyttinga til Molde i desse periodane i Sandøys *Romsdalsk språkhistorie* (2011:300-301) kan ein illustrere samansettinga av befolkninga i Molde i åra 1865, 1900 og 1939 på denne måten:

Figur 4: Innbyggjarbakgrunn i Molde 1865-1939




Talet på moldensarar og menneske frå romsdalsbygdene utgjer det store fleirtalet, men likevel er det i snitt heile 31% ikkje-romsdalske. Bygefolket frå Romsdal utgjer om lag det same. Når to tredelar av innbyggjartalet var innflyttarar over ein så lang tidsperiode, er det naturleg at innflyttarane sette sitt merke på byen.

²⁰ I kapittel 4 går eg nærmare inn på språklege konsekvensar av varietetsblanding på eitt geografisk område.

Frå 1971 til 2013 voks folketalet i Molde frå 19186 til 25936. Dette tilsvarar ein auke på 35 % på 52 år. Til samanlikning kan ein legge merke til at folketalet i Noreg auka med 42 % i same periode.²¹ Figur 5 viser folketalsutviklinga i Molde, Ålesund og Kristiansund frå 1961 og fram til i dag:

Figur 5: Folketal i Molde, Ålesund, Kristiansund og Noreg, 1961-2013



* Folketalet i Noreg er for jamføringa her sin del dividert på 100

Tala bak figur 5 er henta frå SSB²², og dei eksakte tala står i vedlegg 1 (tabell 2). For Molde syner figuren eit tydeleg hopp i folketalet på 60-talet. Årsaka er kommunesamanslåinga frå 1. januar 1964, der delar av Veøy, Nord-Aukra og heile Bolsøy vart innlemma i Molde.

Kommunen fekk då heile 8861 fleire innbyggjarar og vart større i både areal og folketal. Etter dette har Molde halde fram med ein jamn positiv vekst. For Ålesund auka innbyggjartalet drastisk då tidlegare Borgund kommune vart slegen saman med Ålesund i 1968. Talet minka i 1976, då øya Sula vart skild ut att som eigen kommune. Ålesund har eit høgare folketal enn Molde, men elles liknar dei to vekstkurvene kvarandre i denne perioden. Kristiansund har på si side hatt periodar med negativ folkevekst, men dette endra seg då Kristiansund kommune vart slegen saman med Frei kommune frå januar 2008, og vekstkurva peikar no forsiktig oppover att.


²¹ Kjelde SSB. (Frå 3 568 000 innbyggjarar i 1961 til 5 051 275 i 2013).

²² SSB. *Befolkningsendringer i kommunene*. [Lasta ned 10.09.2013]. Figur 5 byggjer på utvalde årstal herifrå.

2.4 Næringsliv og sysselsette

Møre og Romsdal fylkeskommune har ved hjelp av tal frå SSB og Panda²³ utarbeidd ein fyldig årsrapport med kommunestatistikk for Molde kommune samanlikna med andre kommunegrupper, fylket og landet.²⁴ Statistikken er oppdatert per desember 2012.

Figur 6: Sysselsette i Molde



Figuren viser sysselsette etter arbeidsstad (Molde kommune). Talet har stige frå ca. 14700 i 2001 til nesten 17000 i 2011, med unntak av ein liten nedgang i åra 2004 og 2005. Talet på sysselsette har altså auka medan folketalet har gjort det same. Når sysselsette og folketal aukar samstundes, tyder dette på behov for arbeidskraft og nok ledige jobbar for innbyggjarane i samfunnet. Tala vitnar derfor om ein nokså god arbeidsmarknad. Når det er behov for arbeidskraft på ein stad, kjem gjerne fleire innflyttarar (med andre dialektar) til. Dette opnar også for språkendingar på sikt.²⁵ Dei sysselsette vil fordele seg ulikt på forskjellige næringer. Ved utgangen av 2011 såg næringsstrukturen i Molde kommune slik ut:

²³ Panda. *Om Panda*. [Lasta ned 11.12.2013]


²⁴ Møre og Romsdal fylkeskommune. 2013. *Kommunestatistikk for Molde kommune*. [Lasta ned 02.02.2013]

²⁵ I kapittel 4 går eg nærmare inn på dei prosessane som skjer når menneske med ulike dialektar møtest.

Figur 7: Næringsstruktur i Molde 2011



Næringsstruktur 2011



Sysselsette innanfor offentleg forvaltning og anna tenesteyting utgjer fleirtalet i næringslivet i Molde kommune. Her er tala høgare enn elles både i fylket og landet, noko som speglar Molde si rolle som administrasjonsby. Dei opphavlege næringane byen vart tufta på, nemleg skogbruk og fiske, er det svært fåe som arbeider med. Her ligg snittet langt under fylkesnormalen og landsnormalen. På den andre sida har industri og bergverksdrift fleire sysselsette i snitt enn elles i landet, jamvel om fylket som eining har fleire sysselsette på dette området totalt sett. Tala viser at næringsstrukturen til Molde kommune har endra seg mykje med åra, og at næringslivet er i stadig utvikling og tilpassing. Den positive utviklinga er ein viktig del av grunnlaget for folkevekst og tilflytting i byen. Det er viktig å hugse at figur 7 viser tala for heile kommunen, medan mitt granskingsområde er konsentrert til sjølve byen. Næringsstrukturen vist ovanfor treng derfor ikkje å vere eit nøyaktig bilete på korleis denne fordelinga er i bykjerna. Mellom anna er arbeidsplassane knytte til offentleg forvaltning og anna tenesteyting typisk funne i sentrum av Molde, medan jordbruk gjerne høyrer til utkanten. Dette kan ha innverknad på kva folk som buset seg i dei ulike delane av kommunen (med tanke på arbeid, alder, utdanning og anna), som igjen kan få konsekvensar for kven som då vil utgjere informantutvalet i ei sosiolingvistisk gransking.

2.5 Samfunnsstruktur

Når ein ser på strukturen i samfunnet ein granskar, går det eit viktig skilje mellom a) samfunn som fungerer som ein tilbydar av varer og tenester og er ein stad for avgjersler, og b) samfunn der innbyggjarane må reise andre stader for å få desse funksjonane (Sandøy 2008c:230-231). Enkelte studiar peikar på at mottakarar av varer og tenester kanskje har lettare for å vere mottakarar også på språkområdet.²⁶ Byar er typiske eksempel på samfunnstype a). Hit kjem folk for arbeid, kulturelle arrangement, helsetenester, skule, høgare utdanning og meir. Slik er det også med Molde. Som regionsenter i Romsdal vert byen eit naturleg sentrum for mange av nabokommunane, i tillegg til å vere ein viktig stad for avgjersler. Ein av dei viktigaste funksjonane Molde har som by, er å vere hovudsetet for fylkesadministrasjonen i Møre og Romsdal. I byen finst det også fleire fylkeskommunale og statlege institusjonar; mellom anna ligg Romsdal tingrett og Statens vegvesens regionkontor her. Molde har eige sjukehus (Molde under Helse Midt-Norge), som er ein viktig arbeidsgivar i helsesektoren. I tillegg er byen bispesete for Møre bispedømme. Det er to ungdomsskular i byen, Bekkevoll og Bergmo, og to vidaregåande skular: Molde og Romsdal. Molde vidaregåande skule var lenge det einaste gymnaset i fogderiet. Dette har prega mentaliteten i heile området, slik at inntrykket av Molde som regionby i Romsdal vart forsterka. På skulane i Molde er bokmål hovudmål, meda Fylkesadministrasjonen nyttar nynorsk. Utanfor sentrum finn ein også Høgskulen i Molde. Med sine 1500 studentar utgjer skulen saman med Møreforskning landets største miljø innan transport og logistikk.²⁷ Det meste av administrasjonen er samla i sentrum, medan sjukehuset ligg på vestsida av byen. Størstedelen av industrien finn ein langsmed sjøen på austsida av byen.

2.6 Reiseruter og pendlestatistikk


Dei viktigaste kommunikasjonsmidla til og frå Molde er bil, buss, båt og fly. Flyplassen ligg på Årø, seks kilometer unna sentrumskjernen. Her går det direktefly til andre byar og nokre charterturar til utlandet. Det går hurtigbåt frå sentrum til Vikebukta, og ferje til Vestnes og øya Sekken. Molde har også ringbuss i tillegg til andre regionale busslinjer som går frå rutebilstasjonen. Det er gode kommunikasjonar ut av byen, men samstundes er det mange som kjem inn også, og som pendlar dit kvar arbeidsdag. I oktober 1990 opna Tussentunnelen

²⁶ Meir om dette i avsnitt 4.5.1 - Kva rolle spelar byen?

²⁷ Molde kommune. *Videreutdanning og høyskoleutdanning i Molde*. [Lasta ned 15.12.2013]

mellom Malmedalen i Fræna og Årødalen i Molde. Pendling frå Fræna til Molde vart straks mindre tidkrevjande. Byen har lenge spela ei viktig rolle som arbeidsplass for fleire av innbyggjarane i nabokommunane. Møre og Romsdal fylkeskommune gir denne oversikta over pendlinga til og frå Molde kommune :

Figur 8: Inn- og utpendling til Molde 2011



Figur 8 viser tydeleg at innpendlinga til Molde er langt større enn utpendlinga, med Fræna som største innpendlarkommune. Utpendling samanlagt er – 1022, medan innpendling samanlagt er + 4023. Totalt gjev dette + 3001 menneske til Molde kvar arbeidsdag. Statistikken viser at Molde har ein viktig posisjon som verdiskapar og arbeidsmarknad også for dei kringliggjande kommunane. Om ein lit på teorien om at mottakarar av varer og tenester også kan vere mottakarar på språkområdet (jamfør 2.6), kan innpendlinga av arbeidarar også ha språklege konsekvensar, både ved varietetsblandinga som oppstår (jamfør 2.3) og ved at arbeidarane tek til seg nye språklege (by-)trekk.

2.7 Kulturliv

I alle samfunnsskildringar må ein ta val om kva fenomen ein vil framheve, men også kva ein må utelate. Å framstille språkleg uavhengige, operasjonaliserbare og etterprøvbare faktorar som gjer samanlikning av kulturlivet på tvers av fleire språksamfunn mogleg, er enno ikkje utbreidd praksis i sosiolingvistiske granskningar. Dialektendringsprosessar har som delmål å

utarbeide ei slik oversikt, men arbeidet er foreløpig på idéstadiet. Slik har det vorte at dei fleste sosiolingvistiske oppgåver gir ei skildring av kulturlivet på staden dei granskar for å (jamfør innleiinga) ”forstå rammene som grupper og individ forstår seg innafor”. Dette er sjølvsagt viktig i seg sjølv, men faktorane som har vore trekte fram, har vore tilfeldige og i høg grad varierende i omfang. Ei eventuell samanlikning av kulturlivet på ulike granskingsstader vert dermed ikkje føremålstenleg. Samstundes har andre grupper innanfor samfunnsvitskapleg forskning arbeidd med ei rangering av kulturlivet etter målbare faktorar. Forskingsinstituttet Telemarksforsking²⁸ har sidan 2011 kome ut med *Norsk kulturindeks*. I Norsk kulturindeks 2013²⁹ reknar dei ut norske kommunar si totale plassering på indeksen ved å sjå på dei ti faktorane *kunstnarar, kulturarbeidarar, museum, konsertar, kino, bibliotek, scenekunst, kulturskular og Den kulturelle skulesekken, sentrale tildelingar og frivilligheit* (Norsk kulturindeks 2013:6). Utgangspunktet for utrekninga er å sjå på ei rekke kvantitative datakjelder som skildrar kulturlivet kommunevis. Alle dei ti kategoriane er vekta likt, men delindikatorar innanfor kvar kategori er vekta ulikt (*ibid*).

Bak ei slik gransking ligg store mengder datainnsamling og rapportering, og registerdata er samla inn frå både offentlege etatar, interesseorganisasjonar og foreiningar. Tilgangen på kvalitetssikra kvantifiserbart datamateriale er langt større enn det er mogleg å hente inn i til dømes ei masteroppgåve. Eg ønskjer her å nytte *Norsk kulturindeks* som ei objektiv, uavhengig kjelde til å seie noko om kulturlivet i Molde. Jamvel om indeksen berre seier noko om *dei ti aktuelle faktorane* og ikkje kulturtilbodet elles, og dermed har sine klare avgrensingar, mogleggjer han også samanlikning av kulturlivet i ulike språksamfunn. Eg ser derfor på rapporten som eit godt utgangspunkt for å kunne seie noko *generelt* om nivået på kulturlivet på granskingsstaden. Samstundes er eg klar over at det manglar informasjon om idrett, festivalar og anna i indeksen. På lista med total plassering i *Norsk kulturindeks*, som då altså er summen av dei ti kategoriane nemnde ovanfor, er Molde nummer 25 på lista over landets 428 kommunar.³⁰ Nummer éin er beste plassering. Kulturindeksen gir slik ei stadfesting på at Molde kommune sett i forhold til landet elles har eit rikt og variert kulturliv.

Det er ulike grunnar til at Molde kommune skårar høgt på denne indeksen. For byar er det ofte slik at dei generelt får fleire tilreisande enn andre tettstader, sidan ein finn ei ”oppopping” av tenester og tilbod i desse samfunna. Molde spelar ei rolle som kulturelt senter også for ein del av dei omliggjande kommunane. Det største trekkplasteret i byen er den

²⁸ Telemarksforsking. *Telemarksforsking*. [Lasta ned 12.12.2013]

²⁹ Norsk kulturindeks. *Norsk kulturindeks 2013*. (Telemarksforsking). [Lasta ned 12.12.2013]

³⁰ Bård Kleppe, prosjektleiar for Norsk kulturindeks. Informasjon per e-post.

internasjonale jazzfestivalen Moldejazz, arrangert kvar juli. Festivalen pleier å ha rundt 100 000 gjestar.³¹ Også Bjørnsonfestivalen, Moldes litteraturfestival, trekker ein del folk til området. Dei siste åra har også Innflyttarfestivalen stadig vakse i omfang. Byen har gjennom lang tid husa ein del litterære personlegdomar, og mest kjend er Bjørnstjerne Bjørnson. Frå samtida vert gjerne Jo Nesbø trekt fram, fordi han hadde barndomen sin i Molde. Innbyggjarar og vitjande kan få innsikt i lokalhistorie og lokal levemåte på Romsdalsmuseet.³² Museet vart oppretta alt i 1912 og har i dag status som regionmuseum for Aukra, Fræna, Molde, Midsund, Nesset, Rauma, Sandøy og Vestnes. Molde har òg sitt eige bymuseum, som er eit vandrane museum med eigen byvandringskomité. Regionteateret finn ein også her. På idrettsfronten er det gjerne Molde Fotballklubb (MFK), som er det mest kjende laget utanfor byen sine grenser. Fotballinteressa vert ofte karakterisert som stor hjå innbyggjarane. Fotballen har også ført til ei sportsleg rivalisering, ein slags naboopposisjon, mot Ålesund og Trondheim. Elles er det mange fritidstilbod i Molde. Kulturskulen tilbyr opplæring i kunst og musikk, og mange organisasjonar har lokallag i byen. I tillegg kjem alle dei ulike idrettstilboda. Det er ofte konsertar og utstillingar på gang, eller arrangement i regi ulike foreiningar. Byen har også eigen kino. På Molde kommune sine heimesider om kultur³³ finn ein ei oversikt over alle registrerte lag og organisasjonar, som er for talrike til å ha med i dette oversynet. I tillegg til desse ikkje-språklege kulturfaktorane finst det også to massemedium i Molde som kan ha ein viss påverknad på språket i området: Det eine er regionavisa *Romsdals Budstikke*, og det andre er radiokanalen 1 FM. Romsdalsk Budstikke begynte å kome ut alt i 1843 og dekkjer kommunane Molde, Rauma, Vestnes, Aukra, Misund, Fræna, Eide, Sandøy, Nesset og Gjemnes.³⁴ Avisa inneheld artiklar på både nynorsk og bokmål, der bokmålsartiklane er i eit klart fleirtal. Den lokale radiokanalen 1FM er den største kommersielle radiostasjonen i Molde-regionen og har lenge vore blant dei tre største lokalradioane i landet. I dekningsområdet sitt er dei større enn P4, Radio Norge og P3.³⁵ 1FM dekkjer kommunane Molde, Fræna, Vestnes, Aukra og Midsund. Kanalen skil seg ut frå dei landsdekkjande kanalane spesielt på eitt punkt: Her er svært mykje av reklamen på dialekt. Denne dialekten skal vi no sjå nærmare på.

³¹ Moldejazz. *Funksjonær*. [Lasta ned 13.09.2013]

³² Romsdalsmuseet. *Romsdalsmuseet*. [Lasta ned 13.09.2013]

³³ Molde kommune. *Kultur, idrett og fritid*. [Lasta ned 13.09.2013]

³⁴ Store norske leksikon. *Romsdals Budstikke*. [Lasta ned 15.12.2013]

³⁵ Radionytt. 2013. *Ny morgenvert i 1FM Molde*. [Lasta ned 19.09.2013]

3 – MOLDE BYMÅL

3.1 Innleiing

Dette kapittelet skal fungere som ei enkel innføring i språkssystemet Molde bymål.³⁶ Fyrst skal vi kjapt sjå på moldedialekten saman med dei andre romsdalske dialekttypane, slik at vi kan plassere moldedialekten i eit større dialektlandskap. Deretter vil eg presentere ei grammatikkskisse for bymålet.

3.2 Om målføra i Romsdal og Molde bymål

Det området som i dag utgjer fylket Møre og Romsdal, var frå gammalt av inndelt i tre fogderi: Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Framleis er dette rekna som dei tre hovudområda innanfor fylkesgrensa. Møre og Romsdal grensar mot Sogn og Fjordane i sør, Oppland i aust og Sør-Trøndelag i nord. Om ein ser på språklege forhold, vert talemålet på Sunnmøre og i Romsdal rekna til det vestnorske målføreområdet, medan talemålet på Nordmøre vert rekna til det trøndske. Med Romsdal sin posisjon midt i grenseland mellom ulike målområde, er det naturleg at viktige særdrag i dialekten peikar i ulike leier. Det er hovudsakleg *strukturen* i grammatikken som gjer at romsdalsk vert rekna som ein vestlandsdialekt, men *lydleg* er det opplagt ein del særdrag felles med nordmørsk – og med gudbrandsdalsk (Sandøy 2011:28). Tidlegare har det vore ein viss kontakt mellom Nord-Gudbrandsdalen og Romsdal, mellom anna i samband med Romsdalsmartnan på Åndalsnes, der folk møttest for handel heilt sidan vikingtida.³⁷ Største påverknaden kjem likevel frå dei andre vestnorske og dei trøndske måla. Typiske romsdalske målmerke er mellom anna retrofleks flapp (”tjukk l”) og andre retrofleksar, som ein òg finn i nordmørsdialekten. Desse konsonantlydane manglar nesten heilt på Sunnmøre og lengre sør (Nødtvedt 1991:38).³⁸ Samstundes høyrer romsdalsdialekten til e-måla, og alle verb i infinitiv har derfor e-ending. Dette er felles med sunnmørsmåla (og mange andre). Eikesdalingane utgjer eit lite unntak her, for dei har ein del infinitivar som minner om kløyvd infinitiv (Sandøy 2011:28). Det trekket dei aller fleste peikar på som mest typisk for Romsdalen, er likevel bruken av /i:/ som 1. person eintal personleg pronomen. Men heller ikkje dette trekket er eksklusivt: Det er felles med nordmøringane i Sunndalen,

³⁶ Dialektområdet skissa dekkjer, svarar til det geografiske området eg reknar som Molde by (jamfør 2.1).


³⁷ Romsdalsmartnan. *Om oss/åpningstider*. [Lasta ned 10.01.2013].

³⁸ Det stemmer likevel ikkje heilt, for vi finn retroflektering enkelte stadar på Norde Sunnmøre.

gudbrandsdalingane på Lesja og trønderane i Snåsa og Lierne i Trøndelag (Sandøy 2011:15).

I *Romsdalsk språkhistorie* (2011:41) deler Helge Sandøy Romsdalen inn i fem hovud-dialektområde: *A* - Vestre romsdalsk, *B* - søre romsdalsk, *C* - fjordadialekten, *D* - ytre romsdalsk og *E* - moldedialekten.³⁹

Figur 9: Inndeling av Romsdalen i mindre dialektområde



Her vil moldedialekten (*E*) utgjere eit eige område lengst vest i *C* – fjordadialekten. At byar stikk seg ut som ei ”dialektøy”, skild vekk frå omlandet, er vanleg. Bymåla er gjerne prega av grammatisk forenkling, språklege kompromissformer, påverknad frå større byar og skriftmål, for å nemne noko. Ofte finn ein også ei slags avstandsmarking mellom byar om omlandet. I kapittel 4 går eg nærmare inn på slike typiske kjenneteikn ved talemålet i byane.

I gjennomgangen av byhistoria til Molde vart det klart at bybiletet lenge har vore prega av innflyttarar, og at dette også har sett sine spor i språket. Som amtshovudstad og seinare viktig administrasjonsby drog byen til seg innflyttarar frå heile landet (jamfør avsnitt 2.3). Innflyttarane hadde gjerne ”statusyrke” og var til dømes prestar, legar eller lærarar. Dei hadde igjen sine ulike varietetar, men ”skriftlærde” og danna som dei var, vart ofte talemålet supplert med ord frå riksmål/ bokmål (Nødtvedt 1991:62). Moldensarane med sin romsdalsprega dialekt oppfatta det slik at innflyttarane snakka ”fint” (*ibid*). I bysamfunnet var det etter kvart altså to ulike *sosiolektar*, der bruken var sosialt avhengig. Snart utvikla det seg

³⁹ Interesserte kan lese meir om dei fem ulike typane romsdalsk - kva dei har sams og kva som skil dei - i Helge Sandøys *Romsdalsk språkhistorie* 2011:25-49.

slik at innbyggjarane av høgare rang, anten innflyttarar eller innfødde, nytta ein høgstatusosiolekt som vart kalla *finmolding*⁴⁰, medan det resterande fleirtalet heldt seg til lågstatusosiolekten: det meir romsdalsnære gatemålet. I byar der ein har skilnader mellom ”det høgare talemålet” og ”bymålet” (eller gatemålet), vert det ofte rekna som ein *dialektal forskjell*, ”for forskjellen går på mange drag, og somme har enten den eine eller den andre dialekten som einaste talemål” (Sandøy 1996:100). I Molde var det nok også slik at somme heldt seg heilt til den eine eller andre av sosiolektane, men for andre var det like gjerne snakk om *meir og mindre* bruk av ein variant. Variasjon ved å endre bruksfrekvensen av ein variant er nettopp den vanlegaste måten å variere på (*ibid*). At folk blandar trekk frå to ulike sosiolektar, ser ein også andre stader i landet: Til dømes viste Agnete Nesse gjennom sine undersøkingar i Bergen at fleire av hennar informantar kombinerte trekk frå både gatebergensk og høgbergensk (1994). Når eg omtalar moldedialekten, inkluderer eg begge dei to sosiolektane, slik at det altså i praksis er *geolekten* i Molde by (tilsvarande det geografiske området presentert i 2.1) eg refererer til. Når eg vil skilje dei to sosiolektane, nyttar eg omgrepa *høgstatusosiolekten* og *lågstatusosiolekten/ gatemålet*.⁴¹

I moldematerialet frå 1989 og 2013 finn ein både høgstatusformer og lågstatusformer (som kan knytast til anten høg- eller lågstatusosiolekten som fanst på tidspunktet for granskinga). Det er ikkje utan utfordringar når ein skal lage ei grammatikkskisse. I framstillinga av moldedialekten i dette kapittelet ønskjer eg at skissa skal kunne fungere som ei innføring i språkssystemet nytta i Molde, i tillegg til å vere referanse for resten av oppgåva. For å få framstilt dette systematisk, må ein oversjå mykje av den variasjonen som finst i språket; ein må *generalisere* og *idealisere* (Sandøy 1982:4). I skissa vert derfor hovudvekta lagt på det tradisjonelle fleirtalsmålet, og både aldersvariasjon, høgstatusformer og eventuelle innflyttarformer med meir, vert utelatne frå tabellane. Frekvente former som skil seg frå hovudbøyingmønsterane, kommenterer eg i staden separat. Grammatikkskissa tek utgangspunkt i talemålet til generasjonen av moldensarar som er fødde på seksti- og syttitalet, og som er midaldra no. Å gjere det på denne måten gir betre einskap i framstillinga. Som utgangspunkt for skissa har eg støtta meg på arbeida til Sandøy (1982, 2011) og Nødtvedt (1991) i tillegg til å kontrollere arbeidet ved hjelp av lydopptaka samla inn av Nødtvedt i 1989 og meg sjølv i 2013.

⁴⁰ *Molding* er eit bygderomdsdalsk ord for *moldensar*.

⁴¹ Det hender også at eg nyttar omgrepa *Molde høg/ det høgare talemålet* og *Molde låg* om dei to sosiolektane.

3.3 Lydverk

3.3.1 Foneminventar

Det finst ni vokalfonem i Molde bymål:

Tabell 1: *Vokalfonem*

	Framre		Midtre	Bakre
	urunda	runda		
Høg	i	y	ɥ	u
Midtre	e	ø		o
Låg	æ		ɑ	

I tillegg til desse finn ein også diftongane /ai/ (kai), /æi/ (brei), /æu/ (haug), /øy/ (køya), /oi/ (soy). /oi/ er sjeldan i bruk. Når det gjeld diftongane, er det særleg bruken av /æi/ og /æu/ som er verd å merke seg (Nødtvedt, 1991:46). Dei fleste ord som vert skrivne med *ei*, vert uttala med open [æi], til dømes vert *brei* uttala [bræi]. Ord som er skrivne med diftongen *au* i nynorsk og bokmål, har gjerne to alternative uttalemåtar hjå moldensarane: med diftongen [æu] eller monoftongen [ø]. På denne måten vert altså *graut* uttala [græu:t] eller [grø:t], medan *laust* vert [læu:st] eller [lø:st]. Realisering med monoftong vert typisk knytt til høgstatusosiolekten. Konsonantfonema kan framstillast slik:

Tabell 2: *Konsonantfonem*

	Labial	Alveolar	Postalv.	Retrofl.	Palatal	Velar	Glottal
Nasal	m	n					
Plosiv	p b	t d				k g	
Frikativar	f	s	ʃ		ç		h
Approksimantar	v				j		
Tapp el. flapp		r		ɽ ⁴²			
Lat. appr.		l					

⁴² Nødtvedt skriv at fonemet retrofleks flapp ("tjukk l") har ein varierende bruk i bymålet (1991:48). Sjølv nyttar eg ikkje tjukk l som variabel i granskinga mi, men mitt inntrykk er at retrofleksen normalt er gjennomført i (så godt som) alle tilfelle der romsdalsk bygdemål har tjukk l.

Fonema definerer ein normalt som ”ei minste tydingsskiljande lydeining” (Sandøy 1996:28). I Molde bymål vert enkelte konsonantsamband uttala retroflekst, som den fonologiske regelen F2 nedanfor gjer greie for. Figuren er utarbeidd etter same prinsippet som i Helge Sandøys *Talemål* (1996:46), og her vert ikkje retrofleksane rekna som eigne fonem. Ein uttale med til dømes /r/ + alveolar finst ikkje i Molde, slik at ein tydingsskiljande opposisjon mellom /rt/ og /ʁ/ er umogleg. Ein kan slutte seg til retrofleks-realiseringsregelen på grunnlag av den fonologiske regelen F2 og det aktuelle fonemsambandet. Sandøy definerer dermed eit fonem som ”ei minste tydingsskiljande lydeining som vi ikkje kan slutte oss til” (ved hjelp av fonologiske reglar) (*ibid*). Av denne grunnen er retrofleksane, med unntak av retrofleks flapp, utelatne frå oversynet over foneminventaret. *Allofonane*, altså den konkrete uttalen, er det dei *fonologiske reglane* som gjer greie for.

3.3.2 Fonologiske reglar

Det er seks fonologiske reglar i moldedialekten. I tilfeldig rekkefølge og nummererte frå F1 til F6 lyder dei slik:

F1: Avstemming. *g* vert til *k* og *v* til *f* før ustemd konsonant:

/¹tryg/ *trygg* mot [¹trykt] *trygt*, og /¹li:v/ *liv* mot [¹lifsti:] *livstid*.

F2: Når *ʁ* eller *r* står framom *t*, *d*, *n*, *l* eller *s*, vert konsonantsambandet uttala retroflekst:

/gʁ:t/ *gult* → [¹gʁ:t], /bart/ *bart* → [¹bat], /ba:rnoʁ/ *barnål* → [²ba:rnoʁ].

F3: Syllabisering. Etter /t, d, s, n, l, r, ʁ/ og vokal blir den trykklette stavinga /en/ til /ɲ/:

/¹bo:ten/ *båten* → [¹bo:tɲ], /¹stalen/ *stallen* → [¹stalɲ]

F4: Fonemet /e/ blir til [ɛ] i kort uttale:

/se:r/ *ser* i presens vert til [¹sɛt] *sett* i perfektum partisipp.

F5: Sentralisering. Trykksvak /e/ blir uttalt /ə/ i endestaving:

/hæi:te/ *heite* → [²hæi:tə].

F6: Vokalkorting i stammeutlyd. Trykktung monoftong i stammeutlyd vert forkorta når han kjem beint framom endingar med /d/ eller /t/:

/no:r/ *når* i presens vert til [²nodə] *nådde* i pret. og [¹nod] *nådd* i perf.

3.4 Bøyingsverk

3.4.1 Substantiv

Substantivbøyinga i moldedialekten høyrer til dei enklaste i landet og ser slik ut:

Tabell 3: *Substantivbøying*

KLASSE	EINTAL		FLEIRTAL	
	Ubestemd	Bestemt	Ubestemd	Bestemt
M-sterk (eks: båt)	-	- en	- a	- an
M-svak (eks: hage)	- e	- en	- a	- an
F-sterk (eks: bygd)	-	- a	- a	- an
F-svak (eks: jente)	- e	- a	- a	- an
N-sterk (eks: tak)	-	- a	-	- an
N-svak (eks: stykke)	- e	- a	- a	- an

Dette er dei mest utbreidde mønstera, men i tillegg er det somme som i hokjønn-, hankjønn- og svake nøytrumsord nyttar –er i ubestemt form fleirtal, og –ene i bestemt form fleirtal. Dei seier til dømes /gøter/ [gøtər] og /gøtene/ [gøtə]. Slike former er typisk assosierte med høgstatusosiolekten. Nødtvedt viste også med si gransking at svake nøytrumsord i bestemt form fleirtal kan ha alternativ bøyingsending -/a/ (1991:51).

3.4.2 Verb

Tabell 4: *Verbbøying, sterke verb*

STERKE VERB				
Klassenummer og døme	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perf.
1. bite	² bi:te	bi:t	bæi:t	² be:te / bit
2. bryte	² bry:te	bry:t	bræ:t	² brø:te / bryt
3. finne	² fine	fin	fan	² fune
4. bære	² bæ:re	bæ:r	bå:r	² bu:re / bæ:rt
5. ete	² e:te	e:t	o:t	² e:te
6. fære	² fæ:re	fæ:r	fu:r	² fu:re / fæ:rt

I tabell 4 (sterke verb) har eg valt å fylle inn heile døme i staden for bøyingsmønster. Dette er fordi det i dei sterke verba berre er infinitiv og perfektum partisipp som har ending, medan resten går på vokalskifte i verba. Dei linne verba vert bøyde etter desse mønstera:

Tabell 5: *Verbbøying, linne verb*

LINNE VERB				
Klassenummer og døme	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perf.
1. <i>kaste</i>	-e	-e / -a	-a	-a
2. <i>dømme, høre, bruke,</i>	-e	-e	-te	-t
3. <i>bygge, greie</i>	-e	-e	-de	-d
4. <i>nå, ro*</i>	-	-r	-de	-d

*Fonologisk regel om vokalkorting (F6) gjer seg gjeldande i pret. og perf.pts.

Også her viser bymålet eit enklare system enn resten av romsdalsmåla. I dei andre kringliggjande romsdalske dialektane finst det heile seks ekstra hovudmønster for bøyingar av linne verb (Sandøy 2011:188). I presens i 1., 2. og 3-klasse kan ein i høgstatusosiolekten også finne [ər]-endingar. Det same gjeld i klasse 1-4 for sterke verb.

3.4.3 Adjektiv

Tabell 6: *Adjektiv*

Døme	EINTAL			FLEIRTAL
	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	
<i>stor</i>	stu:r	stu:r	stu:rt	² stu:re
<i>rik</i>	ri:k	ri:k	ri:kt	² ri:ke
<i>vaksen</i>	² voksen	² voksen	² voksent	² voksne

I gammal romsdalsk adjektivbøying ville dei tre adjektiva *stor*, *rik* og *vaksen* ha ulike endingar i hankjønn, hokjønn og inkjekjønn i fleirtal (Sandøy 2011:232). I moldedialekten i dag er mønsteret sterkt forenkla med nullending i hankjønn og hokjønn, *t*-ending i inkjekjønn og *e*-ending for alle kjønna i fleirtal.

3.4.4 Pronomen

Personleg pronomen:

Tabell 7: *Personleg pronomen*

	EINTAL			FLEIRTAL		
	1. person	2. person	3. person	1. person	2. person	3. person
Nominativ	i:	dæ:	han, hu:, de:	vi:	doker	dæm
Akkusativ	me:	de:	han, hu:, de:	os	doker	dæm

Det mest markante skiljet mellom sosiolektane i Molde ligg i bruken av personleg pronomen, 1.person eintal: I høgstatusosiolekten er det her /jei/ og /mei/ som er føretrekte.

3.4.5 Determinativ

Demonstrativar:

Tabell 8: *Demonstrativar*

EINTAL			FLEIRTAL
Hannkjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	
(dæn)na	(dæn)na	(dæt)ta	(dæs)sa

Possessivar:

Tabell 9: *Possessivar*

	EINTAL			
	Hankjønn	Hokjønn	Inkjekjønn	Fleirtal
1.person	min	mi:	mit	² mi:ne
2. person	din	di:	dit	² di:ne
3. person	has, sin	henes, si:	sit	² si:ne
FLEIRTAL				
1.person	vo:r	vo:r	vort	² vo:re
2.person	² dokef	² dokef	² dokef	² dokef
3.person	² dæmers	² dæmers	² dæmers	² dæmers

Både for pronomen og determinativ kan ein elles i høgstatusosiolekten finne former som alle er synonyme med bokmål/ riksmål. På denne måten kan /doker/ bli realisert som /de:re/.

4 – TEORI

4.1 Innleiing

Språket er eit svært komplekst fenomen. Som språkbrukarar tek vi på oss vi fleire ulike roller etter kva kommunikasjonssituasjon vi plasserer oss i, og dei språklege vala varierer med kven som er samtalepartnaren vår. Samstundes er andre faktorar som alder, kjønn og geografisk plassering – for å nemne nokre – viktige for korleis vi spelar rollene i dei ulike situasjonane. I dette kapittelet vil eg presentere nokre grunnleggjande teoriar om språkleg variasjon og endring. Det er vanskeleg å sjå at ein enkelt teori aleine skal kunne dekke alle aspekt ved talemålsendring, og det teoretiske stoffet er dermed tilpassa problemformuleringa til oppgåva og metoden som vart nytta under datainnsamlinga. Hovudfokuset vil vere på årsaker til språkleg variasjon og endring i individet, og mest av alt i kollektivet. Kapittelet munnar ut i ein presentasjon av sosiale variablar i denne oppgåva i tillegg til fem hypotesar om kva funn eg kan vente meg frå granskinga i Molde.

4.2 Språkleg variasjon

4.2.1 Mellom individet og kollektivet

I innleiinga til oppgåva vart det presentert eit kort overblikk over sosiolingvistikken si historie internasjonalt og nasjonalt. Etter kvart som fagfeltet har utvikla seg, har det gradvis utkrystallisert seg to ytterpunkt hjå forskarane når det gjeld synet på språket som sosialt fenomen. Lett karikert kan ein seie at William Labov representerer tanken om at språket som sosialt fenomen må studerast med utgangspunkt i språksamfunnet, medan Richard A. Hudson representerer tanken om at språket som sosialt fenomen må studerast med utgangspunkt i språkbrukaren (Hernes 2005: 145). I eit labovsk paradigme er språket som sosialt fenomen ”berre interessant på eit kollektivt nivå, der det kan studerast som sosialt relaterte variasjonsmønster” (Hernes 2005:146). Både Labov og Hudson har sjølv sagt meir nyanserte syn enn ei slik inndeling gjev dei ære for, som berre er sett opp slik for å tydeleggjere motsetnaden mellom dei to innfallsvinklane til språkstudium. Sett i lys av slike ytterpunkt, kan ein likevel seie at oppgåva mi plasserer seg i den labovske tradisjonen meir enn i Hudson sin. Både metoden eg har nytta (kvantitativ undersøking), og problemformuleringa er farga av

at kollektivet vert hovudfokus i denne granskinga. Dette er fordi eg vil sjå på endring i språklege mønster i dialekten – som er eit kollektivt fenomen. Eg meiner likevel det er fruktbart å ta med teoriar om språkleg variasjon og endring både på mikro- (individnivå), meso- (gruppenivå) og makronivå (storsamfunnet), jamvel om hovudfokuset ligg på makronivået. Slik vert det danna eit meir utfyllande bilete av språket som sosialt fenomen mellom individet og kollektivet. Ulike innfallsvinklar skapar også grobottn for utvida diskusjon, som er særleg aktuelt for resultatanalyse. Som ein start på kapittelet skal vi sjå på ulike typar variasjon ein finn i eit språksamfunn.

4.2.2 Intraindividuell og interindividuell variasjon

Endringar i språket har tradisjonelt vore fokus i svært mange vitskaplege undersøkingar, medan *variasjonen* tidlegare har fått mindre merksemd. Oftast vart språk og dialektar skildra som homogene system (Røyneland 2005:33). Å sjå på språket på eit gitt tidspunkt som statisk med eit tenkt homogent lingvistisk system, medverka utvilsamt til å gjere komparative undersøkingar frå ulike tidsrom enklare. Meir problematisk vart det då ein skulle forsøke å forklare pågåande endringsprosessar. I 1968 lanserte Uriel Weinreich, William Labov og Marvin Herzog ein teori om språkleg endring der variasjon spela nøkkelrolla: ”Not all variability and heterogeneity in language structure involves change; but all change involves variability and heterogeneity” (Weinreich, Labov og Herzog 1968:188). Dei meinte altså å observere at variasjon og heterogenitet ikkje berre var ein heilt naturleg del av språkstrukturen, men at det var ein konsekvens av språklege endringar. I dag tek ein med i berekninga at alle menneske har fleire måtar å uttrykkje seg på, og at språkbrukarane tilpassar talemåten til situasjonen dei er i. Variasjon er ein naturleg del av samspelet mellom deltakarane i eit språksamfunn. Språkbrukarane har evne og dugleik til å velje mellom og kjenne att kva for variantar, og kanskje også varietetar, som passar i forskjellige situasjonar. I tillegg har dei kunnskap om kva handlingar som kan verte utløyste av det som er sagt. Samla utgjer dette mennesket sin sosiolingvistiske kompetanse (Røyneland 2008a:29).

I dette ligg innsikta om at medlemmar av det same språksamfunnet ikkje snakkar heilt likt, og i sosiolingvistikken skil ein også mellom ulike typar variasjon. Variasjonen ein finn hjå eitt og same individ, er kalla *intraindividuell variasjon* (Røyneland 2008a:30). Den intraindividuelle variasjonen kan vise seg på fleire måtar og avhenge av til dømes situasjon eller livsfase. Eit av dei tydelegaste døma på intraindividuell variasjon finn ein blant

tospråklege individ, som gjerne snakkar to vidt ulike varietetar heime og på skule eller arbeid. Samstundes som ein og same person har mange ulike språklege register å spele på, finn ein òg klare variasjonsmønster på mesoplanet for korleis språkbrukarane generelt oppfører seg. Dei mønstra ser ein gjerne når ein deler opp populasjonen etter ulike sosiale variablar. Kjønn, alder og sosial klasse er typiske faktorar som har vist seg å spele ei stor rolle for talemålet (jamfør avsnitt 4.5). Ein slik variasjon mellom deltakarene i det same språksamfunnet er kalla *interindividuell variasjon* (Røyneland 2008a:30).

4.2.3 Normer, identitet og haldningar

Omgrepet *norm* står ofte sentralt i framstillingar av språk i sosial kontekst, og er også nytta innanfor mange andre fagfelt. Den nøyaktige tydinga av omgrepet kan variere. Nynorskordboka⁴³ definerer norm slik: "(lat *norma* vinkelmål, rettesnor). Godteken regel, rettesnor, mønster, målestokk." Ordet "godteken" syner at *konsensus* er ein viktig del av normer, her forstått som konsensus mellom samfunnsmedlemmane. Sandøy tek utgangspunkt i individet i si oppleving av normer og definerer dei som "ei tru hos individet om kva som er forventa åtferd i kollektivet" (2008a:174). I denne definisjonen ligg innsikta om at normer dermed ikkje er noko ein kan observere direkte, men berre ha ei meining (ei tru) om. Nært knytt til dette er vår oppfatting av "det korrekte": Kva vi meiner er akseptabelt og uakseptabelt språk.

Språklege normer kan vere eksplisitte, til dømes i ei ordbok eller ein skriftleg grammatikk. Når ein set talemålet i samband med normer, er det dei *internaliserte* normene som er viktigast: Dei som er blitt ein del av språkbrukarane sitt verdisystem. Dei er ikkje formulerte nokon stad, men dei verkar "retningsgivande" på kva ein ser på som tenleg språkbruk i ulike situasjonar (Hernes 2006:64). Normene fungerer slik som språkleg kontrollinstans, og dei språkbrukarane som bryt med normene, vert gjerne møtte med sosiale *sanksjonar* (Vannebo 1980:3). Slik må ein språkbrukar også ha eit aktivt og fortolkande forhold til normer. Språklege normer spelar ei viktig rolle i språkendringsprosessar.

I nær samanheng med normer står vår eigen (språklege) identitet. Som menneske er vi deltakarar i ulike sosiale, kulturelle og geografiske fellesskap. Fellesskapet med andre menneske i slike relasjonar er eit viktig aspekt ved kven vi er: Vi *identifiserer* oss med andre individ eller grupper og skapar på den måten ein *gruppeidentitet* (Svennevig 2009:103). I

⁴³ Nynorsk- og bokmålsordboka. *Norm*. [Lasta ned 15.08.2013]

tillegg til gruppeidentiteten plasserer vi også oss sjølv i verda som individ; vi har vår eigen *individuelle identitet*:

The individual creates for himself the patterns of his linguistic behaviour so as to resemble those of the group or groups with which from time to time he wishes to be identified, or so as to be unlike those from which he wishes to be distinguished (Le Page og Tabouret-Keller 1985:181)

Utsegna viser at identitet inneber både individualitet og fellesskap, og at vi formar den språklege oppførselen vår etter kva gruppe vi ønskjer å identifisere oss med. Sandøy (1996:115) samanfattar forholdet mellom normer og identitet på denne måten:

I den sosialiseringssprosessen vi går gjennom når vi veks inn i samfunnet, får vi innlært normene og verdiane som rår i gruppa, og dei blir våre egne, slik at dei automatiserte reaksjonane våre og samhandlingsmønsteret vårt blir tilpassa gruppa. Dermed er vi ein integrert del av gruppa; der er vi akseptert og har vår plass, og der kjenner vi oss trygge. Med det får vi vår sosiale identitet knytt til denne gruppa.

På denne måten ser ein også at språket har ein klar *identifiseringsfunksjon*: Det fortel noko om kven vi er. I samband med tilhøyrse er det også vanleg å skilje mellom *verkeleg identitet* og *ønskt identitet*. Den verkelege identiteten finn vi i gruppa vi alt er sosialisert inn i, og som vi deler normer med. På same tid er det mogleg å ønskje seg til ei anna gruppe og å ville identifisere seg med gruppemedlemmane der. Dette kan vi oppnå ved å mellom anna endre på språket vårt slik at det tilpassar seg gruppa vi ønskjer å vere ein del av (Sandøy 1996:115). Skjekkeland (2009:140) viste med ei undersøking frå Agder at det var eit klart samband mellom det å vere knytt til heimstaden og det å ha mange tradisjonelle trekk i talemålet.⁴⁴ Graden av lokal identitet set merke på talemålet.

I samband med normer og identitet vil eg også ta opp fenomenet (*språklege haldningar*). Som med normer er det fleire moglege definisjonar av omgrepet ”haldning”. Oppenheim (1982) forklarar omgrepet slik:

A construct, an abstraction which cannot be directly apprehended. It is an inner component of mental life which expresses itself, directly or indirectly, through much more obvious processes as stereotypes, beliefs, verbal statements or reactions, ideas and opinions, selective recall, anger or satisfaction or some other emotion and in various other aspects of behaviour (Siter etter Garrett 2010a:19)

Innanfor sosiolingvistikken har studiar av haldningar stadig blitt viktigare. Den sentrale tanken i slike granskingar er at haldningar til eige talemål kan bidra til å forklare folk sine val av språklege strategiar. Språkhaldningane kan også ha ein del å seie for korleis ein vurderer

⁴⁴ Skjekkeland kallar lokalt orienterte (heimekjære) menneske for *homo domesticus* og (utovervende) menneske som heller ser fram til å kome i eit anna miljø for *homo dynamicus*.

samtalepartnaren sin. Det viser seg at folk jamt over, når dei vert spurde direkte, har ganske stor likskap i språkhaldningane sine, og at det er tydelege *stereotypiar* som går att (Sandøy 1996:118). Sørlandsk er gjerne oppfatta som ”blaut og mjuk”, medan trøndersk er ”morosam og artig” (*ibid*). I Molde kan ein sjå tendensar til slike haldningar når svært mange av informantane seier at dei ser på dialekten i nabokommunen Fræna som ”brei”.

Eit sentralt spørsmål i forskinga på haldningar er om dei eksisterer som eit relativt varig fenomen i menneskesinnet, eller om dei er meir flyktige av natur og berre er responsar i sosialt samspel med andre menneske (Lunde 2005:8). Innanfor sosialpsykologien finst det to syn på korleis haldningar er strukturerte: Ein kan sjå på haldningar som samansette eller ikkje samansette. Det fyrste er det vanlegaste, og ein deler då haldningar inn i tre komponentar: *kognisjon, affekt og oppførsel* (m.a. Lunde 2005, Johansen 2005, Garrett 2010a). Ein kognitiv komponent har med tankar og oppfatningar å gjere, og gjeld informasjonen og kunnskapsgrunnlaget vårt. Den affektive komponenten dreier seg om kjensler retta mot haldningsobjektet. Oppførselskomponenten⁴⁵ gjeld handlingsmønsterane våre, og spesielt ”the predisposition to act in certain ways” (Garrett 2010a:23). Tilpassa til å gjelde språklege haldningar spesielt, kan modellen sjå slik ut:

1) A cognitive component – the recognition of the social significance and appropriateness of a particular variety. 2) An evaluative component – evaluation of a variety on aesthetic grounds. 3) A conative component – the likelihood that one will react to someone in a particular manner because of the variety being used (Pynes 1990, sitter etter Johansen 2005:67).

Det finst ulike måtar å undersøkje desse språklege haldningane på. Dei tre komponentane kan vere vanskelege å operasjonalisere, og det vanlegaste er å sjå på den affektive komponenten. Ein av dei mest kjende måtane å gjere dette på er gjennom *masketestar*.⁴⁶ Resultata frå ulike masketestar i Norden viser ofte eit stort sprik mellom medvitne og undermedvitne haldningar (til dømes Kristiansen 2009, Aasmundseth 2010, Anderson 2011). I oktober 2012 var eg med på å utføre ein masketest i Molde i regi av Ragnhild Anderson for Dialektendringsprosessar.⁴⁷ Når begge undersøkingane føreligg i heilskap, bør dei sjåast på som verdifulle supplement til kvarandre, slik at ein kan danne seg eit mest mogleg utfyllande bilete av språksituasjonen i Molde.

⁴⁵ Ofte kjend som handlingskomponenten eller den konative komponenten (Johansen 2005:66).

⁴⁶ Masketest er det norske namnet på testar gjennomførte etter modellen *the matched guise technique (MGT)*. Ein slik test fokuserer på det affektive, og tanken er at ein gjeven språkleg varietet framkallar ei sosial kategorisering (Johansen 2005). Det opphavlege føremålet med testen er skjult for deltakarane.

⁴⁷ Anderson har jobba med resultata frå testen (og fleire testar frå andre granskingsområde) parallelt med at eg har skrive denne oppgåva.

4.2.4 Akkommodasjon

Ein av dei sentrale teoriane for bakgrunnen til (individmotivert) språkleg variasjon og endring er *akkommodasjonsteorien*, ofte også kjend som tilpassingsteorien. Han vart utvikla av psykologen og lingvisten Howard Giles og kollegaene hans, og er eigentleg ein teori brukt innanfor sosialpsykologien for å studere språkleg tilpassing (Skjekkeland 2009:38).

Akkommodasjonsteorien opprettar lenkjer mellom språk, kontekst og identitet. Kjernen er tanken om at språkbruk er sosialt motivert ved at individ vel språklege strategiar for å tilpasse seg eller distansere seg frå samtalepartane i ein direkte kommunikasjonssituasjon (Trudgill 1986:2). Tilpassinga kan vere både verbal og ikkje-verbal, medviten eller umedviten, og til dømes kroppsspråk spelar ei viktig rolle. Sagt på ein annan måte kan altså eit individ velje ein strategi for å konvergere mot eller divergere frå samtalepartnaren sin. Peter Auer og Frans Hinskens skil mellom tre typar akkommodasjon: *korttidsakkommodasjon*, *langtidsakkommodasjon* og *språkendring* (Auer og Hinskens 2008:336). Ein generell observasjon gjeld i alle tilfella:

In face-to-face communication between speakers with more traditional speech habits and those who use an innovative form, the former accommodates to the linguistic behavior of the latter (Auer og Hinskens 2008:335)

For å relatere denne observasjonen til språkbrukarane i Molde, kan ein sjå for seg at i ein situasjon der ein moldensar møter ein person frå ein nabokommune, vil han eller ho frå nabokommunen ta i bruk former som går meir i retning av byformer enn dei tradisjonelle formene som vert nytta på heimstaden. På same vis kan ein sjå for seg at moldensaren vil akkommodere mot innbyggjarar frå større byar når han/ho møter nokon derifrå. Bak desse situasjonane ligg då tanken om at innovative former flest finst hjå språkbrukarar i byane før dei når omlanda (jamfør avsnitt 4.5.1). Men tilnærminga treng ikkje vere einseitig, ho er gjerne gjensidig mellom partane (Trudgill 1986:39).

Dei som vel å vise avstand frå samtaleparten sin ved å divergere språkleg, gjer det gjerne for å markere til dømes sosial eller geografisk tilhøyrslø. Ei slik markering av ulikskap mellom språkbrukarar (og gjerne grupper av språkbrukarar) er eit fenomen som har vore kjend lenge. Allereie i 1917 skreiv filologen og dialektgranskaren Amund B. Larsen om det han kalla for *naboopposisjon*, eit fenomen der folk overdreiv sine eigne lokale dialekttrekk for å distansere seg frå nabodialekten (1917:35).

I ein situasjon der to språkbrukarar møtest ansikt til ansikt og akkommodasjon skjer mellom partane, men der dei så går tilbake til dei tidlegare lingvistiske mønstera sine, talar

Auer og Hinskens om *korttidsakkommodasjon*. Slik endring av språket er bunden av situasjonen, og har ikkje nokon vidare effekt på språket til dei involverte individa. Så snart akkommodasjonen påverkar dei akkommoderande talande på ein permanent basis, har korttidsakkommodasjon gått over til å bli *langtidsakkommodasjon*. Ein kan da snakke om at den lingvistiske innovasjonen har blitt ein *vane* ("habit") i individet (Auer og Hinskens 2008:335). Dersom innovasjonen spreier seg til større delar av samfunnet, har vi fått ei språkendring. Resultatet kan vere ein språkleg innovasjon, som i dømet over, men det kan også vise seg som oppgjeving av eldre språktrekk⁴⁸ (Auer og Hinskens 2008:337).

I tilpassingsteorien er *frekvens* eit viktig stikkord. Auer og Hinskens konkluderer med at den klassiske modellen for endring via akkommodasjon "essentially relies on frequency of (direct) interaction, and on the adaption of the behaviour of one person to that of another co-present speaker" (2008:337). Jo hyppigare ein møter menneske med andre varietetar eller stilregister i ansikt til ansikt-situasjonar, desto større vert sjansen for ei mogleg geografisk spreining av språktrekk.

4.2.5 Sosiale nettverk – språkleg variasjon på mesonivå

Kontaktmønster er også svært viktige i teoriar om *sosiale nettverk*. Det var Lesley Milroy som fyrst introduserte den sosialantropologiske nettverksteorien som eit verktøy til å forklare språkbruken til eit individ. Ho kartla det sosiale nettverket til utvalde språkbrukarar av lågstatusvarietetet i Belfast og korrelerte det med fonologiske variablar (Milroy 1980). Om omgrepet sosiale nettverk skreiv Milroy: "The term social network refers quite simply to the informal social relationships contracted by an individual." (1980:74). Dei viktigaste gruppene i nettverka våre er familien, vener og kollegaer eller skulekameratar, og desse fungerer igjen som viktige norminstansar. I ei undersøking av sosiale nettverk vil ein finne ut kven som er "lenkja" til kven, bakgrunnen til lenkja, og korleis eigenskapar ved lenkja påverkar (språkleg) oppførsel (Villena-Ponsoda 2008:305). Når ein har kartlagt alle lenkjene, kan ein seie noko om *strukturen* til nettverket. Struktur handlar om *tettleik* og *kompleksitet*. Tettleiken er "konnektiviteten": nummeret av faktiske lenkjer i relasjon til det totale nummeret av moglege lenkjer innanfor ei gruppe av individ (Villena-Ponsoda 2008:309, mi oversetting). Dette talet fortel kor omfattande den innbyrdes kontakten mellom medlemmane er. Kompleksiteten på

⁴⁸ Å ta til seg nye trekk vert av Auer og Hinskens skildra som *positiv akkommodasjon*, medan prosessen med fråfall av eldre variantar vert skildra som *negativ akkommodasjon*.

nettverket omhandlar talet på separate samband mellom individa. I eit *multiplekst nettverk* kjenner medlemmane kvarandre innanfor nettverket, og same person har gjerne fleire roller (bror, ven, syskenborn, røyrliggjar, kollega osv.) I eit *uniplekst nettverk* har ein person berre éi rolle overfor kvar av dei andre i nettverket.

Tette og multiplekse nettverk er ofte karakteriserte av at dei gir medlemmane nær og lokal samfunnsstøtte, og dei fungerer ofte som både språkleg og normativ kontrollinstans. Mindre tette og uniplekse nettverk er vanlegvis ikkje lokale og viser lausare nettverk. Desse er ofte mobile, urbane middelklassespråkbrukarar som er opne for påverknad utanfrå (Villena-Ponsoda 2008:309-312). Språkbrukarar med "lausare" og uniplekse nettverk finn ein typisk i byar. Milroy og Milroy (2010) konkluderer gjennom sine granskingar i Belfast at ei svekking av nettverk (samanbindingar) er underforstått i ein sosial prosess av lingvistisk endring.

4.3 Språkending

4.3.1 Indre faktorar i språkending

Avsnitta ovanfor syner at språk er nært knytt til identitetsoppfatning, haldningar, omgangskrets og innstilling til samtalepartnaren. Likevel vil nok dei færraste nordmenn kunne seie at dei tek aktive val av til dømes tonefall og bøyingsssystem (med mindre imitasjon er målet), jamvel om det skjer endringar også på dette nivået. Indre lingvistiske eigenskapar i språket har vist seg å kunne spele ei viktig rolle for talemålsutviklinga. I sosiolingvistikken har det blitt vanleg å forklare språkleg variasjon og endring som eit samspel mellom indre og ytre faktorar.⁴⁹ *Indre faktorar* er det potensialet for endring som ligg i språket sjølv, medan *ytre faktorar* då vert alt anna utanfor sjølve språket som kan ha innverknad på det. Når ein skil på denne måten, ser ein det ofte slik at (indre) lingvistiske forhold i stor grad kan forklare retninga i ein innovasjon, medan ytre faktorar avgjer den sosiale og geografiske spreinga av han, og den sosiale forankringa han får (Hinskens, Auer og Kerswill 2008:41).

I ein del tilfelle er det slik at taleorgana styrer kva som er mogleg av endringar. Også strukturprinsippa i språket gir visse preferansar på endringane (Akselberg, Kristoffersen og Sandøy 2007:2). Av og til kan indre faktorar stoppe spreinga av eit trekk fullstendig. Eit slikt døme finn ein på Vestlandet for [ɾ], stemd dorso-uvular frikativ ("skarre-r"). Allofonen har vore på frammarsj langs kysten, men enkelte stader står fronten heilt stille. Dette gjeld område

⁴⁹ Indre og ytre faktorar er også kjende som språkinterne og språkeksterne faktorar, eller som interne, eksterne og ekstra-lingvistiske faktorar (Hinskens, Auer og Kerswill 2008:41).

der retrofleksar inngår i talemålet. Om ein samanliknar utbreiinga av retrofleksar med utbreiinga av dorso-uvular frikativ i Noreg, finn ein ikkje noko område som har begge trekka. Desse to fenomenar ser altså ut til å utelukke kvarandre (Torp og Vikør 2003:72).

Sandøy fastset fem kategoriar av indre faktorar: *regelinnsvring*, *regelutviding*, *analogi*, *funksjonell tyngd* og *naturlegheit* (1996:129-135). Ordet ”regel” siktar her til dei grammatiske reglane i språket vårt. *Regelinnsvring* får ein når kategoriar fell ut frå ein regel, slik at han får mindre verkeområde. Eit døme på regelinnsvring finn vi i regelen om velar palatalisering, til dømes når perfektum partisipp av sterke verb fell ut av verkeområdet for regelen.⁵⁰ Konsonantskiftet til /˘sprøŋe/ vert dermed skifta ut med den gjennomgåande velare nasalen i dette verbet, og ein får /˘sprøŋe/. *Regelutviding* er det motsette av regelinnsvring, og syner til at ein regel får utvida verkeområdet sitt og gjeld for fleire kategoriar. I fleirtal ub.f. av nøytrumsord har det i mange tilfelle mangla ei eintydig bøyingsending, slik at det heiter /˘eple/ både i eintal og fleirtal. I dialektar der -r/ er gjennomgåande i fleirtalsendingane for hokjønn og hankjønn, ser ein i mange tilfelle at det har skjedd ei regelutviding ved at /˘eple/ har gått over til /˘epler/. *Analogi* har ein når medlemmar av uproduktive klassar (klassar som ikkje får tillagt fleire medlemmar) går over til produktive klassar. Eit døme på analogi er at ord frå den ikkje-produktive maskuline er-klassen går over til den produktive ar-klassen, slik at ”benker” vert ”benkar”.

Funksjonell tyngd favoriserer endringar som skapar tydelegare markeringar av semantisk viktig innhald eller fjernar opposisjonar som er ubetydelege. Sandøy (1996:133) skriv at grammatikken er oppbygd som eit system av innhaldsmessige motsetnader (opposisjonar) som må ha ei språkleg markering. Av og til får ein endringar for å skape tydelegare markeringar, men ein del opposisjonar har lita funksjonell tyngd ved at dei er lite brukte, og då vert gjerne resultatet samanfall. For eksempel har dei fleste norske dialektane fått assimilert konsonantsambandet *ld* til [l:], slik at *eld* og *sild* vart til [el:] og [sil:]. Dette samanfallet har få konsekvensar, for det fanst ikkje ord som ÷ell og ÷sill frå før av (Sandøy 1996:134).

*Naturlegheit*⁵¹ er den siste indre faktoren, og handlar om at enkelte drag ”kan seiast å vere meir *naturlege* ettersom dei truleg har med universelle preferansar som har med menneskelege artikulasjons- eller kognisjonsvilkår å gjere” (Sandøy i samtale med Hildremyr, referert i Hildremyr 2006:49). Eit trekk som gjerne kan tilskrivast naturlegheit, er at det er fleire vokalopposisjonar i lang posisjon enn i kort.

⁵⁰ Alle døma til dei fem kategoriane er henta frå Sandøys *Talemål* (1996: 129-135).

⁵¹ Reidunn Hernes (2006:40) er oppteken av at naturlegheit heng tett saman med omgrepet *markertheit*.

I ei gransking som mi vert det klart at ytre faktorar får meir fokus enn dei indre. Dei indre faktorane har likevel ein sjølvskreven plass i det teoretiske grunnlaget, då dei utgjer svært viktige *føresetnader* for den språklege variasjonen og endringane. Ikkje minst er dei viktige i forklaringa av *språklege innovasjonar*, som eg kjem til i avsnitt 4.4.1.

4.3.2 Ytre faktorar i språkending

Der avsnitta ovanfor har handla mest om krefter i individet eller mellom individ, kjem fokus i dette avsnittet på ytre faktorar i kollektivet. Sandøy ser på fem kategoriar av ytre faktorar som kan føre til språkending: *endingar i materiell og åndeleg kultur, identifiseringsfunksjonen til språket, prestisje, skriftmålet og massemedia* (1996:135-141). Den fyrste faktoren, *endingar i materiell og åndeleg kultur*, viser til at endingar i menneskeleg levemåte og tankesett også påverkar språket. Nye ord kjem stadig inn, men samstundes forsvinn mange omgrep frå vokabularet vårt etter kvart som fenomenet dei skildrar, mistar relevans for liva våre. Eit døme på dette kan vere at folk flest no kan færre ord knytte til gardsbruk og fiske enn tidlegare, medan uttrykk frå oljenæringa og IT er i vekst. Heile 80 – 90% av lånorda våre kjem i dag frå engelsk (Sandøy 1996:135).

Den andre faktoren, *identifiseringsfunksjonen til språket*, er nært knytt til gruppedanning i samfunnet. I avsnitt 4.2.3 om normer såg vi korleis språket har ein identifiseringsfunksjon. Denne funksjonen kan vere ei konserverande kraft: I språkinnlæringa lærer vi dei sosiale normene, og vi knyter vår sosiale identitet til grupper. For å vise solidaritet med gruppa ønskjer vi å vere konforme og slik vise gruppeidentitet (Sandøy 1996:137). I stabile samfunn er det gjerne få grupper å velje mellom, og språket og språknormene blir stabile. Vert det større sosial mobilitet, kan ein ønskje å endre gruppe og identitet, og ein får språklege endingar. Slik kan identifiseringsfunksjonen til språket føre til forandring i språket (*ibid*). Ny sosial kontakt i form av auka kommunikasjon og flytting kan også verke inn på identifikasjon og språk.

Med termen *prestisje* siktar ein til det fenomenet at nokre språkdrag har høg prestisje, medan andre har låg (stigmatiserte språkdrag). Dette kan igjen føre til språkending. Ein skulle gjerne tru at språkdrag med låg prestisje vert forsøkt bytt ut av språkbrukarane, og slik er det ofte, men ikkje alltid. Dei fleste som vert bedne om å skildre kva dei ser på som ”prestisjespråket” i Noreg, seier at det er varietetar som har trekk ein finn att i bokmål. Oslo Vest vert ofte plukka ut. I mange norske byar, inkludert Oslo, er det likevel dei nedvurderte

gatespråka som er sterkt ekspansive (Sandøy 1996:139). Sandøy meiner ein lettast kan forstå dette som eit resultat av identifiseringsfunksjonen: ”Nettopp for å vise solidaritet og identitet i ei viss lei, nyttar språkbrukarane visse språkdrag, sjølv om dei oppfattar desse språkdraga som «stygge» eller «breie»” (1996:138). Slik er det mogleg at ”prestisjespråk” kan ha mindre påverknadskraft enn til dømes gatespråket.

Skriftmålet gir ei språkform prestisje grunna den overdialektale funksjonen det har, og det vi ser på som prestisjeformer, er oftast identisk med normert ”moderat bokmål” (Sandøy 1996:140). Det er ordforrådet som vert mest påverka av skriftmålet, og vi vert influerte både gjennom skulebøker og stoff vi les på arbeid og jobb. Skriftmålet har slik ein *standardiserande effekt* på ordforrådet i dialektane. Grammatiske drag ser ut til å vere mindre påverka. Til dømes er assimilasjonen av *ld* og *nd* ekspansiv i dag, trass i at både bokmål og nynorsk held på den etymologiske skrivemåten (Sandøy 1996:140).

Massemedia vert av fleire grunnar kalla den fjerde statsmakt, og har også konsekvensar for språkutviklinga. Massemedia set dagsorden, gir oss bestemte vinklingar på saker og fungerer også som eit viktig kontrollorgan av dei tre øvrige statsmaktene våre. Samstundes er dei aktive formidlarar av nye ord, og dei etablerer det ”normale” ordforrådet (Sandøy 1996:141). Likevel ser det ut til – ut frå forskning på området – at dette ikkje legg store styringar på utviklinga av språksystemet. Media er einvegskommunikasjon, og akkomodasjon oppstår dermed ikkje mellom talar og mottakar.

I tillegg til dei fem faktorane Sandøy skisserte, vil Skjekkeland legge til *mobilitet* som ein viktig ytre faktor, medan Haugen også vil inkludere *identitet* og *tilpassing* (Papazian 2007:165). Det er ikkje ofte ein kan skilje ut ei nøyaktig årsak til ei språkending, og det er derfor viktig å hugse på at det i dei alle fleste tilfella er fleire av faktorane skissert over, både indre og ytre, som medverkar i ein språkendringsprosess. Kapittel 2 om Molde som samfunn synte også korleis samfunnsorganiseringa kan vere viktig for språkutviklinga, der alt frå større og kulturarrangement til forholdet til naboar og pendlingsstatistikk vert sett på som moglege påverknadskjelder. Jamvel om det er vanskeleg å måle den direkte påverknaden desse andre faktorane har på språklege varietetar, er dei svært viktige gjennom dei sosiale effektane dei skapar. Samfunnsforholda dannar rammene for oppbygginga av dei sosiale og individuelle identitetane i eit språksamfunn.

4.3.3 Labovs modell for språkendring

William Labov (2002:78) opererer med eit skilje mellom *change from above* og *change from below* i si skildring av språkendring. Inndelinga er i hovudsak brukt for å seie noko om kvar nye språktrekk oppstår eller kjem frå, og syner at endringar kan oppstå på fleire nivå. Med *change from above* meiner ein språktrekk som er introduserte frå ”the dominant social class, often with full public awareness” (*ibid*). Desse trekka er gjerne lånte frå eit anna språksamfunn, ofte med eit anna språkssystem, og endringsaksen har slik ei klar tilknytning både til geografiske og lingvistiske forhold. Samstundes har implementeringa av språktrekka høgt medvitsnivå hjå språkbrukarane. For språkendring som kan verte karakterisert som *change from above*, kjem endringane normalt frå andre talesamfunn som har høgare prestisje (jamfør førre avsnitt): ” [These linguistic variables] may take the form of the importation of a new prestige feature from outside the speech community, or the re-distribution of forms with known prestige values within the community” (Labov 2006:274, mitt tillegg).

Change from below definerer Labov som “... the primary form of linguistic change that operates within the system, below the level of social awareness” (2006:279). Språkdrag som har kome til ved *change from below*, oppstår i daglegtalen og er eit resultat av indrespråklege faktorar (Labov 2002:78). Språkbrukarane vil (normalt) ikkje vere medvitne på desse nye endringane før dei er gjennomførte i nesten alle lag av samfunnet, og dei kan også kome frå kva sosial gruppe som helst (*ibid*). Slik skil Labov mellom trekk som vert importerte” utanfrå til eit språksamfunn, og trekk som har blitt danna inne i språksamfunnet.

4.4 Spreiingsmønster

Dei neste avsnitta tek opp korleis språklege innovasjonar finn stad, og korleis desse innovasjonane har potensiale til å breie seg (geografisk) i samfunnet slik at dei til slutt får status som språkendringar.

4.4.1 Språkleg innovasjon – starten på ei mogleg endring


Ein språkendringsprosess kan skildrast i fleire stadium. Den fyrste delen av ein språkendringsprosess startar som ein *individuell variasjon* ved at ein språkbrukar (P_1) formulerer ein konstruksjon eller uttalar ein lyd eller ei ending på ein ny måte gjentekne gongar (Sandøy 2008b:206). Her kan kollektivet velje å reagere med korreksjonar, slik at P_1

går tilbake til gamle uttalemønster. Dersom dette ikkje skjer, kan den nye innovasjonen verte til ein vane i individet P_1 , ved at mønsteret vert gjenteke. Sjølv endringsprosessen byrjar når eit anna individ, P_2 , vel å ta etter P_1 si nye vane. Etter kvart kan enda fleire starte å tilpasse seg, og ei språkending er i gang. Sandøy (2008b:207) illustrerer denne prosessen slik:

Innovasjon hjå $P_1 \rightarrow$ tilpassing hjå $P_2 \rightarrow$ tilpassing hjå $P_3 \rightarrow$ tilpassing hjå $P_4 \rightarrow$
tilpassing hjå P_n .

Kvifor enkelte innovasjonar vert tekne opp av andre språkbrukarar, og andre innovasjonar ikkje vert det, kan avhenge av språkssystematiske preferansar (indrespråklege faktorar) og sosiale eller sosialpsykologiske motiv. P_2 kan til dømes velje å tilpasse seg for å vise sympati, auke statusen sin (ved å ta etter P_1) eller forme ein gruppeidentitet (Sandøy 2008b:207-208). Chambers og Trudgill (1980:179) skildra tempoet i ein språkendringsprosess som ei S-kurve:

Figur 10: S- kurve




Talet på individ fortel om gjennomføringsgraden til språktrekket. Her ser ein korleis innovasjonen går frå å ha få brukarar i byrjinga til å eskalere etter kvart som fleirtalet adopterer trekket. Enkelte individ vil halde lenge på vanane sine, og slik sakkar farta av mot slutten. Innovasjonen vert overført gjennom direkte personleg kontakt (Taeldeman 2008:263). Ei språkending er ikkje fullstendig gjennomført før alle i språksamfunnet har teke det nye trekket i bruk. Når dette skjer, har nyskapinga gått frå å vere avvik til å bli ei *kollektiv norm* (Sandøy 2008b:208).

4.4.2 Bølger og hierarkiske strukturar

Når ein språkleg innovasjon rekk fram til storsamfunnet, har det vore vanleg å skildre den geografiske spreinga av trekket på to måtar: anten som bølger i vatn, eller som sprang frå sentrum til sentrum. I 1872 kom Johannes Schmidt ut med "bølgjeteorien" (Wellentheorie⁵²), som teiknar eit bilete av språkendingar som breier seg som bølger eller ringar i vatn ut frå sentrumet dei oppstod. I dag nyttar ein òg omgrepet "contagious diffusion" (Bailey m.fl 1993, Taeldeman 2008) for same fenomenen.

Den andre spreingstypen, karakterisert ved ein sprangmetafor, er språkendingar som hoppar frå sentrum til sentrum i eit hierarkisk mønster, der dei største byane vert trefte først. Dette er kjent som "hierarchical diffusion", hierarkisk spreing (Taeldeman 2008). Akselberg (2008:163) omtalar det som sentrumshopping. Hierarkiet kan illustrerast slik (henta frå Taeldeman 2008:264, mi oversetting):

Figur 11: *Sentrumshopping*



Skal ein relatere dette til Molde, vil gjerne Trondheim vere det store urbane sentrumet, medan Molde er eit av dei regionale urbane sentruma. Slik kan ein til dømes tenkje seg at eit nytt språktrekk kjem til Molde via Trondheim (som er over i sentrumshierarkiet), fordi ein språkbrukar i Molde har kontakt med ein frå Trondheim i nettverket sitt. Innovasjonen vert igjen plukka opp av dei næraste kontaktane til individet i han/ hennar sitt nettverk via direkte kontakt. Etter kvart aukar språkendinga i omfang, og fleire av byinnbyggjarane tek til seg innovasjonen. Trekket vil spreie seg i rundt i byen før det så går i bølger til kommunane rundt. Når desse endringane skjer i praksis, er det nettopp vanlegvis i ein kombinasjon av dei

⁵² Universal-Lexikon. *Wellentheorie*. [Lasta ned 21.10.2013]

to spreingstypene (Taaldeman 2008:263). Ut frå Labovs modell for språkending (jamfør avsnitt 4.3.3) vil geografisk spreing av språktrekk vere eit klart tilfelle av *change from above*.

Ei språkending treng likevel ikkje alltid å følgje desse mønstera. I ei undersøking av substantivbøyinga i eit sentrumshierarki beståande av mellom anna Trondheim (på topp), Sunndalen, Sunndalsøra, Kristiansund og Molde, fann Sandøy (1998) at språkbrukarar i Trondheim var i ferd med å ta til seg trekk som allereie var eksisterande bøyingsmønster i den hierarkisk underordna moldedialekten. At dette skulle skje fordi Trondheim ser på Molde som overordna, er tvilsamt. Det såg heller ut til at forenklingsprosessar hadde manifestert seg fyrst i dei nye sentra, sjølv om dei er underordna knutepunkt i det regionale hierarkiet. Sandøy konkluderer:

Linguistically – in our case in noun morphology – the process seems to be more in the nature of simplification than of adapting the prestigious standard system, though the structural consequences in the plural system are much the same because of the simple morphology of the standard Bokmål (1998:99)

I slike tilfelle ser det ut til at forenklingsprosessar også kan påverke distribusjonen av språktrekk, heller enn prestisje. Dette syner også at spreingsprosessar gjerne er meir komplekse enn dei to modellane kan gi uttrykk for.

4.5 Ulike språksamfunn og danning av nye varietetar

Ein del av forklaringa på kvifor enkelte målføre raskt tek til seg endringar medan andre ser ut til å vere meir konservative, kan ein ofte finne ved å sjå på samansettinga av språksamfunnet. Omgrepet *språksamfunn* er relativt vidt, og varierer gjerne med forskar og granskingsområde. I denne oppgåva ser eg på dei som bur i Molde og talar moldedialekt som medlemmar av det same språksamfunnet. Då vektlegg eg at språkbrukarane har eit felles lingvistisk system, den (tilnærma) same lingvistiske kompetansen og kunnskapen om dei språklege normene. Variasjon vil ein sjølv sagt finne innanfor samfunnet likevel. Geografisk vil ikkje Molde by som språksamfunn svare til Molde kommune, som femnar breiare enn sjølv sentrumet. På denne måten skil molde bymål seg som språksamfunn ikkje berre frå kommunane rundt, men også frå dei andre tettstadene i kommunen. Når eg refererer til bymålet i Molde som språksamfunn, vert det altså geografisk synonymt med sjølv granskingsområdet for undersøkinga mi (jamfør kapittel 2).

Det er vanleg å skilje mellom to hovudtypar av språksamfunn, som igjen kan leggje

grunnlag for ulik språkutvikling. Røyneland (2008b) og Sandøy (2008c) snakkar om *fokuserte* og *diffuse* språksamfunn.⁵³ I sine ytterformer er det fyrste ”eit språkleg og kulturelt homogent samfunn med lite lingvistisk variasjon og ei samlande språknorm”, medan det andre er ”eit språkleg og kulturelt heterogent samfunn med stor lingvistisk variasjon og med fleire konkurrerande språknormer” (Røyneland 2008b:58-59). Eit språksamfunn treng ikkje vere heilt fokusert eller heilt diffust – mange kan vere ein stad i midten. Frå avsnitt 4.2.5 om nettverk såg vi at menneske med tette nettverk kan verke som ei konserverande kraft og som samlande språknorm, medan andre med lausare nettverkstypar ofte er meir opne for kontakt utanfrå, der språkkontakt og konkurrerande språknormer er ein del av kvardagen. Vi veit også at innbyggjarane i byar ofte har lause sosiale nettverk i forhold til dei som bur på bygda, der nettverka plar vere tettare. Som språksamfunn er det svært ofte slik at byane skil seg frå dei kringliggjande områda.

4.5.1 Kva rolle spelar byen?

Johan Tældeman (2008) er ein av dei som har diskutert dei urbane sentruma si rolle i den geografiske spreinga av lingvistiske trekk. Han viser til at byar ofte har *øy-liknande posisjonar* på dialektkart, då dei skil seg frå resten av omlandet (2008:263). Tældeman hevdar at urbane dialektar kan få ein slik *øy-liknande posisjon* på tre måtar (”Three types of insularity”): Dei kan *skape ein innovasjon, ta til seg ein innovasjon* eller *motsetje seg ein innovasjon* (2008:269).

Når ein bydialekt har ei innovativ rolle og sjølv genererer innovasjonen, vil dette ha ein divergerande effekt før omlandet eventuelt tek innovasjonen til seg (Tældeman 2008:268). Dersom ein bydialekt tek til seg trekk utanfrå, vert resultatet konvergering mot dialekten trekket er henta frå, men også divergering frå dei kringliggjande rurale dialektane (*ibid*). Å ta til seg ein innovasjon relaterer direkte til den hierarkiske spreingsmodellen dersom språktrekket kjem frå eit hierarkisk høgarestående sentrum. Byane spelar ofte ei pionerrolle i dette spreingsmønsteret. Det hender også at byane viser ein *øy-liknande konservatisme* ved å motsetje seg innovasjonar som allereie har nådd omlandet, jamvel om dette er sjeldan. Tældeman poengterer at dette kan skyldast ”urban self-awareness” (2008:271), der språkbrukarane ser på byen og bydialekten som ein identitetsmarkør dei vil

⁵³ Henning Andersen (1988, sitert i Hernes 2006:56) snakkar om språksamfunn som kan vere *opne* og *lukka*, og *eksosentriske* og *endosentriske*. Omgrepa handlar om samfunnet har utovervende eller innovervende kommunikasjonsmønster, og om dei stiller seg positive eller negative til impulsar utanfrå.

verne om.

Forklaringa på kvifor byane spelar ei meir aktiv rolle i spreinga av lingvistiske trekk enn omlanda, kan liggje i ulike sosiale faktorar. Taeldeman peikar på at byar har varierte sosiale spekter, og at ei slik heterogenitet normalt impliserer "... more linguistic variation and less linguistic stability" (2008:276). I byane finn ein oftast høgre grad av migrasjon enn i omlanda, og folket er ofte meir mobile og har fleire eksterne kontaktar. Dei sosiale nettverka er gjerne lausare enn i rurale strøk. Byen sin sosioøkonomiske status kan også vere ei kjelde for påverknad, der makta vil auke med kapitalen. Samstundes er det klart at sosialpsykologiske og indrelingvistiske faktorar kan spele ei stor rolle i desse prosessane (Taeldeman 2008:273).

Med aksepten av at byane er meir aktive miljø for språkending, og at endringar kan spreie seg i bølger ut frå byane, vert det også naturleg å spørje seg om kvifor dei landlege områda ikkje påverkar byen slik byen påverkar dei. Ei forklaring kan liggje i at bysentrum ofte vert oppfatta som overordna lokalsamfunnet. Det verkar som det rår ein mentalitet der sentrumet vert sett på som staden for avgjersler, og som ein leverandør av funksjonar og tenestar som ikkje finst i landlege område. Verdiar kan godt verte skapte i periferien, men administrasjonen finst i byane: "Denne dimensjonen frå "å ha" i den eine enden til "å hente" i andre enden blir også avspegla i retninga på spreinga av nye språkdrag. Mottakarane på vare- og tenesteområdet er også mottakarar på språkområdet" (Sandøy 2008c:231). Ein slik mentalitet kan likevel kjapt vere i endring, som mellom anna Skjekkeland (2009) har spekulert på. Han er oppteken av korleis motsetnaden mellom "byen" og "bygda" ter seg annleis i dag enn slik vi tradisjonelt har oppfatta skiljet. Nettverka i bygdene har blitt fleire og valfrie, og individualitet og auka mobilitet har òg sett sitt preg på bygdesamfunna (Skjekkeland 2009:54-55). Göran Lindberg har framheva at urbanisering er eit *humanistisk fenomen*, og at ein tettstad på denne måten kan verte urbanisert lenge før staden får bypreg (1971, referert i Skjekkeland 2009:53). I vår tid kan bygdebuarar hente førebileta sine frå næraste byen, men kanskje like greitt frå hovudstaden eller til og med frå utlandet. Slik kan påverknadsstatusen (dei mindre) lokale byane har på omlandet potensielt verte mindre. Dette kan også vere realiteten i Molde sitt tilfelle. På same tid mogleggjer sosiale medium intensiv kontakt over store avstandar. Dei nye kommunikasjonsmønster utfordrar akkommodasjonsteorien der kontakt i ansikt-til-ansikt-situasjonar har vore den ventelege føresetnaden for tilpassing. Framleis er det tidleg å seie noko om kva effekt kontakten via nye medium har på språket.

4.5.2 Moldedialekten – ein koiné?

I kapittel 2 om Molde såg vi av byhistoria og folketeljingar at det i byen har vore periodar med *intensiv dialektkontakt*. For at ei radikal endring i grammatikken til ein dialekt skal finne stad, må innflyttinga nå over ein viss prosentdel av folketalet. Ulike norske sosiolingvistiske granskingar tyder på at dette talet kan ligge kring 30 % (Sandøy 2011:18). I Molde var heile ein tredel av byen sine innbyggjarar i åra 1865-1939 ikkje-romsdalske. I relativt nyetablerte samfunn der det oppstår ein slik intensiv kontakt mellom mange gjensidig forståelege varietetar, vil resultatet ofte bli at ein ny dialekt vert danna – vi får ein *koiné* (Røyneland 2008b:60).

Peter Trudgill er ein av dei som har skrive mykje om kva som skjer når ulike varietetar kjem i kontakt med kvarandre. Han definerer ein koiné som ”a historically mixed but synchronically stable dialect which contains elements from the different dialects that went into the mixture, as well as interdialect forms that were present in the none” (1986:107-108). I ein koinéseringsprosess vil det altså ikkje berre oppstå språklege kompromissformer, men også nye former som ikkje tidlegare har vore del av blandingsdialektane. Det vert også lagt vekt på at dialekten skal vere stabil, jamvel om han historisk sett har vore prega av språkleg blanding. Når blandingsfasen er ferdig og stabilitet er oppnådd, har ein fått ein koiné. Trudgill argumenterer for at ei slik danning av nye dialektar består av seks nøkkelprossar: 1 *mixing*, 2 *levelling*, 3 *unmarking*, 4 *interdialect development*, 5 *reallocation* og 6 *focussing* (2006:84).

Processes 1-5 [mixing, leveling, unmarking, interdialect development and reallocation] can collectively be referred to as *koinéisation*. Koinéisation plus focussing (process 6) constitute *new-dialect formation* (Trudgill 2006:89, mitt tillegg)

Det er dermed viktig å skilje mellom *koinéisering* som prosess og det ferdige resultatet: ein *ny dialekt*. Jamvel om Trudgill i verket *New-Dialect Formation* fokuserer danninga av nye engelske varietetar i kolonitida, er arbeidet hans relevant for alle situasjonar der ulike, men gjensidig forståelege varietetar kjem i kontakt med kvarandre. Dette gjeld også i danninga av nye byar og ved hurtig urbanisering (Trudgill 2006:84). Ein kan derfor nytte desse seks prosessane til å teikne eit bilete av korleis utviklinga av moldedialekten dei siste hundreåra potensielt kan ha gått føre seg.

Mixing refererer til ”the coming together in a particular location of speakers of different dialects of the same language, or of readily mutually intelligible languages” (*ibid*). Om vi relaterer dette til moldedialekten, vil staden vere Molde, og dei ulike dialektane som kjem saman, vil vere dei same som vart presenterte i kapittel 2 (figur 4).

Levelling involverer tapet av demografiske minoritetsvariantar (*ibid*). I byrjinga vil mange ulike variantar frå dei ulike dialektane florere. Etter kvart vil talet på variantar verte redusert. Reduksjonen er ikkje tilfeldig, og det er altså dei demografiske minoritetsvariantane som forsvinn. Blandingsforholda på dei ulike dialektane som er med i miksen, er derfor avgjerande for kva variantar som overlever. Ifølgje Brit Mæhlum vil utjamninga bere preg av at dialektane med *flest brukarar*⁵⁴, men også dei som var *fyrst på staden*⁵⁵, eller at dei som har meir *status*, er dei som får bevart flest former (2007:98).

Unmarking: er nemninga på det fenomenet at "... unmarked and more regular forms may survive even if they are not majority forms" (Trudgill 2006:85). Trudgill forklarar at lingvistiske krefter mogleggjer dette, då dette ofte gjeld former som har mindre markertheit (og derfor ikkje er i minnet til språkbrukarane) eller strukturelt enklare former.

Interdialect development: I det fjerde steget har ein observert ein såkalla "interdialect development", der former som ikkje var til stades i nokon av dialektane som gjekk inn i den opphavlege miksen, oppstår (Trudgill 2006:86). Slike former kan vere enklare eller meir uregelmessige, eller vere i ein *fonetisk mellomposisjon* av to medverkande former. Av og til er formene resultat av *hyperadapsjon*⁵⁶ (*ibid*). Også i moldedialekten finn ein eksempel på interdialektal utvikling. Mellom anna har den romsdalske forma [kvɑ:r] og den austlandske [væ:r] fått mellomforma [kvæ:r].

Reallocation: Av og til vil to konkurrerande variantar overleve utjammingsprosessen ("levelling"). Dersom dette skjer, vil variantane som opphavleg kom frå ulike dialektar, no heller verte markørar for sosial klasse eller stil (Trudgill 2006:88). I Molde var det til dømes ein sosial markør for "finmoldingane" at dei sa ['jei] i staden for [i:].

*Focussing*⁵⁷: er den siste prosessen i danninga av ein ny dialekt, og skildrar det steget der den nye varieteten oppnår faste normer og stabilitet (Trudgill 2006: 88-89).

Randi Solheim har forska på høyangerdialekten, som er ein koiné som oppstod då Høyanger vart ein industristad. Ho deler koinéformingsprosessen inn i tre fasar: *kontaktfase*, *kaosfase* og *konsolideringsfase* (2006:81-84). Sjølve innhaldet i fasane stemmer godt overens med dei seks prosessane Trudgill skisserte. Også han opererer av og til med ei tredeling der han deler dei seks prosessane inn i tre hovudstadium. Fyrste stadium er *rudimentary levelling*

⁵⁴ Mæhlum (2007:98) kallar fenomenet at folket som er størst numerisk får tilsvarende størst makt språkleg (ved å få flest former presenterte i den nye dialekten) for *majoritetsprinsippet*.

⁵⁵ At dei fyrste innbyggjarane på staden er dei sterkaste normagentane, og slik kan ha større gjennomslagskraft enn mange av dei andre gruppene i språkmiksen, kallar Mæhlum for *grunnleggjarprinsippet* (2007:98).

⁵⁶ Den mest kjende forma av hyperadapsjon er *hyperkorleksjon*, der talarar forsøker å bruke former frå talemål med høgare status, men nyttar ein feil analyse og utvidar endringar til element der dei er upassande.

⁵⁷ Omgrepet vart fyrst nytta i Le Page og Tabouret-Kellers *Acts of Identity* (1985).

and interdialect development, andre stadium er *variability and apparent levelling in new-dialect formation*, medan tredje stadium er *determinism in new-dialect formation* (Trudgill 2006:83-128). Felles for alle prosessane, uansett kva inndeling ein opererer med, er at tempoet og omfanget på koinéformingsprosessen varierer med intensiteten av språkkontakten, den demografiske samansettinga til dei innblanda varietetane og statusen språkbrukarane har. Fase to (kaosfasen) er typisk prega av ekstrem intraindividuell og interindividuell variasjon. På område der intens dialektkontakt nærast har oppstått over natta, slik som i Høyanger og i dei engelske koloniane, oppgjev både Solheim og Trudgill at kvar fase har vore samanfallande med om lag ein generasjon. Vegen frå ein koinéformingsprosess til ein relativt stabilisert ny dialekt starta med innflyttarane og enda med barnebarna deira (Solheim 2006, Trudgill 1986 og 2006). Vi kan ikkje seie noko sikkert om korleis utviklinga var i moldedialekten. Til dette manglar vi sikre kjelder. Alt på slutten av 1700-talet var det nok overklassefamiliar i Molde til å danne eit sosietetsliv, men vi veit ikkje om dette gav utslag i ein overklassedialekt (Sandøy 2011:210). Sandøy reknar med at dette mest sannsynleg hadde liten innverknad på sjølve moldedialekten:

Men stordelen av folket snakka nok romsdalingar fullt ut, gjerne same språket som dominerte midt i Romsdal, altså fjordamålet [...]. Det er liten grunn til å tru at vanlege folk gjorde anna enn å halde seg til sitt stand både språkleg og kulturelt elles (2011:211).

Seint på 1700-talet, då folketalet i Molde var rundt 700 (jamfør kapittel 2), trur ein altså at folk flest snakka ”romsdalingar fullt ut”, medan Molde i dag skil seg ganske markant frå omlandet. Om vi tek utgangspunkt i talemåla i Romsdal slik dei er no, ville den same skrivne setninga ”No har de ikkje vore her på fastlandet på fleire veke” blitt realisert slik på dei fem typane romsdalsk:

Figur 12: Ulike typar romsdalsk

- | | |
|--------------|--|
| A. Vestre: | [nu 'he: de c̃çe vu:re hæ:r po fastlanda po f̃t̃ε:re ¹ve:ke] |
| B. Søre: | [nu 'he: de c̃çe vø:re hæ:r po fastlanda po f̃t̃ε:re ¹ve:ku] |
| C. Fjordane: | [nu 'he: de c̃çe vu:re he:r po fastlana po f̃t̃ε:re ¹ve:ko] |
| D. Ytre: | [nu 'he: de c̃çe vu:re he:r po fastlana po f̃t̃ε:re ¹ve:ko] |
| E. Molde: | [nu 'ha: d̃øk̃er içə væt̃ 'hæ:r po ¹fastlanə po f̃t̃ei:rə ¹u:ka] |

Døma er henta frå Sandøy 2011:49 og er her overførte til IPA lydskrift. Setningane syner dei drastiske endringane moldedialekten har vore gjennom samanlikna med dei andre romsdalsdialektane. Same tendensen finn ein også i substantivbøyinga.⁵⁸ Her skil Molde seg frå resten av Romsdal med eit markant forenkla system. Likeeins er det med verbbøyinga.⁵⁹ Ser ein på byhistoria, folketalet og språk- og samfunnsutviklinga under eitt, er det ein del som talar for at bymålet i Molde kan ha vore gjennom ein koinéformingsprosess. Molde var eit relativt nyetablert samfunn som opplevde periodar med intensiv dialektkontakt, og det er heilt naturleg at dette skulle setje spor også språkleg. Om vi går ut frå dette utgangspunktet, legg dei seks prosessane til Trudgill til grunn og samanliknar med det språklege resultatet i figur 12, meiner eg at ein har mange gode argument for å seie at moldedialekten er ein koiné. Utan sikre kjelder på korleis dialekten utvikla seg undervegs og fram til ”produktet” vi høyrer i dag, er det likevel vanskeleg å vite noko om korleis denne utviklinga har føregått, og kva former som har vore i bruk i ein eventuell kaosfase. Det trengst grundigare undersøkingar for å seie noko sikkert. Dersom ein aksepterer tanken om at moldedialekten er ein koiné, vil ein kunne seie at han no har vore gjennom fokuseringsfasen og held ein meir stabil kurs enn i den første innflyttartida. Då vil det eg undersøker, kunne seiast å vere det *stabiliserte* produktet av ein koinéseringsprosess.

4.6 Dei sosiale variablane

Vi har no sett på årsaker til variasjon og endring i talemåla og korleis denne utviklinga kan syne seg som mønster i storsamfunnet. Uansett kva årsak som ligg bak den språklege variasjonen, kan ein alltid spørje seg: Kven brukar dei forskjellige variantane, og kven ser ut til å ha vore ”fyrst ute” med å ta opp dei nye språktrekka? (Bøe 2013:55). For å få svaret på slike spørsmål er det vanleg å sjå etter samanheng mellom lingvistiske og sosiale forhold: ein knyter lingvistiske variablar til sosiale kategoriar.

Jamvel om ein finn samanheng mellom ein sosial variabel (til dømes *sosial klasse*) og ein språkleg variant, skal ein vere forsiktig med å trekke den slutninga at språkbrukarane nyttar språktrekket for å vise tilhøyrsele med den sosiale gruppa vi har plassert dei i. Å sjå språkleg variasjon gjennom sosiale variablar kan svært ofte vere fruktbart, men det er samstundes viktig å innsjå ufullkomenskapen i eit slikt oppsett: Sosiale variablar er ei beskrivande

⁵⁸ For fullstendig oversyn over den romsdalske substantivbøyinga, sjå Sandøy 2011:170-172.

⁵⁹ Oversyn over romsdalsk verbbøying finn ein Sandøy 2011:188.

inndeling, ikkje ei årsak. Av denne grunnen er det viktig å kunne verifisere årsaka til eventuelle funn med eksterne og uavhengige data (av typen som vart presentert i 4.2 og 4.3). Resultatet kan elles verte sirkelslutningar (Sandøy 2013:129). Med dette på minnet vil eg no presentere mine sosiale variablar: I denne granskinga ønskjer eg å sjå variasjon og endring i Molde bymål i lys av *alder*, *kjønn* og *lokalgeografisk tilhøyrslse*.

4.6.1 Alder

At eldre snakkar annleis enn yngre, er ein observasjon dei aller fleste har gjort seg, og heilt sidan sociolingvistikken byrja å utvikle seg som forskingsgrein, har alder vore ein sosial variabel som er nytta i nær alle granskingar. Ein låg alder er relatert til høg bruksfrekvens av nye språktrekk, medan høg alder tilsvarande er relatert til lågare bruksfrekvens (Tagliamonte 2012:44-45). Alder er såleis ein svært sentral faktor i både språkleg variasjon og endring, i tillegg til i sosial indeksering. Penelope Eckert er ei av dei som har diskutert korleis alder står i relasjon til språk i sociolingvistiske granskingar:

The study of age in relation to language, particularly the study of sociolinguistic variation, lies at the intersection of life stage and history. The individual speaker or age cohort of speakers at any given moment represents simultaneously a place in history and a life stage. Age stratification of linguistic variables, then, can reflect change in the speech of the community as it moves through time (*historical change*), and change in the speech of the individual as he or she moves through life (*age grading*) (1997:153)

Med dette tek Eckert opp dei to vanlegaste måtane å sjå på samanhengen mellom alder og språkendring på: *historical change* (også kjent som *generational change* – generasjonsendring) og *age-grading* – livsfaseendring. Livsfaseendring omhandlar forandringar som er typiske for éin periode i livet: ”Tidt vil det gjelda for ungdommen, som tileignar seg visse særtrekk i talemålet som dei så legg bort ved overgangen til vaksenstadiet” (Skjekkeland 2009:25). Ved historisk endring ser ein for seg at barn kan nytte ein uttale som avvik frå dei vaksne, og at denne uttalen er felles hjå desse barna som veks opp i det same språksamfunnet. Viss ungdommane held på uttalen utover til dei er vaksne, har ein generasjonsskilnad – ei historisk endring - vorte skapt (*ibid*). Reidunn Hernes forklarar det slik at for historisk endring ”... er grunnideen at individet er stabilt og samfunnet ustabilt” (2006:21), medan livsfaseendring handlar om ”tanken om at individet er ustabilt i eit stabilt språksamfunn” (*ibid*). Korleis dette samspelet mellom dei to fenomen fungerer, har stadig vorte debattert:

Distinguishing linguistic change at the community level ('generational change') from linguistic change at the individual level ('age grading') is "one of the major issues in contemporary sociolinguistics" (Tagliamonte 2012, referert i Wagner 2012:371).

Ved å undersøkje det same språksamfunnet på to ulike tidspunkt med liknande alderskohortar, vert det mogleg å sjå etter språklege endringar i verkeleg tid. Då kan ein undersøkje språktrekk knytt til både historisk endring og livsfaseendring.

4.6.2 Kjønn

I tillegg til alder vert også *kjønn* rekna som ein av dei tradisjonelle sosiale faktorane for språkleg variasjon og endring. Både her i landet og andre land har variabelen vore med som kriterium i dei aller fleste større sosiolingvistiske undersøkingar (Skjekkeland 2009:27). Kjønnsvariasjon gir seg ofte utslag på ulike måtar i forskjellige aldersgrupper. Maegaard og Quist (2009) har forska ein del på ungdomsspråk i kjønnsperspektiv i Danmark, og resultatane viste at kjønn spelar ei vesentleg rolle i relasjon til språkleg variasjon blant unge. Gutane og jentene i undersøkinga framviste ulike mønster i uttale og bruk av slang og banneord (2009:216). Maegaard og Quist viser også til etnografiske observasjonar som seier at kjønn er den mest avgjerande faktoren når elevar dannar vennegrupper. Slik vert kjønn i tillegg ein viktig faktor i nettverksdanning. Resultatane viste også at det mellom forskjellige ungdomsnettverk, eller "stilklynger", som dei kallar dei, er fonetisk variasjon (*ibid*). Dei nordiske landa er ikkje så kulturelt ulike, og ein kan tenkje seg at slik variasjon også kan vere aktuell blant ungdommar i Molde.

Kjønn spelar òg ei viktig rolle i språklege variasjons- og endringsprosessar blant vaksne i vår kultur: Her har det vanlege mønsteret vore at kvinnene brukar eit språk som er prega av fleire prestisjeformer enn språket til mennene (Sandøy 1996:106). Skilnaden har primært vore størst i bysamfunn (*ibid*), noko som igjen gjer Molde ekstra interessant som granskingsstad. Kjønnsskilnaden gjeld slett ikkje berre i Noreg: Hudson skriv at i dei fleste kvantitative granskingar der kjønn er med som sosial variabel, er det eitt spesielt mønster som har gått att: "[...] for virtually every variable, in virtually every community, females (of every age) use high-prestige standard variants more often than males do" (2001:193). Hudson kallar fenomenet *the sex/prestige pattern* (*ibid*). Det er viktig å merke seg at dette gjeld granskingar der ein skil mellom "standard forms" og "non-standard forms", så ei direkte overføring til norske forhold kan derfor vere problematisk. Også ved geografisk spreiding av (prestisjefulle) trekk, har kjønn vist seg å vere signifikant. William Labov hevdar at "In linguistic change

from above, women adopt prestige forms at a higher rate than men” (2006:274). Om dette er riktig, skal ein kunne vente seg at kvinnene er fyrst ute med å tileigne seg eventuelle nye prestisjetrekk i moldedialekten. I Dialektendringsprosessar har kjønn vore nytta som sosial variabel i alle granskingane, men utslaget på variabelen har vore noko varierende frå stad til stad. På bakgrunn av den historiske bruken av variabelen, tendensen til variasjon både hjå ungdommar og vaksne og statusen den har hatt på prosjektet Dialektendringsprosessar, vil eg å sjå om kjønn kan spele ei rolle blant språkbrukarane i Molde.

4.6.3 Lokalgeografisk tilhøyrse

Den siste sosiale variabelen eg vil nytte i granskinga mi, har eg valt å kalle *lokalgeografisk tilhøyrse*. Historisk sett har det vore eit sosialt skilje mellom aust og vest i byen (jamfør kapittel 2). Austsida er relativt ny samanlikna med sentrum/ vest, og administrasjonen var samla i dei eldste bydelane. Også informantane snakkar om eit skilje mellom dei to sidene av byen. Det er derfor ikkje utenkjeleg at ein klar vestsida- eller austsidaidentitet også kan gje utslag språkleg.

Språkvitar Jon Peder Vestad har skrive ein artikkel om moldemålet for Molde bymuseum⁶⁰. I teksten frå 2006 skildrar han korleis han sjølv oppfatta språksituasjonen i Molde då han voks opp og gjekk på skule der på seksti- og syttitalet. Vestad har ei klar oppfatning om at det finst eit dialektskilje mellom aust og vest i byen. Austbydelane Kviltorp, Øvre Berg, Bergmo, Øverland og Fuglset er bydelar som i stor grad var bygde opp frå 1950- og 60-talet og seinare, og det fanst mange innflyttarar frå Bygde-Romsdal der. Dialektane til innflyttarane frå Romsdal likna meir på talemålet til dei som budde på dei gamle gardane enn på bydialekten: ”Derfor blei dei ikkje nokon stor avstand mellom talemålet til dei nyinnflytta og dei som hadde budd i området tidlegare. Iallfall blei alle vande med temmeleg *breitt*, romsdalsk mål” (Vestad 2006). I sentrum var situasjonen ein annan:

Der fann vi for det første dei gamle moldefamiliane, som hadde budd i byen minst to-tre generasjonar. Mange av dei snakka *fant*. [...] Her var nok innslaget av innflyttarar med prestisjetunge talemål frå andre landsdelar såpass sterkt at det saman med den gamle finmoldensardialekta sytte for at talemålet i sjølve byen blei meir bokmålsnært enn det eg voks opp med (Vestad 2006)

Også Nødtvedt (1991:162) rapporterer om liknande oppfatningar blant dei eldre informantane i si gransking. Eg vil undersøkje om det framleis eksisterer eit slikt skilje i talemålet til

⁶⁰ Vestad. 2006. *Moldedialekt før og no*. [Lasta ned 05.11.2013]

noverande skuleelevar som definerer seg sjølve som tilhøyrande Molde vest (Bekkevoll ungdomsskole) eller Molde aust (Bergmo ungdomsskole).

4.7 Hypotesar

Som ei avslutting vil eg nytte den teoretiske innsikta og den sosiale grupperinga frå avsnitta ovanfor til å presentere nokre konkrete hypotesar om kva funn eg kan vente meg frå moldegranskinga. Hypotesane er gjettingar eller forklaringar på kva språklege endringsmønster som verkar rimelege ut ifrå dei kunnskapane som no ligg føre oss om granskingsstaden, dialekten og leiande teoriar. Eg vil forsøke å styrke eller avkrefte dei etter presentasjonen av resultata. Hypotesane er nummererte frå H1 til H5.

H1: Opptaksår *Frekvensen av høgstatusvariantar vil vere større i materialet frå 1989 enn i materialet frå 2013.* Nødtvedt (1991) meinte å vise at det høgare talemålet i Molde var på retur. Ved å samanlikne opptaka frå 1989 og 2013, vert det mogleg å styrke (eller kanskje avkrefte) ein slik hypotese. Ut frå utviklinga i andre byar, er det truleg at nettopp ”gatespråket” vinn fram på kostnad av høgstatusvarietetar (jamfør 4.3.2) Dersom teorien stemmer, burde tendensen til ein svekka høgstatusosiolekt vere enda tydelegare i 2013.

H2: Alder *Frekvensen av høgstatusformer vil vere størst i dei eldste årsklassane. Tilsvarande vil frekvensen av gatemålsformer vere størst i dei yngre årsklassane.* Til gatemålsformer reknar eg då alle andre variantar i Molde bymål som ikkje er i bruk i høgstatusosiolekten. Nødtvedt (1991) avslutta avhandlinga si med ein spådom om at moldemålet kom til å bli likare dialektane rundt byen (altså romsdalsmåla), då nye trekk som vann terreng såg ut til å kome frå Romsdalen. Sidan ein låg alder er relatert til høg bruksfrekvens av nye språktrekk, medan høg alder tilsvarande er relatert til lågare bruksfrekvens (jamfør 4.6.1), trur eg aldersvariasjonen vil vise seg etter mønsteret skissert ovanfor.

H3: Kjønn *Kvinner nyttar fleire høgstatusformer enn menn* (jamfør avnitt 4.6.2). Eg trur ikkje det vil dukke opp store kjønnskilnader i mitt materiale, men om ein slik skilnad skulle vise seg på resultata, trur eg han vil vise seg slik. Skilnaden vil i så fall vere mest markant blant dei eldre, som har levd i periodar der klasseskilnad og prestisje spela ei viktigare rolle enn dei gjer i dag. Maegaard og Quist (sjå 4.6.2) hevdar at kjønnskilnader også finst blant ungdom, men talar da primært om ulik bruk av slangord og banneord. Eg utelukkar derfor

ikkje at ein slik kjønsskilnad eksisterer i språkbruken blant dei yngre informantane i Molde, men ser det ikkje som sannsynleg at dette vil gi utslag på mine språklege variablar.⁶¹

H4: Lokalgeografisk tilhørsle (aust/vest) *Det finst ikkje lenger nokon generell språkleg skilnad mellom ungdommar frå austsida og ungdommar frå vestsida i Molde.* I avsnitt 4.6.3 såg vi at det tradisjonelt har vore skilnader mellom talemålet på aust- og vestsida av byen i Molde. Historisk sett har Molde vest vore den ”administrative” sida av byen, der både amtmenn og legar busette seg. Den yngre austsida har typisk vore meir prega av industri og manuelt arbeid. Mange av dei som budde på vestsida, hadde høg status og snakka ”finmolding” (jamfør kapittel 2 og 3). Eit språkleg skilje mellom aust og vest var derfor ikkje unaturleg. I Molde i 2013 er ikkje byen lenger like ”fast” organisert på denne måten, og bustad er ikkje nødvendigvis knytt til arbeidsstad (sjå kapittel 2). Nye samfunnsstrukturar og tankemønster der dei gamle klasseskilnadene ikkje høyrer heime, gjer at dette skiljet mest sannsynleg er svekt.

H5: Mønster for språkendinga *Moldedialekten vert ikkje likare dialektane i områda rundt, altså nabokommunane, men tek heller opp dialekttrekk som er ”bytypiske”, eller som går att i ein større region enn Romsdalen.* Då Nødtvedt publiserte granskinga si i 1991, meinte ho å vise at høgstatusosiolekten var på retur, og at den yngre generasjonen sitt språk ”ligg nærare dialekten i området rundt byen enn EG [eldre generasjonen] sitt språk gjer” (1991:153). På bakgrunn av det vi no veit om sentrumshopping og språkutvikling i byar og større område (jamfør avsnitt 4.4.2 – 4.5.1), ser eg det som naturleg at denne utviklinga etter kvart har endra retning, og at moldedialekten vil forsøke å oppretthalde sin øy-liknande posisjon mot omlandet.

⁶¹ Ein presentasjon av dei språklege variablane står i kapittel 5.

5 – METODE

Det ligg i namnet til vitenskapen sosiolingvistik at både metode og teori er innhenta frå fleire fagfelt. Mykje av det metodiske materialet er henta frå sosiologi og sosialantropologi, og for forskinga som gjeld identitet og språkhaldningar, har òg psykologien vore ei viktig inspirasjonskjelde. Slik opnar sosiolingvistikken for ein kreativ metodebruk. Samstundes er ein ofte ute etter å kunne samanlikne data og resultat på tvers av ulike granskingar. På prosjektet Dialektendringsprosessar, der samanlikning av språkutviklinga på utvalde stader på Vestlandet er eit mål, er det derfor viktig at gjennomføringsmetoden i undersøkinga skal vere likast mogleg for alle prosjekta. Med bakgrunn i dette har dei tilsette ved Dialektendringsprosessar utarbeidd rettleiinga "Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet" (2011), ført i pennen av Ragnhild Anderson.⁶² Denne rettleiinga har fungert som mal for feltarbeidet mitt. Ein slik mal har opplagt sine fordelar: Blant dei viktigaste er tilgangen til ein nøye diskutert og gjennomtenkt, empirisk forankra metode som i tillegg er utprøvd i fleire omgangar. Desse punkta er svært viktige for å sikre høg reliabilitet og validitet i granskinga, jamfør avsnitt 5.9. Det metodiske opplegget gir likevel spelerom og moglegheiter for noko individuell tilpassing. I dette kapittelet argumenterer eg for at studien min kan forståast som ein kvantitativ korrelasjonsstudie der intervju med ei utvald gruppe informantar er ei hensiktsmessig tilnærming for datainnsamling. Eg vil grunngi den metodiske tilnærminga for granskinga i Molde og deretter leggje fram strategien og framgangsmåten i samband med datainnsamling og datahandsaming. Til slutt kjem ein presentasjon av dei språklege variablane som vil utgjere grunnlaget for den språklege analysen.

5.1 Val av overordna metode

Nynorskordboka definerer metode som "(gr *methodos*, eigentleg 'det å følgje ein viss veg mot eit mål'; av *meta-* (2) og *-ode*) systematisk framgangsmåte".⁶³ Valet av denne systematiske framgangsmåten må ta utgangspunkt i problemstillinga i prosjektet, slik at dei praktiske spørsmåla kan løysast ut frå ei grunnleggjande forståing av kva datamateriale som best kan svare på denne problemstillinga (Hernes 2006:74). Siktemålet i mitt prosjekt er å kartleggje språkleg variasjon og endring i moldedialekten. Det vil eg gjere ved å studere eit utval språklege variablar og sjå på distribusjonen dei ulike variantane viser i forbindelse med ulike

⁶² Ragnhild Anderson. 2011. *Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet*. UiB. [Lasta ned 10.09.2012]

⁶³ Nynorskordboka. *Metode*. [Lasta ned 03.12.2013]

sosiale kategoriar (jamfør kapittel 1). For å få til dette må eg *kvantifisere* variasjonen, altså dei språklege variablane. Studiar av denne typen, der ein ser på samvariasjon mellom lingvistiske variablar og makro-sosiologiske kategoriar, vert kalla *kvantitative korrelasjonsstudiar* (Penny Eckert 2012, referert av Unn Røyneland 2012).⁶⁴

Omgrepsparet *kvantitativ* og *kvalitativ* skildrar to ulike forskingsstrategiar. Akselberg og Mæhlum forklarar at målet i ein kvantitativ studie er å finne fram til målbare, ”objektive” størrelsar, og slik oppnå resultat som statistisk sett er generaliserbare. Det skjer ved å innhente informasjon frå mange informantar, gjerne i grupper (2008:78). Ein kvalitativ studie er på den andre sida typisk individbasert, og det vert ofte nytta eit fåtal informantar. Informantane vert gjerne djupneintervjua, og ein er normalt ute etter ikkje-målbare størrelsar. Eit mål kan vere å oppnå auka forståing for eit fenomen. Resultata er statistisk sett *ikkje* generaliserbare (*ibid*). Sigmund Grønmo tek heller utgangspunkt i at omgrepsparet kvantitativ/ kvalitativ refererer til eigenskapar ved dei dataa som vert samla inn og analysert:

Grovt og enkelt skissert kan data karakteriseres som kvantitative dersom de uttrykkes i form av rene tall eller andre mengdetermer (for eksempel mange-få, fleire-færre, de fleste-de færreste og så videre). Data som ikke uttrykkes på denne måten, er kvalitative. Samfunnsvitenskapelige tilnærminger kan ut fra dette betraktes som kvalitative eller kvantitative i den grad de omfatter innsamling eller analyse av henholdsvis kvalitative eller kvantitative data (1996:73-74)

Dei to metodetypane utgjer ikkje ein dikotomi, men er meir som ytterpunkt på ein skala. Prinsipielt utfyller dei kvarande (*ibid*). Ser ein på definisjonane ovanfor og siktemålet med prosjektet under eitt, vert det klart at studien min i hovudsak kan definerast som kvantitativ. I enkelte tilfelle vil ein likevel ha nytte av å bruke kvalitative data. Til dømes kan informantane sine eigne tankar og førestillingar om korleis dei oppfattar språksituasjonen dei lever i, vere viktige bidrag i *tolkingsprosessen* – stadiet der ein skal prøve å forstå dei statistisk generaliserte resultata og mønstera ein har avdekt i granskinga (Hernes 2006:74). Her kan også enkeltindivid sin språkbruk, representert ved statistikk på individnivå, vere eit verdifullt verktøy til å oppdage avvik frå elles etablerte mønster. Med bakgrunn i problemstillinga og siktemålet for prosjektet ser eg det derfor som formålstenleg å kombinere både kvalitative og kvantitative tilnæringsmåtar med hovudvekta på sistnemnde. Eg er ute etter resultat som er statistisk mogleg å generalisere, samstundes som eg også i nokre tilfelle kan ønskje å vite meir om motivasjonen og førestillingane individa har knytt til dei språklege vala sine. Her er intervju med dei enkelte informantane ein god reiskap.

⁶⁴ Unn Røyneland. 2013. Kjelde er føredraget *Sosiolingvistikk* (frå symposium i Åbo). [Lasta ned 10.03.2014]

5.1.1 Kvantitativ korrelasjonsanalyse og det sosiolingvistiske intervjuet

For dei som vil studere variasjonell sosiolingvistik, er nettopp *det sosiolingvistiske intervjuet* hovudmetoden for datainnsamling (Schilling 2013:92). Metoden skil seg ein del frå datainnsamlingar der ein til dømes spør informantane direkte om språktrekk:

The chief goal of the sociolinguistic interview is to elicit lots of talk rather than specific forms and features, and interview questions are purposefully designed to steer attention away from language itself toward topics of interest to interviewees (Schilling 2013:93)

Dette føremålet heng saman med den kvantitative korrelasjonsanalysen, der kvantum er ein viktig faktor – ein ønskjer flest moglege varianttreff på dei språklege variablane ein har plukka ut. Jo fleire treff, desto sikrare kan ein vere på at dei statistiske resultata er representative. Sjølve gangen i intervjuet kjem eg tilbake til i avsnitt 5.4.1. Kvantitative studiar av tale vert ofte kalla *labovsk sosiolingvistik* eller *det labovske paradigmet* (Hudson 2001:145). Ifølgje Hudson kan stega i ein studie utført etter labovsk metode samanfattast slik:

1) selecting speakers, circumstances and linguistic variables; 2) collecting the texts;⁶⁵ 3) identifying the linguistic variables and their variants in the texts; 4) processing the figures; 5) interpreting the results (2001:150-151).

Stega treng ikkje alltid å skje i denne rekkefølgja, til dømes er det mange som vel språklege variablar fyrst etter at dei har samla inn taleopptaka (*ibid*). Det vart tilfelle også i mi gransking. Med unntak av slike endringar i rekkefølgja vil trinna i studien hovudsakleg vere like frå gransking til gransking i dei fleste kvantitative studiar. Grunnstega ser ein til dømes også att hjå Dialektendringsprosessar og i denne oppgåva . Trass i det kan granskingar variere i opplegget innanfor dei ulike trinna i alt frå intervjuoppsett og informantutval til val av variablar, og det er desse moglege vala eg vil diskutere vidare nedanfor. Eit av dei største skilja i måtar å gjennomføre undersøkingar på går mellom å observere språkendingar i *tilsynelatande tid* og i *verkeleg tid*.

5.2 Undersøkingar i tilsynelatande og verkeleg tid

5.2.1 Tilsynelatande tid

Å observere språkending i tilsynelatande tid (engelsk *apparent time*) inneber å samanlikne distribusjonen av språklege variablar i ulike aldersgrupper (Labov 2002:45-46). Undersøkinga

⁶⁵ Med *collecting the texts* meiner ikkje Hudson innsamling av tekstar, men *innsamlinga av taleopptaka*: ”Typically, this means finding people willing to be interviewed and recorded for about an hour ...” (2001:152).

føregår i eit gitt språksamfunn på eit gitt tidspunkt. Granskingar av denne typen byggjer på *the apparent time hypothesis*:

[The hypothesis holds that,] for the most part, the core features of an individual's vernacular language variety will be solidified for life by the time they reach their late teens, and so the speech of those in different age groups can be taken as representative of the speech of different time periods (Schilling 2013:54-55)

Ifølgje hypotesen kan ein dermed granske distribusjonen av lingvistiske variablar i ulike aldersgrupper for så å tolke språkleg ulikskap mellom desse aldersgruppene som uttrykk for faktiske språklege endringar. Endringane klassifiserer ein då som historisk endring (jamfør 4.6.1). Ein slik rekonstruksjon av tida kan vere eit godt reiskap når ein forsøker å kartleggje språkutviklinga på ein stad og ikkje har tilgang til eldre kjelder av tilfredsstillande kvalitet. Eit problem med denne metoden er at ein aldri kan vere sikker på om resultatane ein får, representerer ein pågåande endringsprosess eller ikkje: "It is obvious that distributions across age levels might not represent change in the community at all, but in stead might represent a characteristic pattern of "age-grading" that is repeated in every generation" (Hockett 1950, referert i Labov 2002:73). For å sikkert finne ut av om det ein observerer faktisk er historisk endring eller livsfaseendring, må ein studere språkendring i *verkeleg tid*.

5.2.2 Verkeleg tid

Å gjere ei undersøking i verkeleg tid inneber at ein observerer eit språksamfunn på to ulike tidspunkt (Labov 2002:73). Ein returnerer altså til det same språksamfunnet og gjentek den same undersøkinga etter ein gitt periode. I Dialektendringsprosessar er det eit mål at undersøkingane skal vere i verkeleg tid, og granskingane har derfor føregått på stader der språket tidlegare har vore observert (Anderson 2011:1). Molde var ein av desse stadene. Her fekk prosjektet løyve til å nytte lydopptak frå 1989, som Aud Nødtvedt samla inn i samband med hovudoppgåva si om Molde bymål (1991). Dataa hennar utgjer utgangspunktet for nye språklege analysar. Då eg returnerte til Molde og gjorde nye observasjonar i 2013, fekk eg dermed moglegheita til å lage ein studie over språkendring i Molde bymål i verkeleg tid.

I granskingar av denne typen, som strekker seg over lengre tidsperiodar⁶⁶, skil ein mellom to hovudtypar av studiar: trendstudiar og panelstudiar. I ein *trendstudie* er framgangsmåten å finne eit utval i populasjonen som er tilsvarande utvalet i den fyrste undersøkinga, slik at ein kan jamføre språkbruken til *samanliknbare* grupper av informantar

⁶⁶ Også kjent som *longitudinelle studiar* (longitudinal studies) (Labov 2002:75).

(Labov 2002:76). I ein *panelstudie* undersøker ein språkbruken til dei *same* individa på ulike tidspunkt. Då vert det fokusert på endring (eller det tilnærma fråveret av endring, dersom hypotesen om tilsynelatande tid stemmer) hjå den enkelte språkbrukaren. I dei tilfella der det har vore mogleg å spore opp at deltakarar frå tidlegare sociolingvistiske granskingar og intervjuer dei på nytt, har dette vore gjort i Dialektendringsprosessar. Der har målet vore å ha halvparten panelinformantar og halvparten trendinformantar (Anderson 2011:1).⁶⁷ Av praktiske årsaker vart det ikkje mogleg å gjennomføre ein panelstudie i mi Molde-gransking. Dei eldste informantane til Nødtvedt hadde blitt for gamle (den yngste av dei er no 95 år), medan informantane i ungdomsintervjua berre hadde fire minutt taletid i snitt i Nødtvedt si gransking. Der vart tilgangen til data for knapp til å danne seg eit samanlikningsgrunnlag for talemålsutviklinga. Moldegranskinga er derfor ein trendstudie.

Ved gjennomgangen av funna frå undersøkinga vil eg vise resultatane både i eit *tilsynelatande tid-perspektiv*, der eg ser på språkbruk i samband med årsklasse (fødselsår), og i eit *verkeleg tid-perspektiv*, der eg samanliknar språkbruk i dei to opptaksåra.

5.3 Val av granskingsområde og informantar

Etter å ha funne ein hensiktsmessig metode med utgangspunkt i problemstillinga og klargjort kva type gransking det vert mogleg å gjennomføre (til dømes ut frå tilgang på eldre datamateriale), såg vi at det neste trinnet i ein kvantitativ studie var 1) å velje talarar og opptakssituasjon, og 2) å samle inn taleopptaka (jamfør avsnitt 5.1.1). Slike prosessar involverer nokre svært viktige avgjersler som til ein viss grad er dikterte av dei venta resultatane (Hudson 2001:151). Hypotesane eg presenterte i kapittel 4, er resultatane eg venta å finne frå granskinga i Molde. Saman med dei sosiale variablane eg valde å nytte, la dette føringar på kva kriterium eg måtte operere med ved val av informantar og granskingsområde.

5.3.1 Granskingsområde

I denne granskinga vil eg undersøkje dialekten som vert snakka i Molde by. Samstundes er det då nødvendig å utkrystallisere kva område som utgjer byen. Her fann eg ut at den definisjonen SSB opererte med (som skildrar tettstaden Molde og avgrensar området geografisk), var godt eigna (jamfør avsnitt 2.1). Granskingsområdet vart dermed synonymt

⁶⁷ Det er fordi ein panelstudie kan gi svar på om individa sin tale verkeleg er stabil etter ungdomstida, eller om ein finn teikn til livsfaseendring. Samstundes treng ein då trendinformantar til å kunne uttale seg *ut over* desse individa for å seie noko om teikn til historisk endring i storsamfunnet.

med det geografiske området SSB kallar *tettstaden Molde*. Per i dag svarar det i praksis til dei to områda som Bekkevoll og Bergmo skulekrinsar (og Molde og Røbekk kyrkjekrinsar) dekkjer. Nødtvedt opererte i si tid med eit granskingsområde som var noko snevrare enn mitt, og det er ikkje den einaste ulikskapen mellom studiane. I avsnitt 5.5 vil eg samle og diskutere dei største metodiske skilnadene i dei to granskningane.

5.3.2 Informantane

Når ein vil generalisere resultat og uttale seg om utviklinga i store delar av eit språksamfunn, er ein avhengig av at informantutvalet best mogleg speglar populasjonen ein granskar: ”Any social study that draws conclusions about a large group when only selected members of that group have been observed must be concerned with representativeness” (Milroy og Gordon 2006:24). Kor godt informantutvalet representerer ein større populasjon, vert avgjerande for styrken på konklusjonane ein kan trekke. Utvalet må også vere basert på kva informasjon ein ønskjer å avdekkje: Når eg planlegg å sjå språkutvikling i forhold til dei sosiale variablane kjønn, alder og lokalgeografisk tilhøyrse (jamfør 4.6.1-4.6.3), vart det klart at eg måtte finne informantar av begge kjønn, i forskjellige livsfasar og med ulik lokalgeografisk tilhøyrse⁶⁸. I Dialektendringsprosessar opererer ein i tillegg med tre ekstra krav til informantane:

- 1) Dei må ha vakse opp og budd på staden sidan seksårsalderen.
- 2) Dei som vert trekte ut, oppgjev ut frå ei eigenvurdering at dei snakkar moldensar⁶⁹.
- 3) Dei som vert trekte ut, må bu på den aktuelle staden eller i den aktuelle bydelen i dag (Anderson 2011:1-3). Argumentasjonen bak desse krava kan ein lese meir om i Anderson 2011:1-3.⁷⁰ Utvalskriteria opna dermed for at barn av innvandrarar også var potensielle intervjuobjekt, i tillegg til folk som hadde budd vekk i kortare periodar, til dømes i samband med høgare utdanning. For 2013-utvalet var eg ute etter 24 informantar totalt.⁷¹

Ved rekruttering av informantar var innhentingemetoden ulik for ungdomsgruppa og vaksengruppene. Metoden eg nytta ved utveljing av dei eldre og midaldra informantane, var såkalla *tilfeldig utval* (engelsk *random sampling*): ”The guiding principle of random sampling is that anyone within the sample frame has an equal chance of being selected” (Milroy og

⁶⁸ Kravet om lokalgeografisk tilhøyrse gjaldt berre ungdommane (om dei gjekk på Bekkevoll eller Bergmo).

⁶⁹ Sidan prosjektet skal dekkje Vestlandet, er den opphavlege formuleringa ”... oppgjev ut frå ei eigenvurdering at dei snakkar ei eller anna form for vestnorsk” (Anderson 2011:2). Kravet er her tilpassa mi gransking.

⁷⁰ I hovudsak dreier det seg om biologiske grenser for evna til å lære seg 100% artikulatorisk korrekt språkuttale, dvs. få morsmålskompetanse.

⁷¹ Det utgjer fire informantar i kvar celle, jamfør tabell 10. Talet 24 er også valt ut fordi det av erfaring er den maksimale mengda informantar ein har kapasitet til å transkribere talen til når ein samstundes skal handsame gammalt materiale.

Gordon 2006:25). På denne måten kan ein skaffe seg eit representativt bilete av befolkninga på undersøkingsstaden. I praksis gjorde eg det tilfeldige utvalet via det ein kan kalle *telefonkatalogmetoden*: Eg nytta den digitale telefonkatalogen 1881⁷² og gjekk inn på ”Person” og søkte etter Molde. Eg valde deretter eit filter som avgrensa søket til personar med poststad Molde. Søket gav om lag 16 000 treff, og eg valde ut kvar 400. person på lista. Slik forsøkte eg å etterlikne ei ”mekanisk prosedyre” der kvart *n*te individ vert valt innanfor ei gitt ramme.⁷³ For å kontrollere at alderen stemde overeins med dei alderskohortane eg var ute etter, nytta eg skattelistingene⁷⁴. Viss eg fekk treff der, ringde eg opp personen, presenterte meg sjølv og prosjektet mitt, og hørde om informanten (dersom han/ho oppfylte krava) ville delta i intervjusamtale. Målet var å få tak i informantar som hørde til tre ulike livsfasar, og som var likt fordelte på dei to kjønna. Eit tilfeldig utval burde også naturleg rekruttere folk som høyrer til ulike sosiale lag. Dei ideelle alderskohortane i Dialektendringsprosessar er:

- 1: 14-16 år = livsfase yngre
- 2: 35-50 år = livsfase midaldra
- 3: 65-80 år = livsfase eldre (Anderson 2011:2).

I tillegg til at dei skulle stille opp sjølve, bad eg informantane om å ta med seg ein venn på intervjusamtalen. Grunngevinga for å ha to informantar saman er at opptakssituasjonen vert meir avslappa då dei kan spela på utsegnene til kvarandre, samstundes som dei fungerer som språklege ”kontrollørar” for at den andre parten ikkje legg om talen frå sånn han plar vera (Anderson 2011:9). Slik heldt eg fram til eg nådde talet på 16 vakseninformantar.

For elevane var utplukkingsmetoden ein annan. Her gjorde eg nytte av ungdomsskulane sin posisjon som samlingsstad for ungdommar, og det faktum at informantane eg ønskte, dermed var ein ”fanga populasjon” på området. Eg hadde kome i kontakt med aktuelle informantar alt under haldningsgranskinga i Molde for Dialektendringsprosessar i 2012 (jamfør avsnitt 4.2.3). Her vart fleire skuleklassar (og alle lærarane) ved Bekkevoll ungdomsskule og Bergmo ungdomsskule plukka ut til å vere deltakarar. Etter testane fekk elevane eit skjema som skulle kartleggje dialektbakgrunnen deira. Eg tok i bruk skjemaet for å finne fram til aktuelle kandidatar. Kvar potensielle informant vart knytt til eit nummer på ein lapp. Tilbake i Bergen trekte eg ut fire av lappane,

⁷² 1881. *Digitale medier. 1881*. [Lasta ned 09.01.2013]

⁷³ ”Ramma” vert noko mindre enn ho ideelt sett burde vere, då ein med denne metoden berre når tak i dei informantane som er registrerte i telefonkatalogen. Eit anna alternativ enkelte har nytta seg av, er å kontakte Folkeregisteret og få skrive ut lister over innbyggjarar. I denne masteroppgåva vart ikkje det mogleg: Tenesten kostar sitt, samtidig som det har vist seg å ta nokså lang tid å få tilgang til dei aktuelle listene. Telefonkatalogmetoden vart dermed sett på som den mest hensiktsmessige måten for å skaffe eit tilfeldig folkeutval i denne granskinga.

⁷⁴ Skattelister. *VG. Skattelister.no. Inntektsåret 2012*. [Lasta ned 09.01.2013]

slik at eg også der fekk eit mest mogleg tilfeldig utval frå den fanga populasjonen. I tilfelle nokon ikkje kunne stille, trekte eg ut ein reserve til kvar av elevane som sikkerheitsprosedyre. Lærarane vart også bedne om å kome med innspel dersom ein av dei uttrekte av ulike årsaker absolutt ikkje var eigna for ein intervjusituasjon, og der ein tilgjengeleg reserve dermed ville vere avgjerande. Eit slikt bytte skjedde ein gong. Til slutt hadde eg samla det informantutvalet eg ønskte meg: åtte ungdommar, åtte midaldra og åtte eldre, likt fordelt på begge kjønn. I tillegg kom Nødtvedt sine 22 informantar, slik at heile utvalet til saman utgjorde 46 informantar. Tabell 10 nedanfor viser den samla aldersmatrisa for moldeinformantane:

Tabell 10: *Aldersmatrise, livsfase*

	<i>Opptaksår</i>			
	1989		2013	
<i>Livsfase</i>	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Eldre (65-84 år)	4	4	4	4
Midaldra (35-50 år)			4	4
Yngre (14-16 år)	8	6	4	4

I mitt materiale vert dei yngre frå 1989 og dei midaldra frå 2013 dei to gruppene som vert *samanliknbare* informantar (jamfør 5.2.2 om verkeleg tid). Informantane i desse gruppene er fødte rundt 1970. Elles er det verdt å merke seg at den eine informanten i 2013-materialet viste seg å vere fødd i 1929 og fylte med det 84 år i granskingsåret 2013.⁷⁵ Eg har derfor utvida eldre-livsfasen til å gjelde opp til 84 år. Slike mindre avvik frå kohortane er godtekne i Dialektendringsprosessar, då informanten sjølv var ved god helse og gjerne ville stille opp i prosjektet. Deler ein dei 46 informantane inn etter årsklasse (generasjon) slik Dialektendringsprosessar gjer, ser det same utvalet slik ut:

Tabell 11: *Aldersmatrise, årsklasse*

<i>Årsklasse</i>	Kvinner	Menn
I (1890-1919)	3	2
II (1920-1949)	5	6
III (1950-1979)	12	10
IV (1980-2009)	4	4

⁷⁵ Personen var ein samtalepartnar ein av dei andre informantane sjølv valde.

5.4 Feltarbeid i praksis – kva og korleis?

Før innsamling av data kunne starte, måtte også formell godkjenning vere på plass. Alle som skal samle inn, handsame, registrere eller lagre personopplysingar må melde frå om og få godkjenning frå Personvernombudet for forskning. Det gjer ein ved å fylle ut meldeskjema.⁷⁶ Prosjektet Dialektendringsprosessar var allereie klarert frå NSD, og løyve for moldegranskinga var raskt på plass. Straks var det klart for å starte på sjølve feltarbeidet.

Etter å ha avtalt eit passende tidspunkt for intervju med informantane, kunne innsamlingsarbeidet gå i gang. Eg hadde forklart grundig om prosjektet over telefonen, men til kvart intervju tok eg likevel med eit ark der eg informerte meir om deltaking i eit forskingsprosjekt og Dialektendringsprosessar (sjå vedlegg 4). Elevane fekk sine skriv i god tid før sjølve samtalen, sidan eg ønskte at også foreldra skulle få informasjon om og samtykke til intervju. Ungdommar over 15 år har sjølve, etter vedtak frå NSD, lov til å seie ja eller nei til å delta i granskingar som ikkje inneheld sensitive spørsmål.⁷⁷ Eg tykte likevel det var greitt å få informere foreldra om prosjektet, og rektorane ved Bekkevoll og Bergmo sende derfor ut eit skriv på vegne av Dialektendringsprosessar og meg. Brevet til elevane står i vedlegg 2.

5.4.1 Intervjusamtalen

Eit hovudmål i alle informantgruppene var å få til ein uformell intervjusituasjon slik at talen kunne verte tilsvarande uformell. Å gjere intervju med to og to vener var dermed ikkje berre viktig som kontrollinstans: Det forsterka også tanken om eit uformelt samtalemiljø. I Dialektendringsprosessar gjer ein i tillegg eit poeng av at talemålet til opptaksleiaren skal ha minst mogleg påverknad på språket til informantane. Ein satsar derfor på å få tak i opptaksleiarar som har eit talemål som ”ikkje ligg så langt frå det dei har på opptaksstadene” (Anderson 2011:10). Sjølv er eg oppvaksen på Hollingen 15 kilometer frå Molde sentrum, og dialekten min liknar den dei snakkar i Molde.⁷⁸ Eg hadde også den vidaregåande skulegangen min i byen. Å ha felles talemål var ikkje berre positivt for å minimere den språklege påverknaden: Eg opplevde det òg som ein stor fordel at informantane og eg hadde ei felles kulturell referanseramme. Kjennskap til lokalmiljøet og fleire like identitetsmarkørar gjorde at

⁷⁶ NSD. *Opprett nytt meldeskjema*. [Lasta ned 04.03.2014]

⁷⁷ Dvs. at ein styrer unna tema som livssyn, seksualitet, økonomi og politisk ståstad.

⁷⁸ Mest av alt liknar han dialekten til den midaldra aldersgruppa på 2013-opptaka.

val av samtaletema fall meir naturleg.⁷⁹ For å ytterlegare skape ein uformell situasjon, var det eit mål å gjennomføre intervjua ein stad der informantane var trygge og kunne slappe av. Den enklaste måten var å tilby seg å kome heim til informantane. Forslaget vart gjennomgåande godt motteke og var ei god løysing for begge partar. To av dei midaldra informantane intervjuja eg på arbeidsplassen, som også kan seiast å vere deira eigne ”domene”.⁸⁰ Ungdomsintervjua vart gjennomførte på skulane i skuletida. Her hjelpte rektorane til og ordna eigna grupperom der vi fekk sitje uforstyrra.

Samtalelengda var om lag ein time når to personar vart intervjuja i lag. I nokre tilfelle var det berre éin informant til stades, då det av ulike grunnar ikkje var mogleg for den andre vennen å møte. Desse intervjua varte ein halvtime. Informantane hadde varierende personlegdomar, alder, bustad og interesser, så eg tok meg god tid før eg starta opp intervjua til å snakke om laust og fast.⁸¹ Det gjorde eg samtidig som eg sette opp opptaksstyret, som bestod av ein digital lydopptakar og to mikrofonar. Dei vaksne fekk også lese gjennom informasjonsbrevet til informantar og kome med eventuelle spørsmål. Før eg starta samtalen med ungdommane, vart det poengtert at det ikkje kom til å komme spørsmål som testa kunnskap. Dei skulle altså ikkje frykte å svare feil. Det verka til å roe elevane ytterlegare, og dei såg ut til å gå avslappa inn i samtalsituasjonen.

Sjølv intervjuja var *semistrukturerte*, slik at eg kunne styre intervjuet og spørsmåla på ein måte som skapte mest mogleg naturleg flyt i samtalen. På førehand hadde eg laga ein *intervjugaid*. Eg hadde ein type for ungdommane (I) og ein annan for dei vaksne (II), jamfør vedlegg 4. Generelt var det greitt å ha ein intervjugaid i samtale med ungdommane, som gjerne var litt knappare i svara. I andre tilfelle nytta eg mest ikkje gaiden i det heile. Uansett korleis samtaleflyten vart, passa eg på å strukturere intervjua i to hovudhalvdelar: ein der tema var alt anna enn språk, og ein annan der språket var i fokus (ein folkelingvistisk del). Som ein kan sjå i gaiden, var temaa i fyrste del saker som interesser, skulegang, fortid og framtid, og dessutan ulike spørsmål om lokalmiljøet. I den folkelingvistiske delen dreidde spørsmåla seg om syn på og haldningar til dialektar, i tillegg til spørsmål om eigen dialekt og bruken av han. Mot slutten av intervjua spurde eg informantane om dei tykte det var rart eller uvant med mikrofonane under samtalen. Dei avkrefta dette, og mange ga også uttrykk for at dei tenkte på det som ein vanleg samtale. I det heile verka dei fleste meir vande med opptak i ulike former enn kva folk var for eit par tiår sidan (og dertil meir avslappa), om ein samanliknar med

⁷⁹ Kanskje følte dei også at eg var mindre ”framand” å ha på besøk enn til dømes ein utanbys forskar – men det vert berre spekulasjonar.

⁸⁰ Lokaliteten var etter informantane sine eigne ønske, då det passa best inn i ein elles travel yrkeskvardag.

⁸¹ Det verkar å vere ein romsdalsk folkesport å finne felles kjende (uvitskapleg observasjon).

rapportar frå eldre granskingar. Det kan i seg sjølv vere ein positiv indikator på at ein i større grad har lukkast med å fange ”den uformelle daglegtaleten” på opptak.

Etter intervjuet bad eg informantane om å fylle ut eit spørjeskjema med personopplysningar, jamfør vedlegg 5. Føremålet med skjemaet var i hovudsak å kartleggje informantane sin dialektbakgrunn og å kunne knytte språkbruken deira opp mot aktuelle sosiale variablar. Av denne grunnen spurde eg mellom anna om yrke, kjønn og utdanning.⁸² Til kvart opptak skreiv eg også ein logg – sjå vedlegg 6. Her tok eg mellom anna med opplysningar om intervjuar, informant og intervjuetid, samt kroppsspråk og språkhaldningar hjå informanten. Loggen etter samtaleopptaka vert oppbevart separat frå lydopptaka på Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen. Den kan vere verdifull å ha om ein på eit seinare tidspunkt skal skaffe oversikt og orientere seg i eit stort materiale.

5.5 Det gamle mot det nye materialet

Når det gjeld metode, er det ein del som skil granskinga Aud Frøydis Nødtvedt gjorde i 1989, frå den eg gjorde i 2013. I den samanhengen var det eit par val som måtte vurderast. Ein stor fordel med Nødtvedt si gransking er at ho var klart sosiolingvistisk. Mykje av metoden var derfor lik den eg nytta seinare. I begge granskingane var hovudmetoden for datainnsamling den same: Vi heldt oss begge til *det sosiolingvistiske intervjuet*. Det såg eg som spesielt heldig, då også Nødtvedt har hatt som mål å skape ein uformell atmosfære der ho skal ha ut *mykje* tale. Som eg opererte Nødtvedt med parintervju, og dei var todelte: Den fyrste halvdelen handla om oppvekst og interesser, medan den andre handla om dialekt og språk. På desse områda er granskingane dermed ganske like. Nødtvedt hadde derimot berre to aldersgrupper: *eldre* over 65 og *ungdommar*. I ”dialektdelen” av intervjuet valde ho å spørje direkte om bruk av språktrekk. Eit av spørsmåla som går att, er til dømes: ”Seier du ikkje [içø] eller ikkje [ikø]?” I gjennomgangen av materialet frå 1989 har eg ikkje teke med den delen av opptaka som inneheld ungdommane sin *rapporterte tale*, men heller brukt resten av intervjusamtalen til å samle inn og *registrere* det faktiske talemålet. Grunngevinga for det er at ei rekke granskingar har vist at det ikkje nødvendigvis er korrelasjon mellom kva informantar seier om sitt eige talemål, og det talemålet dei faktisk brukar (Akselberg og Mæhlum 2008:84). I tillegg til at ungdomsintervjuet inneheldt sekvensar med rapportert tale,

⁸² Desse opplysningane skulle inn i ei ”bakgrunnsfil” med personopplysningar om informanten, kjent som ei *metafil*. I avsnitt 5.6 går eg nærmare inn datahandsaming og metafiler.

skilde dei seg også ut ved å vere langt kortare: Opptaka med dei 14 informantane varte samanlagt i berre to timar. For kvar av vaksenintervjua var opptakstida på tre kvarter til ein time.

Den andre store skilnaden mellom moldegranskingane går på metoden for utveljing av informantar. Nødtvedt nytta nettverket sitt til å få tak i aktuelle kandidatar for intervju. Kandidatane vart ofte folk karakteriserte som ”ekte moldensar” (1991:76). Dette er ugunstig, då folk gjerne knyter ”ekte dialekt” til høg frekvens av arkaiske trekk. Utvalet stod såleis i fare for å vere noko mindre representativt for språket på granskingsstaden. Samstundes veit vi også at sosiale nettverk spelar ei rolle for språket vi brukar (jamfør 4.2.5). Labov skriv:

An accurate view of an urban community [...] cannot be obtained by any approach that begins with the personal connections of the investigators. A truly representative sample of the speech community must be based on a random sample [...] (2006:38)

Nødtvedt var klar over problemet og ønskte sjølv eit tilfeldig utval, men forklarar at ”mange moment gjer at det ikkje var mogleg” (1991:75). Mellom anna hadde ho problem med å få tak i data frå SSB. Ho var likevel oppteken av at utvalet etter forholda skulle vere representativt og sørgde for å få hjelp til å finne informantar med ulike *alder, kjønn, utdanning og sosial kontaktflate*, som var hennar sosiale variablar. Ved utveljinga av elevar fekk ho assistanse av rektoren på Bekkevoll ungdomsskule til å finne elevar som møtte informantkrava. Nødtvedt hadde som krav til ungdomsinformantane at dei måtte ”bu i dei sentrale delar av byen og ha gått anten på Kvam, Sellanrå eller Langmyra barneskule” (1991:77). I praksis var informantane dermed berre frå Molde sentrum eller Molde vest.⁸³ Også dei vaksne informantane høyrde til eit noko snevrare geografisk område enn det eg opererte med. Eit av krava var: ”Informanten skulle vere fødd i det som var byen før bygrensene/kommunegrensene vart endra i 1964, eller vedkomande skulle ha budd i Molde frå han/ho var 6 år gammal og mesteparten av livet” (Nødtvedt 1991:76).

Vi ser at det er ein del som skil dei to granskingane, og eit av dei største problema i prosjektet var om eg burde ha tilpassa metoden meir til den Nødtvedt nytta, eller halde meg beint til det metodiske opplegget utvikla av Dialektendringsprosessar. Jo nærmare eg kunne attskape Nødtvedt si gransking, desto meir forsvarleg var det å kunne samanlikne dei to granskingane. Eg valde likevel å følgje forskingsprosjektet sitt metodiske opplegg så nært eg kunne. I Dialektendringsprosessar tilrår ein også nettopp dette, fordi ein no har betre innsamlings- og registreringsmetodar, men ikkje minst fordi innsamlingane gjorde i

⁸³ Av denne grunnen kunne eg berre teste variabelen *lokalgeografisk tilhøyrse (aust/vest)* på ungdommar i 2013.

Dialektendringsprosesser, skal kunne gjerast om att om cirka 30 år (Anderson 2011:9). Det er også viktig at delprosjekta innanfor prosjektet skulle kunne vere jamførbare. Av denne grunnen er berre lydopptaka til Nødtvedt nytta som samanlikningsgrunnlag i oppgåva. Materialet var omfattande, og av omsyn til transkripsjonen kunne ikkje alle opptaka inngå i det nye materialet. Som aldersmatrisa i tabell 10 viste, prioriterte eg derfor å ta med eit utval som svarte til det nye ved å ha om lag like mange informantar i kvar gruppe som på 2013-opptaka.

5.6 Handsaming av data

Etter intervjua vart resultatet nesten 13 timar med lydopptak. Saman med dei eldre opptaka til Nødtvedt, utgjorde det totalt 17 timar opptak av talemål for analyse. Behandlinga av lydfilene skjedde i programmet PRAAT⁸⁴, som er eit program for fonetisk taleanalyse. Her skriv ein inn, altså transkriberer, det informantane seier, til normert nynorsk. Dette gjer det enklare å søke etter ulike variablar i ettertid. Eit slik system gjer det også enklare å samanlikne på tvers av ulike talemålsprosjekt, ettersom alle som jobbar i Dialektendringsprosesser held seg til same transkripsjonsmetode. Når ei *transkripsjonsfil* var ferdig, vart ho retta av ein tilsett på prosjektet. Det fungerte som ein ekstra kontrollinstans. Etter at endringane var skrivne inn i transkripsjonsfilene, vart transkripsjonsfiler og *metafiler* (informantopplysningar) sende over til Uni Digital⁸⁵, som driv forskning og utvikling på områda språk, språktesting, elektronisk publisering, digitale medium og elektronisk læring. Dei konverterte det ferdige materialet og la det inn i *Talebanken*⁸⁶. Talebanken er UiB sin forskingsbase for talemålsgranskingar. Opptaka frå Molde i 1989 og 2013, og transkripsjonfilene som høyrer til desse opptaka, inngår no i dette dialektkorpuset.

Etter at filene var på plass i Talebanken, vart det mogleg å søkje opp dei språklege variablane og slik hente ut resultatata frå granskinga. Fordi transkripsjonen i PRAAT var til normert nynorsk, var det enkelt å vite kva ord og strukturar ein skulle søkje etter. Søkjer ein til dømes på ”eg” i moldematerialet, vil alle variantane av ”eg” (slik som /i:/, /jei/ og /e:/) dukke opp. Deretter merka eg alle treffa etter kva variant dei høyrde til. Når ein variabel er ferdig merkt, kan ein sjå på distribusjonen av variantane fordelt på ulike faktorar ein sjølv vel (til dømes alder, kjønn eller opptaksår). Dei statistiske resultatata kan ein så laste ned som ei

⁸⁴ PRAAT. *Praat: doing phonetics by computer*. [Lasta ned 19.11.2013]

⁸⁵ Uni Digital. *Uni Digital*. [Lasta ned 19.11.2013]

⁸⁶ Talebanken. *Talebanken*. [Lasta ned 19.11.2013]. Ei orientering om Talebanken kan lesast i dokumentet *Talebanken ved LLE, UiB. Ei orientering*. [Lasta ned 27.03.2014] Sjå litteraturliste for elektronisk lenkje.

(noko usortert) Excel-fil. I Excel kan ein deretter føre det inn i tabellar.

På Dialektendringsprosessar har det også vore ein tradisjon å *signifikansteste* resultata. Det er normalt gjort av ein tilsett ved prosjektet, eller som i mitt tilfelle: ved hjelp av ein ekstern konsulent. Signifikanstesting kan ein definere som ”en statistisk metode for å komme fram til utsagn om heile populasjoner (som vi ikke observerer) ut fra de data vi observerer i et mindre utvalg” (Høgskolen i Oslo og Akershus).⁸⁷ Slike utsegner vil nesten alltid være usikre. Jo større usikkerheit, jo mindre "signifikant" er resultatet. Eit resultat av ein statistisk analyse vert altså rekna som statistisk signifikant viss det er lite sannsynlig at resultatet har oppstått tilfeldig. Signifikanstestinga vart utført i statistikkprogramvara IBM SPSS Statistics⁸⁸. Ved gjennomgang av materialet nytta vi testane Anova og Tukey HSD.

5.7 Datakvalitet: reliabilitet og validitet

God datakvalitet er avgjerande for å sikre seg at ein trekker riktige og truverdige slutningar i ei undersøking. I forskning er det to grunnleggjande krav til datakvalitet som må verte oppfylte: krava om *reliabilitet* og *validitet*. Akselberg og Mæhlum skildrar *reliabiliteten* til dataa som ”en betegnelse for nøyaktigheten i måten data er samlet inn på” (2008:75). Ein av dei beste måtane ein kan sikre høg reliabilitet på, er ved å ha etterprøvbare kjelder. På denne måten kan ein undersøke om ein studie er påliteleg og reliabel ved å gjenta han under dei same forholda og ved bruk av den same metoden (Grønmo 2007). Ein slik gjentakingskontroll er ikkje gjort i Molde, då det hadde vore altfor omfattande for ei masteroppgåve, men eg forsøkte å dokumentere framgangsmåten for innsamling av data på ein mest mogleg utfyllande måte. På prosjektet Dialektendringsprosessar er også metoden for datainnsamlinga felles for alle granskingane, og innsamlingsopplegget er nøye gjennomprøvd og empirisk forankra. Kanskje viktigast er det likevel at dei innsamla dataa frå granskingane hamnar i Talebanken. Det gjer alle resultat etterprøvbare. Dersom noko av materialet har vorte feilmerka, kan det svekke reliabiliteten i granskinga. Talebanken mogleggjer då ein kvalitetskontroll av resultata slik at ein kan unngå dette. I tillegg til å sørge for at resultata frå datainnsamlinga skulle kunne etterprøvast, var eg påpasseleg med å ikkje stille leiande spørsmål under sjølve granskinga. I intervjusituasjonar er det svært viktig at forskaren er medviten om eiga rolle og heile tida jobbar for å sikre at granskinga er uavhengig og objektiv.

⁸⁷ Høgskolen i Oslo og Akershus. *Undersøkelesemetoder m/statistikk*. Lasta ned 17.02.2014]

⁸⁸ IBM. *SPSS Statistics*. [Lasta ned 19.11.2013]

Dette inneber å opptre som ein *nøytral part* når informanten skal uttrykke sine meiningar om eit fenomen.

Det andre kravet til datakvaliteten er kravet om *validitet*. ”Valide data vil si at de opplysningene vi har samlet inn, virkelig er relevante for problemstillingen i undersøkelsen”, skriv Akselberg og Mæhlum (2008:75). Ut frå desse krava kan ein seie at ein studie har *høg validitet* dersom datainnsamlinga og analysane resulterer i data som er relevante i forhold til problemstillinga. Validiteten handlar dermed om gyldigheita av ein studie: Det må vere samanheng mellom målet for undersøkinga, spørsmåla ein stiller og dei metodane ein nyttar for å kunne svare på dei. Validiteten er ikkje alltid enkelt å måle, då forskaren sine oppfatningar av kva som er relevant og ikkje for undersøkinga og problemstillinga, kan variere. I mi gransking er det spesielt to kritiske ”validitetspunkt”: Det fyrste gjeld valet av det sosiolingvistiske intervjuet som metode for å hente ut talemateriale. Her vert det eit vesentleg poeng om ein annan samtalsituasjon kunne resultert i meir relevante data. Det andre punktet gjeld informantane si bakgrunnsfil (vedlegg 5), og om opplysningane som vert henta inn, er dekkjande som grunnlag til å gjennomføre ein korrekt analyse. Som to relevante målestokkar for å vurdere validiteten, vektlegg Grønmo *kompetansevaliditet* og *kommunikativ validitet* (2007). Kommunikativ validitet vert bygd på ”dialog og diskusjon mellom forskeren og andre om hvorvidt materialet er godt og treffende i forhold til problemstillingene i studien” (Grønmo 2007:235). På universiteta føregår i hovudsak denne dialogen mellom rettleiar, medstudentar og vitskapleg tilsette. Dialektendringsprosessar har også faste møte kvar tysdag, der deltakarane diskuterer og får innspel på prosjekta sine. På denne måten kan ein sjå for seg universitetsnettverket som ein viktig validitetskontrollør.

Kompetansevaliditet dreier seg om forskaren sin kompetanse til å skaffe datamateriale innan det aktuelle fagfeltet. Reidunn Hernes skriv at praktiske spørsmål i samband med datainnsamling må ”løysast ut frå ei grunnleggjande forståing av kva datamateriale som best kan svara på problemstillinga i prosjektet, og denne grunnleggjande forståinga er av teoretisk art” (2006:74). For å oppnå ei grunnleggjande teoretisk forståing, brukte eg mykje tid på å lese meg opp på sosiolingvistisk teori og tidlegare forskning.⁸⁹ Samanlagt håpar eg at desse grepa har sikra ein høgare grad av reliabilitet og validitet i granskinga.

⁸⁹ Samstundes kjem ein ikkje vekk frå at *mengda* av forskning som eksisterer på feltet, etter kvart er så omfattande at ein fullstendig bakgrunnskunnskap ikkje var mogleg å oppnå i løpet av eit korttidsstudium.

5.8 Andre metodiske vanskar

Vi såg i 5.4.1 at intervjusamtalane var lagt opp med eit mål om å skape eit uformelt samtalemiljø, slik at talen til informantane skulle bli tilsvarande uformell. Eit kjent problem i sociolingvistikken er at folk snakkar annleis når dei veit at talemålet kjem i fokus, til dømes når dei vert tekne opp på band. William Labov skriv: “ The aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed; yet we can only obtain this data by systematic observation” (1972:209). Dette har vorte kjent som ”the observers paradox” – *observatørparadokset*. Observasjonen av ein informant vert altså påverka av nærværet av observatøren. Når ein skal kartleggje språkbruk, er det ”det avslappa språket”, daglegtalet (engelsk *vernacular* eller *casual speech*) ein helst er ute etter – men om noko slikt finst, er i det heile sterkt debattert (Akselberg og Mæhlum 2008:81-82). Mange vil sjå på ein intervjusituasjon som ganske formell. Med ein bandopptakar ståande midt på bordet vert inntrykket (og ubehaget) gjerne forsterka. Det er derfor viktig å hugse på at talen i desse situasjonane ikkje alltid vil vere den same som ved til dømes spontane kjensleutbrot. Nærværet av observatøren kan ha konsekvensar for informantens sine val av register og stil, og det vert eit problem å ikkje vite i kva grad talen til informanten let seg påverke av situasjonen og intervjuaren. Ein lyt setje sin lit til at grepa skisserte i 5.4.1 (heimeintervju med ein ven til stades og lokal intervjuar) minskar faren for påverknad frå intervjuaren og bidreg til å skape ein avslappa atmosfære.

I samband med forsøket på å skape ein uformell intervjusituasjon finst det også teoriar om kva type spørsmål ein skal stille for å best få informanten til å gløyme fokus på eige talemål. Labov har mellom anna anbefalt å spørje etter ”kid’s games” og ”the danger of death question” (Labov 1966, referert i Labov 2001:88), då desse tilnærmingane hadde vist seg å vere den mest suksessfulle strategien for å få intervjuobjekta til å gløyme det unaturlege ved opptakssituasjonen. I mange sociolingvistiske granskingar har derfor intervjuarar teke med spørsmålet ”Har du nokon gong vore i livsfare?” Spørsmålet finn ein også att på Dialektendringsprosessar-opptak, i tillegg til at Nødtvedt spurde sine informantar om dette i 1989. For spørsmål av så personleg art, må ein vekte verdien av å spørje nettopp det spørsmålet opp mot faren for ubehag som ein utset informanten for. Spørsmål ein trur vil vere spennande kan i verste fall utsetje intervjuobjektet for psykisk eller fysisk ubehag. Spesielt viktig er dette for ungdommar, som kan føle sterkare på presset frå ein vaksen autoritet til å fortelje ei historie som han eller ho seinare angrar på. Av omsyn til informantane fann eg det ikkje formålstenleg å stille denne typen spørsmål i mi gransking.

Milroy og Gordon har også åttvara mot *danger of death*- spørsmålet, då ulike granskingar har vist at "the [...] question does not translate well into every speech community" (2006:65-66). Intervjugaiden utforma eg derfor heller med eit mål om å skape tillit og "ei kjekk stund". Då vart det i praksis langt enklare å vise omsyn for intervjuobjektet sin personlege integritet og psykiske velferd. Mi klare oppfatning i ettertid er også at informantane vart vel så ivrige og kjapt gløynde både mikrofon og språkbruk då dei snakka om barndomsleikar, skuletida og ferieminne. At dette er gode tema får også støtte i litteraturen frå fleire enn Labov, og Schilling ytrar at temaet barndomsleikar er av spesiell verdi fordi "it is held to be especially evocative of vernacular speech for adults" (2013:94). Utan å ha snikovervaka dei same informantane og studert talen deira i uformelle situasjonar (noko som sjølvstund er etisk uforsvarleg og ikkje aktuelt å gjennomføre), kan eg likevel ikkje vite i kva grad eg som intervjuar kan ha påverka språket til informantane. Uansett vil opptaka vise moldedialekten i *eitt av sine spekter*, det vere seg formell eller avslappa – eller kanskje helst ei blanding av begge.

5.9 Val av språklege variablar

I granskingar som tek utgangspunkt i ei problemstilling ein vil løyse, er metoden *måten* ein vel å løyse problemstillinga på, medan dei språklege variablane vert sjølv *middelet* (eller reagensrøra i testlaboratoriet). Det er ved å sjå på distribusjonen til dei ulike variantane (og variablane) at vi kan teste hypotesane vi har sett opp, og slik forhåpentlegvis finne svaret på problemstillinga. Men korleis skal ein velje dei språklege variablane ein vil undersøkje i granskinga, og kva kriterium skal ein gå etter? I 1963 kom William Labov med sine tre krav til naudsynte eigenskapar ein språkleg variabel må ha for å kunne nyttast i studiet av eit talesamfunn:

First, we want an item that is frequent, which occurs so often in the course of undirected natural conversation that its behavior can be charted from unstructured contexts and brief interviews. Secondly, it should be structural: the more the item is integrated into a larger system of functioning units, the greater will be the intrinsic linguistic interest of our study. Third, the distribution of the feature should be highly stratified: that is, our preliminary explorations should suggest an asymmetric distribution over a wide range of age levels or other levels or other ordered strata of society (Labov 1963:279, mine uthevingar)

Han la altså vekt på at språktrekket ein studerer skal 1) vere frekvent, 2) vere ein del av språkstrukturen, integrert i eit større system av fungerande einingar, og 3) ha tydeleg ulik

distribusjon mellom ulike aldersgrupper og andre sorteringar/ grupperingar av samfunnet. Eit anna kriterium som svært mange har vore opptekne av i sosiolingvistiske undersøkingar, er at variabelen skal vere *salient*. Då vel ein ut trekk som informantane sjølve peikar på som *markerte* eller *framståande*. Legg ein til grunn desse krava ved val av variablar, er det mellom anna mogleg å studere anten mange ulike variablar eller å fordjupe seg i svært fåe: Her har det i sosiolingvistikken også vore ein varierende praksis.

Ved val av variablar til eiga gransking gjekk eg mellom anna vekk frå Labov sitt krav om at dei nødvendigvis måtte inngå i ein større grammatisk struktur (til dømes eit bøyingsverk). Etter mi meining var det like fruktbart å sjå på markerte leksikalske trekk, som informantane ofte vil ha bestemte oppfatningar om. Då ville ein samstundes kunne få innblikk i om det er samsvar med informantane sine uttalte haldningar (og eventuelle stereotypiar). Slike utsegner utgjer eit verdifullt supplerande kvalitativt datamateriale. Eg ønskte også å kunne bruke nokre av dei same variablane som Nødtvedt hadde i si gransking, då dei truleg var frekvente. Nødtvedt granska tolv språklege variablar, så i alt vart talet på alternativ stort.⁹⁰ Sidan eg samstundes ønskte å seie noko om eit eventuelt endringsmønster i moldedialekten, håpte eg på å kunne finne variablar som hadde eit nokolunde sikkert geografisk opphav. Det viste seg svært vanskeleg i Molde bymål, der eit av dei største kjenneteikna ved dialekten nettopp er forenkla former med preg av å ha uklårt opphav (jamfør kapittel 2, 3 og 4). Til slutt enda eg opp med desse utvalskrava:

- 1) Forma må ha status som språkleg *variabel*, altså ha eit potensiale til å verte realisert gjennom ein eller fleire språklege *variantar* som er semantisk ekvivalente.
- 2) Variabelen må vere *frekvent* nok til at ein har nok belegg til å kunne seie noko om *distribusjonen* av dei ulike variantane innanfor ei gruppeinndeling av samfunnet.
- 3) Variabelen må helst ha variantar som anten kan klassifiserast som Molde høg eller Molde låg, eller som romsdalsk (lokal) eller utanbys (regional/ nasjonal), eller som tradisjonell eller ny.

I tillegg såg eg det som viktig å velje variablar og variantar som eg sjølv meiner at det går greitt å høyre uttalen på. Då får ein minimert faren for feilmerking ved gjennomlytting av materialet. Med dette som utgangspunkt valde eg åtte språklege variablar for vidare gransking frå moldematerialet.

⁹⁰ Nødtvedt sine variablar var V1: Ubunden form fleirtal av mask. og fem. substantiv. V2: Bunden form fleirtal av alle substantiv. V3: Presens av sterke verb. V4: Presens av svake verb. V5: Personleg pronomen, 1.person eintal subj.form. V6: Personleg pronomen, objektsforma, 1. og 2.person eintal. V7: 2.person fleirtal av personleg pronomen. V8: 3.person fleirtal av personleg pronomen. V9: Vokalisme (monoftong/ diftong). V10: Palatalisering av /n/ i /han/. V11: Bruk av tjukk l. V12: Bruk av ”ikkje” eller ”ikkje”. Dei sosiale variablane ho nytta var *kjønn*, *alder*, *utdanning* og *kontaktflate* (1991:86-92).

5.10 Presentasjon av dei språklege variablane

Dei språklege variablane er nummererte frå V1 til V8. For kvar variabel vil eg forklare kort om bakgrunnen for språktrekket, og kva variantar eg fann ved gjennomgangen av materialet. Bak kvar variant skriv eg òg kva område varianten typisk ”høyrer heime” i.

V1 – EG

I si avhandling om det trondheimske bymålet skriv Hårstad om forma ”jei” at ho ”trolig [står] for mange som det sterkeste ”fintrønderske” sjibbolettet” (2010:148). Uttalen av *eg* er kanskje ein av dei viktigaste identitetsmarkørane vi har i Noreg, og også i Molde finst det eit skilje mellom dei som nyttar /i:/ i 1.person personleg pronomen eintal i subjektsform, og dei som nyttar /jei/. Medan /i:/ er typisk for gatemålet i Molde og i heile resten av Romsdalen, er /jei/ knytt til høgstatusosiolekten. Som vi såg i kapittel 3, er nettopp mange av formene nytta i høgstatusosiolekten lik ord vi finn att i gammalt riksmål/ bokmål. I materialet viste det seg også ein tredje variant av pronomenet *eg*, uttala /e:/. Det er ei form som elles er kjend på Nordmøre og i Ålesund i nærområdet.

For V1 ”EG” har eg merkt variantane etter om dei står i trykksvak eller trykksterk stilling i ei utsegn. Fleire tidlegare granskingar (som Fossheim 2010, Myklebust 2012 og Lianes 2013) har vist ulike distribusjonsmønster avhengig av trykksvak/trykklett realisering blant informantar med tendensar til vekslande bruk. Variantane av V1 – EG er:

/i:/	Molde låg og resten av Romsdal.
/jei/	Molde høg.
/e:/	Nordmøre og Ålesund.

V2 – KJ-LYDEN

Variabel 2 har eg valt å kalle KJ-LYDEN, og han dreiar seg om samanfallet mellom /ç/- fonemet og /ʃ/-fonemet. I Molde har ord som vert skrivne med *kj*, som til dømes *kjole*, tradisjonelt blitt uttala med palatal frikativ [ç] (i resten av Romsdalen kan denne lyden også uttalast med palatal affrikat [t͡ʃ]). Det same gjeld mange ord som vert skrivne med *k*(+ *i*, *y*, *ei*, *øy*) og nokre ord med *tj*. Tendensen til å uttale desse orda med ustemd postalveolar frikativ [ʃ] i staden for med ustemd palatal frikativ [ç], er eit av dei raskast spreiarde fenomenene vi ser

blant ungdom i dagens norske dialektar. Lydendringa har starta i dei største norske byane, for så å spreie seg til omlanda rundt. Teorien om sentrumshopping (sjå 4.4.1 og 4.4.2) tilseier at det ikkje er usannsynleg at dette trekket no vil vise seg blant ungdommane i Molde, og eg ønskte derfor å ha med kj-lyden som variabel.

For V2 "KJ-LYDEN" ser eg berre på tilfelle der fonemet står i *framlyd* i orda. I tillegg har eg merkt av når *kj*-lyden står i framlyd i etterleddet av samansette ord. Dermed er også ord som *bursdagskjole* merka. I praksis er det tre ord som kan ha *kj*-lyden i innlyd i Molde: *ikkje*, *bikkje* og *mykje*. Ordet *bikkje* fann eg ikkje belegg på, og *mykje* vert i mest alle tilfelle erstatta av /my:e/ blant yngre. Orda i innlyd har eg gjort til ein eigen variabel, V3. Sidan eg ikkje hadde belegg på *mykje* og *bikkje*, har eg kalla variabelen V3 "IKKJE". For V2 "KJ-LYDEN" er variantane:

/ç/ – realisering	Tradisjonell variant i Molde låg, Molde høg og Romsdal.
/f/ – realisering	Ny variant. (Hovudsakleg) bytrekk som breier seg blant yngre.

V3 – IKKJE

Vi såg at V3 "IKKJE" er nært knytt til V2 "KJ-LYDEN", då *ikkje* er det eine ordet vi kan sjå fonemsamanfall i innlyd i moldedialekten. Samstundes er variabelen svært interessant i eit historisk perspektiv i Molde. Både i Romsdalen og i gatemålet i byen har den tradisjonelle varianten vore /içe/, medan høgstatusosiolekten har vore knytt til varianten /ike/. Fintoft og Mjaavatn (1980:14) rapporterte om ein liknande situasjon i bymålet i Trondheim. /ike/ finn ein elles att mellom anna i skriftspråket, på Austlandet og i fleire andre byar (og bygder). Tradisjonelt har det dermed vore to ulike realiseringar av *ikkje* i moldedialekten, og i samband med fonemsamanfallet dukka også ein tredje variant, /iʃə/, opp. I likskap med /f/-realiseringa i V2, er varianten eit typisk bytrekk ein finn i ungdomsspråket. I dei tilfella det er klitisering, altså at informantane seier til dømes *har ikkje* som /hake/, /haçe/ eller /haʃe/, har eg merkt orda etter kva uttaleform dei ville hatt utan samandraging. På denne måten vert /haçe/ forstått som *har + ikkje*, og vidare merkt som /içe/. Variantane er då:

/içe/	Molde låg og Romsdal.
/ike/	Molde høg, fleire norske byar, på Austlandet og i trønderbygder.
/iʃe/	Ny variant. (Hovudsakleg) bytrekk som breier seg blant yngre.

V4 – PRESENS, LINNE VERB

Den morfologiske variabelen V4 gjeld allomorfar av presensmorfemet i *kaste*-klassen (jamfør grammatikkskissa i kapittel 3, linne verb). Dei romsdalske bygdemåla har *a*-ending i presens i desse verba (Sandøy 2011:188), medan ein i Molde tradisjonelt har hatt ei vaklande bøyning mellom *a*-ending og *e*-ending. I høgstatusosiolekten finn ein også *er*-endinga, som truleg har sitt opphav i skriftspråket (eller kanskje på Austlandet). I materialet viste det seg òg å vere ein fjerde variant med 0-ending, bøygd etter mønsteret *like – lik – likte – likt*. Denne presensforma er mellom anna registrert på Austlandet (Venås 1967:32). Dalen rapporterte om liknande bøyingsmønster i trøndermåla, og skreiv at i Li og Snåsa ”forkortar dei presensformene av svake verb, slik at det der heiter *i kast* (eg kastar) og *i lik* (eg likar)” (1972:12-13), men då er det altså tale om endingsbortfall i heile klassar. Det er dermed vanskeleg å peike på eit sikkert opphav for 0-endinga. Dei ulike variantane i V4 gjer til dømes at verbet *å like* kan bli realisert på fire måtar i presens i moldedialekten: som /²li:ka/, /²li:ke/, /¹li:ker/ eller /¹li:k/.⁹¹ Variantane har eg kalla:

e –ending	Molde låg
a - ending	Molde låg og Romsdal
er – ending	Molde høg / skriftspråk / Austlandet
0 – ending	Molde by (noko usikkert opphav).

V5 – PRESENS, STERKE VERB

I tillegg til å sjå på utviklinga i bøyinga av linne verb i presens ønskte eg også å sjå på den tilsvarende bøyinga av sterke verb. Presensbøyinga av sterke verb kan i moldedialekten hovudsakleg skje på to måtar: med eller utan vokalskifte (omlyd). Presens av sterke verb utan i-omlyd, altså med bøying av typen *kommer* /¹komer/ (og tonem 1) i staden for *kjem* /çæm/, er i utgangspunktet eit austnordisk drag. Vi finn det rundt Oslofjorden og nedover mot Sørlandet, men også i mange bymål (Sandøy 1996:150). I granskinga si såg også Nødtvedt på presensbøyinga av sterke verb (1991:89), og resultata viste at dei to ulike bøyingsmåtene var representerte i moldedialekten. Eg ville derfor sjå på korleis den vidare distribusjonen har utvikla seg sidan hennar gransking. I Molde er presensbøying av verb utan vokalskifte typisk

⁹¹ Språkstrukturelt er det to andre moglege kjelder til 0-endinga. For det fyrste inviterer den lange /i:/-en til analogi med 1.klasse sterke verb, av typen *skrive-skriv-skreiv-skrivd*. For det andre ser vi at høgstatusosiolekten har /¹li:ker/ med tonem 1. Då vert gatespråks-samsvaret /¹li:k/.

knytt til høgstatusosiolekten, medan presensbøying med omlyd har høyrte heime i gatemålet og elles i Romsdalen. Ved merkinga av materialet viste det seg å vere ein tredje variant, der presensbøyinga har /e/-ending. Endingsmorfemet er lite frekvent og er truleg etter sunnmørsk mønster. Variantane er då:

med omlyd (symbolet Ø)	Bøying med omlyd. Molde låg og Romsdalen elles.
-er -ending	Molde høg / Austlandet og Sørlandet/ skriftspråk.
-e- ending	Etter sunnmørsk påverknad.

V6 – SUBSTANTIV

Variabel 6 ”SUBSTANTIV” gjeld bøyinga av *maskuline* og *feminine substantiv* i *ubestemt form fleirtal*. I kapittel 3 såg vi at substantivbøyinga i gatemålet i Molde er eit klassisk eksempel på eit sterkt forenkla bøyingssystem som ein ofte finn i byar, og som skil seg frå resten av Romsdalen ved å konsekvent ha /ɑ/-ending i ubestemt form fleirtal, hankjønn, hokjønn og svake inkjekjønn. I tillegg til bøying med /ɑ/-ending, kan substantiva i Molde også verte bøyde på to andre måtar: med /er/-ending og med /e/-ending. /er/-endinga er typisk for høgstatusosiolekten, medan /e/-endinga finst i enkelte bøyingmønster i bygdemåla i Romsdalen og på Sunnmøre. Variantane er då bøying med:

ɑ - ending	Molde by
er - ending	Molde høg
e - ending	Romsdal og Sunnmøre

V7 – KV-SPØRJEORDA

Variabel 7 har eg kalla ”KV-SPØRJEORDA”, men som vi straks skal sjå, er kategorien noko vidare enn tittelen klarar å femne om. I Molde bymål går det eit overordna skilje mellom å uttale spørjeord med /k/-realisering eller med /v/-realisering. Variantane eg merkte av som tilhøyrande variabel V7, var (nynorsk i kursiv):

kva: /kɑ:/, /vɑ:/

kva i *kva* slags/*kva* for ein: /kɑ:/, /kas/, /'vilken/

kvifor: /'kufor/, /'kurfor/, /'vurfor/, /'vufor/

korleis: /'kurdan/, /'kursen/, /'kusen/, /kus/, /'vurdan/

kven: /kæm/, /væm/

kor: /kur /, /vur/

kvar: /kvɑ:r/, /kvæ:r/, /væ:r/

I tillegg til *kvar* som stadadverb, viser lista at eg òg har inkludert *kvar* som determinativ (i utsegner som ”kvar dag”).⁹² Spørjeorda *korleis* og *kor* er òg med, jamvel om dei ikkje vert skrivne med *kv*. Ingen av dei andre spørjeorda har *v*-en i uttalen heller, og derfor vektla eg i staden statusen som spørjeord og den frekvente posisjonen orda har i norsk.

For V7 ”KV-SPØRJEORDA” vil eg argumentere for at det er det overordna skiljet i spørjeord med /v/-realisering eller /k/-realisering som er det vesentlege. Dette er fordi alle former med /v/-realisering, som er typiske for høgstatusosiolekten i Molde, skil seg markant frå andre moglege romsdalske former, som alle byrjar med /k/. Ved gjennomgangen av resultatata vil eg derfor sjå på det totale skiljet mellom /v/-realisering og /k/-realisering i materialet. Det vil seie at eg slår saman dataa om alle dei ulike variantane og ser dei under eitt. Variantane vert då:

/k/ – realisering	Molde låg (og resten av Romsdalen).
/v/ - realisering	Molde høg.

V8 – DEI

V8 ”DEI” dreier seg om uttalen av demonstrativet og pronomenet *dei* i Molde bymål.

Nødtvedt granska også distribusjonen av pronomenet *dei* i si avhandling (1991:90).

Variabelen har tre variantar i Molde: /dæm/, /di:/ og /dæi/. /dæm/ er typisk for gatemålet i byen og er eit trekk ein ikkje finn elles i Romsdal, medan /di:/ høyrer til høgstatusosiolekten. Trekket finn ein òg att i skriftspråket, i tillegg til at det er vanleg i andre bymål (til dømes i Oslo, Bergen og Stavanger). Den siste varianten /dæi/ kan ein sjå på som bygdemålspåverknad på bymålet i Molde. Variantane er altså:

/dæm/	Molde låg.
/di:/	Molde høg.
/dæi/	Romsdalsk bygdemål.

⁹² Eg har ikkje rekna med *kvar* som substantiv (til dømes: ”Kvar har nok med sitt.”).

6 - RESULTAT

I dette kapitlet presenterer eg resultata frå den kvantitative korrelasjonsanalysen eg har gjort av talemålsmaterialet frå Molde i 1989 og 2013. Gangen i presentasjonen er strukturert etter dei språklege variablane (jamfør kapittel 5). I tur og orden vil eg gå gjennom dei og sjå på distribusjonen av variantane i samband med *opptaksår*, informantane sin *livsfase (alder)*, *kjønn* og *lokalgeografiske tilhøyrse*. Til slutt ser eg på språkvariasjonen i lys av *årsklassar*. Der er informantane grupperte i fødselsintervall, slik at ein også kan forsøke å skape eit bilete av den kronologiske utviklinga til språktrekka. Tabellane, figurane og kommentarane inneheld ein del forkortingar for å gjere dei meir lettlesne og for å spare plass. Dei aktuelle forkortingane i denne presentasjonen er:

1 = Opptak frå 1989	k = kvinne
2 = Opptak frå 2013	m = mann
Y = yngre ⁹³	-sv = trykksvak
M = midaldra	-st = trykksterk
E = eldre	

Sjølve framstillinga er statistisk. Det er ein veileigna framstillingsmetode fordi det gjev moglegheiter for datareduksjon: altså å oppdage og samanfatte utviklingstendensar og finne fellestrekk ved eit datasett (Røyneland 2012).⁹⁴ Statistikken gjer oss i stand til å trekke slutningar, oppdage samanhengar og utforske prosessar som handlar om sannsyn (probabilitet) (*ibid*). Tabellane i dette kapitlet viser resultata på gruppenivå. Ei oversikt over resultata på individnivå står i vedlegg 7. Ved gjennomgangen av tabellar hender det at eg parallelt viser til desse resultata. Gransking av statistikken på individnivå gjer oss i stand til å oppdage nyansar som statistikken på gruppenivå gøymar, som til dømes intraindividuell variasjon, informantar med særeigen språkbruk eller annan avvikande oppførsel (som svært kjapt eller sakte taletempo). Der eg finn slike tilfelle, vil eg vise til statistikken på individnivå og kommentere kva dette har å seie for resultata på gruppenivå. Materialet frå Molde er også signifikanstesta (jamfør 5.6) for å kunne seie noko om i kva grad ein kan generalisere resultata frå utvalet til ein populasjon. Signifikanstestinga bidreg til å vise om alle informantar

⁹³ 1Y vil på denne måten vise til informantane som hørde til yngre-livsfasen under opptaka i 1989 (altså ungdommane på 1989-opptaka), medan 2E viser til informantane i eldre-livsfasen på 2013-opptaka.

⁹⁴ På eit symposium om metodikk i nordistikk i Åbo, Sverige i 2012 heldt Røyneland føredraget *Sosiolingvistikk*. Höstsymposium Åbo. Sjå elektronisk lenke i litteraurliste. [Lasta ned 10.03.2014]

”drar i same retning”: Om belegga er einstemmige nok til at den sosiale faktoren ein indekserer med, er *relevant*, altså at han gir utslag for språkleg variasjon (Myklebust 2012:74). Signifikansgrensene eg opererer med, står i tabell 12 nedanfor og følgjer den normale standarden innanfor samfunnsvitskapleg forskning:

Tabell 12: Signifikansgrenser

Probabilitetsnivå	Symbol	Tyding
$p \leq 0.001$	***	Svært høg signifikans
$0,001 < p \leq 0.01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikant

Signifikansverdiane vil elles stå i botnen av kvar tabell. Det er ikkje rekna signifikans for språkbruk indeksert etter *lokalgeografisk tilhøyrslse*. Med berre fire informantar i kvar ”celle”, er talet på både informantar og belegg for lågt til å uttale seg om generelle tendensar i ungdomspopulasjonen elles. Av same grunn er det ikkje rekna signifikans for inndelinga som viser resultat etter *livsfase, kjønn og opptaksår* samla.

Tabellane er laga slik at bruksfrekvensen for dei ulike variantane står ført opp i prosent. Grunna formatering i Excel vert heile prosenttal skrivne utan desimal i tabellane. Det vil seie at 40 % alltid svarar til 40,0 %. Til høgre i tabellane er den *totale summen* ført opp både i prosent og i heile tal, slik at ein også får det nøyaktige talet på belegg. Prosentane har symbolet %, medan mengda av absolutte tal har symbolet N.⁹⁵ Eg vil kommentere den språklege variasjonen og eventuelle endring(stendens)ar undervegs. I kapittel 7 vil eg oppsummere og drøfte funna.

⁹⁵ Det totale talet på belegg ein variant har i eit opptaksår (som vert vist i lina *Totalt* for kvar variabel), altså N, er konstant uansett kva inndeling ein opererer med (for eksempel kjønn eller livsfase). Den *totale prosenten* for dei ulike variablane kan derimot variere med ein desimal. Til dømes er den totale prosentdelen for V1 /jei:/ i trykksterk posisjon i 1989 av og til vist som 36,9 %, og av og til 37 %. Når ein reknar bruksfrekvens av språktrekk med berre ein desimal, er det ein konsekvens av avrundinga at totalen av og til vil variere på denne måten. SUM i prosent kan dermed variere frå 99,9 % til 100,1 % i dei ulike tabellane, jamvel om N totalt er den same. Slik vil det vere i alle granskingar som framstiller resultata i prosent med ein desimal. Det maksimale avviket er likevel så lite (0,01) at det i praksis ikkje har noko å seie for moglegheita til å finne aktuelle tendensar i materialet. Den visuelle framsyninga vert også langt meir oversiktleg.

6.1 V1 "EG"

For V1 "EG" såg vi i kapittel 5 at det finst tre variantar. Den fyrste varianten /i:/ vert rekna som den typiske romsdalske og høyrer til gatespråket i Molde. /jei:/ vert på den andre sida rekna til høgstatusosiolekten, medan /e:/ vert rekna som nordmørsk eller ålesundsk innverknad på moldedialekten. Variantane er merka etter om dei står i trykksvak eller trykksterk posisjon i utsegna. Tabell 13 viser både trykksterke og trykksvake realiseringar samla, medan resten av tabellane viser trykksvake og trykksterke realiseringar kvar for seg.

6.1.1 Samla oversyn etter opptaksår, trykksterk og trykksvak kombinert

Tabell 13: V1 "EG" Samla oversyn etter opptaksår, trykksvak + trykksterk

N=4473	i (sv + st)	jei (sv + st)	e (sv + st)	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	75	23,2	1,8	100	1376
2013	98,3	1,5	0,2	100	3097

Det samla oversynet for V1 "EG" viser tydelege endringar i bruksmønster mellom dei to opptaksåra. I 1989 var bruken av /i:/ og /jei/ høvesvis 75 % og 23 %. I 2013 har /i:/-realiseringa stige til heile 98,3 %. /e:/ ser ut til å ha hatt ein gjennomgåande låg frekvens, men er nesten heilt utfasa på dei nyare opptaka. Vi ser altså ein reduksjon av dei to variantane /jei/ og /e:/, og ein tilsvarende auke i /i:/-realiseringa, som no nesten er einerådande.

6.1.2 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 14: V1 "EG" Samla oversyn etter opptaksår

N=3976	i-sv	jei-sv	e-sv	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	76,6	21,6	1,8	100	1238
2013	98,3	1,5	0,2	100	2738

N=497	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	60,9	37	2,2	100,1	138
2013	98,3	1,4	0,3	100	359

Tabell 14, som viser trykksvake og trykksterke realiseringar kvar for seg, syner at det er ein viss skilnad på distribusjonen av variantar ettersom dei står i trykksvak eller trykksterk

posisjon. Det kan sjå ut til at bruken av høgstatusforma /jei/ i 1989 var størst i trykksterk stilling.

6.1.3 Livsfase og opptaksår

Tabell 15: V1 "EG" Livsfase og opptaksår:

1989	i-sv	jei-sv	e-sv	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	68	29,8	2,1	99,9	898
Yngre	99,1	0	0,9	100	340
<i>Totalt</i>	76,6	21,6	1,8	100	1238

1989	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	44,9	52	3,1	100	98
Yngre	100	0	0	100	40
<i>Totalt</i>	60,9	36,9	2,2	100	138

2013	i-sv	jei-sv	e-sv	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	95,3	4,2	0,5	100	969
Midaldra	100	0	0	100	946
Yngre	100	0	0	100	823
<i>Totalt</i>	98,3	1,5	0,2	100	2738

2013	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	94,5	4,6	0,9	100	109
Midaldra	100	0	0	100	117
Yngre	100	0	0	100	133
<i>Totalt</i>	98,3	1,4	0,3	100	359

p i-sv: 1Y≠1E (**); 1E≠2Y , 1E≠2M (*); 2E≠1E (T); alt anna i.s. **p jei-sv:** 1Y≠1E (***) ; 2Y≠1E , 2M≠1E (**); 2E≠1E (T); alt anna i.s. **p e-sv:** 1E≠2Y , 2M≠1E (*); alt anna i.s. **p i-st:** 2Y≠1E (**); 1Y≠1E , 2M≠1E (T); alt anna i.s. **p jei-st:** 1Y≠1E , 2Y≠1E , 2M≠1E (***) ; 2E≠1E (**); alt anna i.s. **p e-st:** i.s.

Ei inndeling av materialet etter livsfase og opptaksår gir eit langt tydelegare bilete av variasjonen i V1. Eg vil minne om at dei som var yngre i 1989 (1Y) som generasjon tilsvarar dei midaldra i 2013-materialet (2Y). Eventuelle endringar ein finn mellom desse, kan dermed vere teikn på livsfaseendring. Tabell 15 viser oss at distribusjonen av variantar ikkje er lik for alle livsfasane på dei to opptaksåra – og spesielt er det 1E som skil seg ut, noko også

signifikanstestinga viser svært tydeleg. I 1989 står /jei/-sv for nær ein tredel (29,8 %) av belegga hjå dei eldre. I 2013 finn ein no berre spor av denne bruken i eldre-gruppa (2E). Her er bruken på 4,2 %. Samstundes brukar 100 % av dei midaldra og yngre /i:/ som 1.person personleg pronomen eintal i 2013, både i trykksvak og trykksterk posisjon. I praksis har "EG" altså ikkje funksjon som språkleg variabel lenger i 2013.

6.1.4 Kjønn og opptaksår

Tabell 16: V1 "EG" Kjønn og opptaksår:

1989	i-sv	jei-sv	e-sv	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	64,2	33,6	2,2	100	687
Menn	92	6,7	1,3	100	551
<i>Totalt</i>	76,6	21,6	1,8	100	1238

1989	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	42	58	0	100	81
Menn	87,7	7	5,3	100	57
<i>Totalt</i>	60,9	36,9	2,2	100	138

2013	i-sv	jei-sv	e-sv	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	98,4	1,4	0,2	100	1524
Menn	98,2	1,6	0,2	100	1214
<i>Totalt</i>	98,3	1,5	0,2	100	2738

2013	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	96,7	2,7	0,5	99,9	183
Menn	100	0	0	100	176
<i>Totalt</i>	98,3	1,4	0,3	100	359

p i-sv: i.s. **p jei-sv:** i.s. **p e-sv:** 1k≠2m (*); 2k≠1k (T); alt anna i.s.

p i-st: i.s. **p jei-st:** 2m≠1k (*); 1m≠1k , 2k≠1k (T); alt anna i.s. **p e-st:** i.s.

V1 "EG" er den eine av to variablar der ei inndeling etter *kjønn* gjev signifikant utslag. Spesielt er det kvinnene på 1989-opptaka som skil seg ut med bruk av heile 58 % /jei/-former i trykksterk stilling. For menn er det tilsvarende talet berre 7 %! Kjønnskilnaden ser likevel berre ut til å vere gjeldande i 1989. For kvinnene i 2013 har /jei/-bruken i trykksterk posisjon minka til berre 2,7%, og det er ikkje signifikant forskjell på dei og mennene med 0 %.

6.1.5 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 17: V1 "EG" Livsfase, kjønn og opptaksår:

1989	i -sv	jei -sv	e -sv	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	47,9	49,6	2,6	100,1	466
Eldre, menn	89,8	8,6	1,6	100	432
Yngre, kvinner	98,6	0	1,4	100	221
Yngre, menn	100	0	0	100	119
<i>Totalt</i>	76,6	21,6	1,8	100	1238

1989	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	14,5	85,5	0	100	55
Eldre, menn	83,7	9,3	7	100	43
Yngre, kvinner	100	0	0	100	26
Yngre, menn	100	0	0	100	14
<i>Totalt</i>	60,9	37	2,2	100,1	138

2013	i-sv	jei-sv	e-sv	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	95,5	3,9	0,6	100	538
Eldre, menn	94,9	4,6	0,5	100	431
Midaldra, kvinner	100	0	0	100	540
Midaldra, menn	100	0	0	100	406
Yngre, kvinner	100	0	0	100	446
Yngre, menn	100	0	0	100	377
<i>Totalt</i>	98,3	1,5	0,2	100	2738

2013	i-st	jei-st	e-st	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	90,3	8,1	1,6	100	62
Eldre, menn	100	0	0	100	47
Midaldra, kvinner	100	0	0	100	55
Midaldra, menn	100	0	0	100	62
Yngre, kvinner	100	0	0	100	66
Yngre, menn	100	0	0	100	67
<i>Totalt</i>	98,3	1,4	0,3	100	359

Ser vi livsfase, kjønn og opptaksår saman under eitt, vert biletet enda tydelegare: Mellom *eldre* menn og *eldre* kvinner i 1989 er kjønnskilnadene relativt markante for variantane /i:/ og /jei/. Dette gjeld både i trykksvak og trykksterk stilling. Slike kjønnskilnader ser ein ikkje hjå dei yngre i 1989, og heller ikkje hjå dei midaldra og yngre i 2013. Dei einaste spora ein

kan sjå av kjønnsforskjell i 2013, er blant eldre kvinner og eldre menn – men han er likevel mykje mindre enn forskjellen vi såg i 1989. Statistikken viser at det med stort sannsyn (jamfør signifikansverdiane) har vore ein samanheng mellom kjønn og språkbruk i moldedialekten for uttalen av *eg*, men at desse skilnadene ikkje lenger er uttrykte i dei yngre og midaldra livsfasane.

6.1.6 Lokalgeografisk tilhøyrslø

Eg ville også teste materialet for den sosiale variabelen *lokalgeografisk tilhøyrslø*, då tidlegare kjelder opplyste at det var stor språkleg skilnad mellom dei som voks opp på austsida og vestsida i Molde på sekstitalet (jamfør kapittel 4). Vi hugsar at austsida vart representert ved Bergmo ungdomsskule, som ligg på austsida av byen, medan vestsida vart representert ved Bekkevoll ungdomsskule, som høyrer til vestkanten. Utvalet er på åtte informantar, fire frå kvar skule. For V1 ”EG” var det ikkje noko skilnad å spore mellom aust og vest. Dette heng naturleg nok saman med at bruken av /i:/ er 100 % gjennomført i alle tilfelle hjå alle dei unge i 2013, og variasjon var dermed ikkje aktuelt. Av denne grunnen har eg ikkje inkludert ein eigen tabell for lokalgeografisk tilhøyrslø i V1.

6.2 V2 ”KJ-LYDEN”

Vi såg i presentasjonen av dei språklege variablane at *kj-lyden* kan bli realisert på to måtar i moldemålet: anten med /ç/-realisering eller med /ʃ/-realisering. Den fyrste er den tradisjonelle uttalemåten i Molde bymål både i høg- og lågstatusosiolekten, medan /ʃ/-realiseringa er ein ny variant som har oppstått i norske byar og spreidd seg i raskt tempo.

6.2.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 18: V2 ”KJ-LYDEN” Samla oversyn etter opptaksår

N=897	ç - realisering	ʃ - realisering	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	<i>N</i>
1989	100	0	100	184
2013	91,9	8,1	100	713

Tabell 18 viser at /f/-realisering av "kj-lyden" har nådd Molde ein gang mellom 1989 og 2013. Set vi fordelinga opp mot livsfasar, får vi dette biletet:

6.2.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 19: V2 "KJ-LYDEN" Livsfase og opptaksår:

1989	ç - realisering	f - realisering	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	100	0	100	147
Yngre	100	0	100	37
<i>Totalt</i>	100	0	100	184

2013	ç - realisering	f - realisering	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	100	0	100	287
Midaldra	100	0	100	287
Yngre	58,3	41,7	100	139
<i>Totalt</i>	91,9	8,1	100	713

p ç-realisering: IE ≠2Y , 2M≠2Y , 2E≠2Y (*); alt anna i.s.

p f-realisering: 1Y ≠2Y , 1E ≠2Y , 2M ≠2Y , 2E ≠2Y (***) ; alt anna i.s.

Tabell 19 viser at /f/-realisering konkret berre viser seg i yngregruppa frå 2013. Der er heile 41,7 % av belegga med /f/-realisering. Vi ser ikkje spor av denne utviklinga i 1Y eller 2M, noko som kan tyde på at denne utviklinga har gått svært fort.

6.2.3 Kjønn og opptaksår

Tabell 20: V2 "KJ-LYDEN" Kjønn og opptaksår

1989	ç - realisering	f - realisering	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Kvinne	100	0	100	88
Mann	100	0	100	96
<i>Totalt</i>	100	0	100	184

2013	ç - realisering	f - realisering	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Kvinne	92,6	7,4	100	309
Mann	91,3	8,7	100	404
<i>Totalt</i>	91,9	8,1	100	713

p: i.s.

Kjønn ser ved fyrste augekast ikkje ut til å ha noko å seie for realiseringa av ”kj-lyden” i Molde. I 2013-materialet har kvinnene /ʃ/ -realisering i 7,4 % av tilfella, medan mennene har det i 8,7 %. Det er for ein minimal skilnad å rekne. Ser ein på livsfase, kjønn og opptaksår under eitt, endrar dette biletet seg noko:

6.2.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 21: V2 ”KJ-LYDEN” Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	ç - realisering	ʃ - realisering	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	100	0	100	64
Eldre, menn	100	0	100	83
Yngre, kvinner	100	0	100	24
Yngre, menn	100	0	100	13
<i>Totalt</i>	100	0	100	184

2013	ç - realisering	ʃ - realisering	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	100	0	100	97
Eldre, menn	100	0	100	190
Midaldra, kvinner	100	0	100	137
Midaldra, menn	100	0	100	150
Yngre, kvinner	69,3	30,7	100	75
Yngre, menn	45,3	54,7	100	64
<i>Totalt</i>	91,9	8,1	100	713

I yngregruppa 2013 viser det seg å vere tendensar til kjønnskilnad. Her er /ʃ/-realiseringa meir gjennomført hjå gutane (54,7 %) enn hjå jentene (30,7 %). Gutane hadde altså fleire /ʃ/-former enn den tradisjonelle /ç/-forma i mine opptak. Dette kan igjen tyde på at det er gutane som har rolla som *språklege innovatørar* ved spreinga av /ʃ/-realisering i Molde.

6.2.5 Lokalgeografisk tilhøyrslse

Tabell 22: V2 ”KJ-LYDEN” Lokalgeografisk tilhøyrslse

N=139	ç - realisering	ʃ - realisering	SUM	
<i>Lokalgeografisk tilhøyrslse:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Aust	46,5	53,5	100	71
Vest	70,6	29,4	100	68

I dette tilfellet er det også større tendensar til skilnader i talemålet mellom ungdom som høyrer til austsida, og ungdom som høyrer til vestsida i byen. Det er heile 24,1 prosentpoeng meir /j/-realisering i Molde aust enn i Molde vest. Dette kan tyde på at austsida var fyrst ute i byen med å tileigne seg det nye trekket. Resultata på individnivå for V2 (2013) fortel oss i tillegg at fonemsamanfallet har ulik grad av realisering hjå dei forskjellige informantane. Ein informant har 100 % /j/-realisering og dermed samanfall i alle tilfelle, medan ein annan har 100 % /ç/-realisering. Dei seks andre informantane vekslar. Eit utval på åtte informantar totalt er for lite til å seie noko om språk og lokalgeografisk tilhøyrse i Molde, og med så ustabil språkbruk innanfor gruppa, er det viktig å hugse at små endringar i informantutvalet kunne gitt andre resultat.

6.3 V3 ”IKKJE”

Som vi såg i kapittel 5, er V3 ”IKKJE” nært knytt til V2 ”KJ-LYDEN”, då ein finn at /ç/-realisering i /içe/ og /j/-realisering i /ife/. Her representerer /içe/ den klassiske varianten i både Molde og Romsdal (som også har [iç̥ə]), medan /ife/ er eit nyare trekk ein finn att i ungdomsgrupper (og etter kvart også hjå enkelte unge vaksne) rundt om i Noreg, typisk i byar. Samstundes finn vi varianten /ike/ i moldedialekten, som er eit trekk som både er typisk for høgstatussosiolekten, men som også finst i mange byar i Noreg og dessutan i trønderske og søraustlandske bygdemål.

6.3.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 23: V3 ”IKKJE” Samla oversyn etter opptaksår

N=2005	içe	ike	ife	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	97,7	2,3	0	100	554
2013	70	25,2	4,8	100	1451

I 1989 var /içe/-bruken på 97,7 % og hadde nesten fullstendig dominans. I 2013 ser det ut til at denne utviklinga har snudd, og /içe/ har minka til 70 %. Samstundes er no høvesvis 25,2 % og 4,8 % av belegga /ike/ eller /ife/. Fordelt på livsfasar og opptaksår, ser det slik ut:

6.3.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 24: V3 "IKKJE" Livsfase og opptaksår

1989	içe	ike	ife	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	97,3	2,7	0	100	451
Yngre	99	1	0	100	103
<i>Totalt</i>	97,7	2,3	0	100	554

2013	içe	ike	ife	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	100	0	0	100	521
Midaldra	97,8	0	2,2	100	461
Yngre	9,2	78	12,8	100	469
<i>Totalt</i>	70	25,2	4,8	100	1451

p içe: 1Y≠2Y , 1E≠2Y , 2M≠2Y , 2E≠2Y (***) ; alt anna i.s.

p ike: 1Y≠2Y , 1E≠2Y , 2M≠2Y , 2E≠2Y (***) ; alt anna i.s. **p ife:** i.s.

Vi ser at både hjå dei yngre og eldre i 1989 var /içe/-varianten sterkt dominerande. Av dei eldre brukte ein liten del (2,7 %) høgstatustrekket /ike/. Heile 99% av belegga til ungdommane var /içe/ – det finst berre eitt belegg på /ike/ i yngregruppa. I 2013 ser vi at dei eldre og midaldra stort sett har halde seg heilt til /içe/. Likevel er 2,2 % av belegga i midaldragruppa varianten /ife/, noko som ved fyrste augekast kunne vere eit teikn på livsfaseending. I vedlegg 7, som viser resultat på individnivå, går det fram at desse 2,2 prosentane kjem frå ein og same informant. I kapittel 7 vil eg gå nærmare inn på moglege årsaker til kvifor informanten kan ha denne varianten.

Den største endringa for V3 finn vi i yngregruppa, der /içe/ er på veg ut av bruk. Her har ungdommane gått over til å seie /ike/ i 78 % av tilfella. Også dette fenomenet drøftar eg nærmare i kapittel 7. Resultata viser i tillegg at den nye forma /ife/ er i vekst, med 12,8 % av belegga. Vi ser altså to variantar på veg med full fart inn i ungdomsspråket, der /ike/ (inntil vidare) er mest dominerande.

6.3.3 Kjønn og opptaksår

For V3 "IKKJE" ser ein ikkje store teikn til kjønnskilnad i materialet frå 1989, som tabell 25 på neste side viser. Det er tendensar til at fleire kvinner enn menn seier /ike/ i eldregruppa, men skilnaden er liten: om lag 3 prosentpoeng. I 2013 er det framleis fleire menn enn kvinner som seier /içe/. Skilnaden her er noko større, då heile 29,5 % av belegga hjå kvinnene var

/ike/, medan det tilsvarande talet for mennene var 21 %. For den nyaste varianten /ife/ er det mennene som står i spissen for utviklinga. Dei to kjønna går altså i ulike retningar.

Tabell 25: V3 "IKKJE" Kjønn og opptaksår

1989	iče	ike	ife	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	96	4	0	100	278
Menn	99,3	0,7	0	100	276
<i>Totalt</i>	<i>97,7</i>	<i>2,3</i>	<i>0</i>	<i>100</i>	<i>554</i>

2013	iče	ike	ife	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	68,6	29,5	1,9	100	719
Menn	71,3	21	7,7	100	732
<i>Totalt</i>	<i>70</i>	<i>25,2</i>	<i>4,8</i>	<i>100</i>	<i>1451</i>

p: i.s.

6.3.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Ser vi på livsfase, kjønn og opptaksår samla, trer eit klårare bilete fram:

Tabell 26: V3 "IKKJE" Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	iče	ike	ife	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	94,9	5,1	0	100	214
Eldre, menn	99,6	0,4	0	100	237
Yngre, kvinner	100	0	0	100	64
Yngre, menn	97,4	2,6	0	100	39
<i>Totalt</i>	<i>97,7</i>	<i>2,3</i>	<i>0</i>	<i>100</i>	<i>554</i>

2013	iče	ike	ife	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	100	0	0	100	257
Eldre, menn	100	0	0	100	264
Midaldra, kvinner	95,7	0	4,3	100	233
Midaldra, menn	100	0	0	100	228
Yngre, kvinner	5,7	92,6	1,7	100	229
Yngre, menn	12,5	64,2	23,3	100	240
<i>Totalt</i>	<i>70</i>	<i>25,2</i>	<i>4,8</i>	<i>100</i>	<i>1451</i>

Her ser vi at /iče/, som har hatt ein nesten fullstendig dominerande posisjon hjå dei eldre og

yngre i 1989, og også hjå dei eldre og midaldra i 2013, har vore på rask retrett fram til yngregruppa. Heile 92,6 % av jentene i yngregruppa nyttar /ike/ i 2013. På berre 24 år har ein altså fått eit stort skifte frå /içe/ til /ike/ mellom dei to yngregruppene (1Y og 2Y). Men idet denne endringa nesten kunne ha fått status som fullført, ser ein altså at det nye trekket /ife/ også har entra moldedialekten i 2Y. Dei unge mennene nyttar trekket i heile 23,3 % av dei registrerte tilfella. Det tilsvarande talet for jentene er berre 1,7 %. (Også her ser ein at 4,3 % av belegga i den midaldra kvinnegruppa er varianten /ife/, men som kommentert i 6.3.2., kjem alle desse treffa frå den same informanten). For varianten /ife/ kan det altså sjå ut til at gutane er dei språklege innovatørane. I kapittel 7 går eg nærmare inn på dei nye variasjonsmønster vi ser i ungdomsgenerasjonen i 2013.

6.3.5 Lokalgeografisk tilhøyrse

Tabell 27: V3 "IKKJE" Lokalgeografisk tilhøyrse

N=469	içe	ike	ife	SUM	
<i>Lokalgeografisk tilhøyrse:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Y aust	2	98	0	100	203
Y vest	14,7	62,8	22,6	100,1	266

Det tradisjonelle /içe/ kan sjå ut til å ha halde seg betre i vest enn i aust. Den nye forma /ife/ er likevel sterkt presentert i vest med heile 22,6 % av belegga. Samanlikna med V2 "KJ-LYDEN" er dette noko overraskande: I tabell 22 såg vi at yngre frå austsida hadde langt større /f/-realisering enn ungdommane frå vestsida. Denne utviklinga ser no ut til å vere snudd på hovudet for /ife/: Her er det ikkje eitt einaste treff på /ife/-varianten på austsida, men altså heile 22,6 % på vestsida.

6.4 V4 " PRESENS, LINNE VERB"

Vi har sett at linne verb i presens (kaste-klassen) kan ha fire endingar i moldedialekten. /a/-ending er typisk i Molde og i resten av Romsdal, medan /e/-endinga berre har vore vanleg i Molde by. I tillegg finst høgstatusvarianten med /er/-ending. Den siste varianten, kalla 0-endinga, finn vi i utsegner som "Eg likar [li:k] det ikkje."

6.4.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 28: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Samla oversyn etter opptaksår

N=937	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	21,8	61,9	15,9	0,4	100	239
2013	33,4	64,5	0,3	1,9	100,1	698

Det samla oversynet etter opptaksår (tabell 28) fortel oss innleiande at det har skjedd nokre endringar i bruken av dei fire variantane mellom dei to opptaksåra. Både /e/-endinga og 0-endinga har halde seg rimeleg stabile, og ein ser berre små tendensar til auke i bruken av begge dei to variantane. Eit større skilje finn ein i bruken av /a/-ending og /er/-ending: Frå å ha hatt 15,9 % i 1989, er /er/-endinga no nesten heilt utfasa med 0,3 % i 2013. For /a/-endinga finn ein ei tilsvarande auke: Her har bruken gått frå 21,8 % til 33,4 %.

6.4.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 29: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Livsfase og opptaksår

1989	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	14,3	64,8	20,3	0,5	99,9	182
Yngre	45,6	52,6	1,8	0	100	57
<i>Totalt</i>	21,8	61,9	15,9	0,4	100	239

2013	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	66,2	33,3	0,4	0	99,9	225
Midaldra	38,8	60,8	0,5	0	100,1	209
Yngre	1,1	93,9	0	4,9	99,9	264
<i>Totalt</i>	33,4	64,5	0,3	1,9	100,1	698

p – a: 2E≠2Y (***) ; 1Y≠2Y (**); 1E≠2E , 2M≠2Y , (*); alt anna i.s. **p –e:** 1Y≠2Y , 2E≠2Y (***) ; 2M≠2Y (*); Y 1E≠2Y (T); alt anna i.s. **p –er:** 1Y≠1E , 2Y≠1E , 2M≠1E , 2E≠1E (*); alt anna i.s. **p –0:** 1Y≠2Y (*); 2M≠2Y , 2E≠2Y (T); alt anna i.s.

Tabell 29 viser tydelege skilnadar mellom dei ulike generasjonane i begge opptaksåra. Her ser ein at /a/-endinga, som hadde heile 66,2% av belegga i eldre-gruppa i 2013 (2E), no er nede på berre 1,1 % hjå dei yngre i 2013. Skilnaden vert også rekna som å ha svært høg signifikans (***) . Samstundes ser vi ei tilsvarande auke for /e/-endinga i same gruppe (2Y) – varianten er

representert med snart 94 % av belegga. Kanskje mest interessant er likevel at V4 "PRESENS, LINNE VERB" er ein av to variablar der vi finn større teikn til livsfaseending (den andre er V5). Dei yngre frå 1989-opptaka (som generasjon) tilsvarar dei midaldra på 2013-opptaka, og bruksfrekvensen til desse to gruppene er ofte lik i dei to opptaksåra. Eventuelle skilnader mellom dei to tidspunkta *kan* dermed vere uttrykk for livsfaseending. Her ser vi at dei yngre i 1989 hadde 45,6 % /a/-ending. Det tilsvarande talet for dei midaldra i 2013 er 38,8 %. Det vil seie at ein ser ein skilnad på 6,8 prosentpoeng mellom dei to gruppene. Endringsgraden på nær 7 prosentpoeng kan tyde på at dei midaldra har forandra på språket sitt ved å ta i bruk fleire bymålsformer i bøyinga av linne verb i kaste-klassen, noko som òg vil seie at dei heng med i langtidstendensen i dialekten – som vi ser ved å jamføre 1Y og 2Y. Resultatet viser her kor viktig granskingar i verkeleg tid er, som kan avspegle slik utvikling i språket til informantgrupper over ein lengre periode.

6.4.3 Kjønn og opptaksår

Tabell 30: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Kjønn og opptaksår

1989	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	17,1	63,6	18,6	0,7	100	140
Menn	28,3	59,6	12,1	0	100	99
<i>Totalt</i>	21,8	61,9	15,9	0,4	100	239

2013	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	31,9	65,8	0,5	1,8	100	398
Menn	35,3	62,7	0	2	100	300
<i>Totalt</i>	33,4	64,5	0,3	1,9	100,1	698

p i.s.

I V4 er det ikkje store kjønnskilnader. I 2013 er det svært liten forskjell på kvinner og menn sin språkbruk for dei ulike variantane. I 1989 ser vi at fleire menn enn kvinner brukte den romsdalske /a/-endinga. Tilsvarande nytta fleire kvinner /er/-ending. Forskjellane er statistisk ikkje-signifikante, noko som tilseier at variasjonen kan ha oppstått tilfeldig. Kjønn er dermed ikkje nødvendigvis ein god forklaringsfaktor for dei språklege bruksmønster vi ser her. Undersøker vi V4 delt inn etter livsfase, kjønn og opptaksår i same tabell, er det likevel eit noko klarare mønster som trår fram:

6.4.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 31: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	9,3	65,7	24,1	0,9	100	108
Eldre, menn	21,6	63,5	14,9	0	100	74
Yngre, kvinner	43,8	56,3	0	0	100,1	32
Yngre, menn	48	48	4	0	100	25
<i>Totalt</i>	21,8	61,9	15,9	0,4	100	239

2013	-a	-e	-er	-0	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	64,2	35	0,8	0	100	123
Eldre, menn	68,6	31,4	0	0	100	102
Midaldra, kvinner	39,8	59,3	0,8	0	99,9	118
Midaldra, menn	37,4	62,6	0	0	100	91
Yngre, kvinner	0,6	94,9	0	4,5	100	157
Yngre, menn	1,9	92,5	0	5,6	100	107
<i>Totalt</i>	33,4	64,5	0,3	1,9	100,1	698

Mønsteret for V4 "PRESENS, LINNE VERB" i kaste-klassen syner det same vi har sett både i V1 og V3: ein tendens til at eldre menn på 1989-opptaka nyttar fleire romsdalske-/gatemålsformer enn dei eldre kvinnene frå same periode. Kvinnene på si side nyttar dermed meir typiske høgstatusformer. Som tabell 31 viser, har kvinnene i 1E 24,1 % (høgstatus)former med /er/-ending, medan mennene i 1E berre har dette i 14,9 % av tilfella. For den romsdalske a-endinga er talet 9,3 % for kvinnene og 21,6 % for mennene. Tendensen ser likevel berre ut til å gjelde blant dei eldre på 1989-opptaka og ikkje blant dei yngre. I 2013 kan vi sjå at både /a/- og /er/-endinga nesten er borte til fordel for /e/-endinga i 2Y. Her har også 0-endinga rundt 5 % av treffa. Etter å ha sett nærmare på materialet, viste det seg at alle belegga for 0-varianten gjaldt det same verbet, nemleg "å like". Her sa mange av ungdommane [li:k]. Verbet er såpass frekvent at det gjev relativt store utslag på statistikken, og det er dermed verdt å merke seg at /e/-endinga er gjennomført i mest alle andre tilfelle.

6.4.5 Lokalgeografisk tilhørsle

Tabell 32: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Lokalgeografisk tilhørsle

N=264	-a	-e	-er	-Ø	SUM	
<i>Lokalgeografisk tilhørsle:</i>	%	%	%	%	%	<i>N</i>
Y aust	0	93,3	0	6,7	100	119
Y vest	2,1	94,5	0	3,4	100	145

Tabell 32 viser at kva bøyingsform ungdommane brukar i presens av linne verb i kaste-klassen, ikkje ser ut til å avhengje nemneverdig av om ungdommane kjem frå austsida eller vestsida i byen. Ungdommane nyttar liknande bøyingsmønster uavhengig av lokalgeografisk tilhørsle i V4.

6.5 V5 "PRESENS, STERKE VERB"

Vi såg i kapittel 5 at presensbøyinga av sterke verb kan skje på tre måtar i moldedialekten: med omlyd (merka -Ø i tabellen), med /er/-ending eller med /e/-ending. Til dømes kan *å sove* heite /sø:v/, /so:vər/ eller /so:və/ i presens. Bøying med omlyd er vanleg i Romsdal og i gatemålet, medan /er/-ending er typisk for høgstatusosiolekten. /e/-endinga er truleg importert etter mønsteret på Sunnmøre. Ser vi på resultatata frå dei to opptaksåra, er den tydelegaste tendensen ein oppgang i den sterke bøyinga frå 1989 til 2013:

6.5.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 33: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Samla oversyn etter opptaksår

N=485	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	49,3	48	2,7	100	150
2013	75,2	23	1,8	100	335

Oppgangen har kome på kostnad av /er/-endinga. Der har bruksfrekvensen minka frå 48 % til 23 %. Den siste varianten, /e/-endinga, viste seg å vere så lite frekvent uavhengig av sosial indeksering, at eg nøyer meg med å poengtere at forma nettopp er det: lågfrekvent i alle tilfelle i moldedialekten.

6.5.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 34: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Livsfase og opptaksår

1989	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	44,3	52,2	3,5	100	115
Yngre	65,7	34,3	0	100	35
<i>Totalt</i>	49,3	48	2,7	100	150

2013	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	85,6	12,2	2,2	100	90
Midaldra	83,1	15,4	1,5	100	136
Yngre	56,9	41,3	1,8	100	109
<i>Totalt</i>	75,2	23	1,8	100	335

p -Ø: i.s. *p -er*: i.s. *p -e*: 1Y≠1E (*); alt anna i.s.

V5 er den andre variabelen der vi finn resultat som tyder på livsfaseendring: I tabell 34 ser vi at der dei yngre i 1989 hadde 65,7 % bøyning med omlyd, har bruken auka til heile 83,1 % hjå dei midaldra i 2013. Skilnaden mellom dei to opptaksåra er dermed på 17,4 %. Det er ein endringsgrad som er langt over det ein kan sjå i andre variablar i granskinga. Dersom auken i førekomsten av former med sterk bøyning er eit uttrykk for ei historisk endring, skulle vi gjerne sett eit likande bruksmønster hjå dei yngre i 2013 (2Y). I staden ser det ut til at denne utviklinga ikkje har "slått til" i yngregruppa: Der finn ein i staden eit oppsving av høgstatusvariantar med /er/-ending. Frå å ha ein bruksfrekvens på 15,4 % hjå dei midaldra i 2013, er høgstatusvariantar no representerte ved ein bruksfrekvens på heile 41,3 % i yngregruppa i 2013.

Ei nærare gransking av resultatata i tabell 34 viste at tabellen på eit vis gir eit skeivt bilete av presensbøyninga av sterke verb. Eit søk i Talebanken avslørte at heile 189 av totalt 485 merkte belegg for V5 var presensforma av *å kome*. Formene /çæm/, /komer/ eller /çe:me/ utgjer dermed 39 % av belegga aleine. På grunn av denne skeivfordelinga valde eg å lage ein ekstra tabell der presensforma *kjem* er utelate:

Tabell 35: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Livsfase og opptaksår – utan KJEM

1989	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	58,1	36,5	5,4	100	74
Yngre	100	0	0	100	9
<i>Totalt</i>	<i>62,7</i>	<i>32,5</i>	<i>4,8</i>	<i>100</i>	<i>83</i>

2013	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	91,9	4,8	3,2	100	62
Midaldra	96,7	1,1	2,2	100	90
Yngre	93,4	3,3	3,3	100	61
<i>Totalt</i>	<i>94,4</i>	<i>2,8</i>	<i>2,8</i>	<i>100</i>	<i>213</i>

Resultata her viser med stor tydelegheit kor stor rolle *frekvens* spelar i eit talemateriale. Ser ein vekk frå verbet *å kome*, har ungdommane i 2013 sterk bøyning i heile 57 av 61 tilfelle. Vi ser også at verbet må ha vore det einaste ungdommane i 1Y bøygde med -er-ending: Resultata viser elles 100 % gjennomført bøyning med omlyd. I dette tilfellet ser det altså ut til å vere ei leksikalsk endring framføre ei strukturell endring som pregar substantivbøyinga. Verbet *å kome* er så frekvent i presens at det "skuggar for" ei generell utvikling i resten av presensbøyinga av sterke verb: nemleg ei auke (og så påfølgjande stabilitet) i bruken av sterke bøyingsformer sidan 1E – og ei tilsvarande svekking av høgstatusformene.

6.5.3 Kjønn og opptaksår

Tabell 36: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Kjønn og opptaksår

1989	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	51,9	45,5	2,6	100	77
Menn	46,6	50,7	2,7	100	73
<i>Totalt</i>	<i>49,3</i>	<i>48</i>	<i>2,7</i>	<i>100</i>	<i>150</i>

2013	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	72,7	26,2	1,2	100,1	172
Menn	77,9	19,6	2,5	100	163
<i>Totalt</i>	<i>75,2</i>	<i>23</i>	<i>1,8</i>	<i>100</i>	<i>335</i>

p: i.s.

Ser ein på V5 (med *kjem* inkludert) i samband med kjønn, finn ein ikkje store skilnader mellom menn og kvinner i nokon av opptaksåra. Nokre forskjellar er det likevel, og kanskje mest interessant er det at mennene har 5 % fleire /er/-former enn kvinnene i 1989. Både i V1, V3 og V4 har kvinnene høgare bruksfrekvens av høgstatusformer enn mennene. I 2013 ser vi at mønsteret frå 1989 er snudd: Her er det kvinnedelen av /er/-former på 26,2 % og herredelen nede på 19,5 %. Vi ser dermed ein svak tendens til at kvinnene igjen nyttar fleire former frå Molde høg enn mennene.

6.5.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 37: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	46,3	50	3,7	100	54
Eldre, menn	42,6	54,1	3,3	100	61
Yngre, kvinner	65,2	34,8	0	100	23
Yngre, menn	66,7	33,3	0	100	12
<i>Totalt</i>	49,3	48	2,7	100	150

2013	-Ø	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	71,9	25	3,1	100	32
Eldre, menn	93,1	5,2	1,7	100	58
Midaldra, kvinner	81,8	18,2	0	100	77
Midaldra, menn	84,7	11,9	3,4	100	59
Yngre, kvinner	61,9	36,5	1,6	100	63
Yngre, menn	50	47,8	2,2	100	46
<i>Totalt</i>	75,2	23	1,8	100	335

Deler vi inn V5 "PRESENS, STERKE VERB" etter alder, kjønn og opptaksår, som i tabell 37 ovafor, ser vi at kjønnsskilnadene i 1989 i realiteten var svært små. I staden ser vi større skilnader på 2013-opptaka. Her har dei eldre kvinnene nesten 20 prosentpoeng høgare bruk av /er/-endingar enn dei eldre mennene. Også blant yngre kvinner og menn ser vi ein skilnad, men her er det gutane som har høgast frekvens av /er/-realiseringa. Heller ikkje i V5 ser kjønn dermed ut til å vere ein gjennomgåande god forklaringsfaktor⁹⁶ for den språklege variasjonen.

⁹⁶ I kapittel 7 går eg nærmare inn på kva som ligg i omgrepet "god forklaringsfaktor".

6.5.5 Lokalgeografisk tilhørsle

Tabell 38: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Lokalgeografisk tilhørsle

N=109	-Ø	-er	-e	SUM	
Lokalgeografisk tilhørsle:	%	%	%	%	N
Yngre aust	63,2	34,2	2,6	100	38
Yngre vest	53,5	45,1	1,4	100	71

Ei gransking av V5 i samband med ungdommane si lokalgeografiske tilhørsle viser at talet på belegg er nokså skeivfordelt, slik at vestsida (N=71) står med nær dobbelt så mange belegg som austsida (N=38). Samstundes er talet på belegg i seg sjølv lågt. Vi ser teikn til at bruksfrekvensen av sterk presensbøying med omlyd er litt høgare blant ungdommen i Molde aust enn i Molde vest. Tilsvarande er bøying med /er/-ending meir utbreidd i vest. Resultata for V5 sett i samband med lokalgeografisk tilhørsle må uansett seiast å vere usikre.

6.6 V6 "SUBSTANTIV"

Variabel 6 "SUBSTANTIV" gjeld bøyinga av maskuline og feminine substantiv i ubestemt form fleirtal. V6 har tre variantar: med /a/-ending, /er/-ending og med /e/-ending. I kapittel 3 såg vi at substantivbøyinga i gatemålet i Molde er eit klassisk eksempel på eit sterkt forenkla bøyingssystem som ein ofte finn i byar, og som skil seg frå resten av Romsdalen ved å konsekvent ha /a/-ending i ubestemt form fleirtal, hankjønn og hokjønn. /er/-endinga er på den andre sida typisk for høgstatusosiolekten, medan /e/-endinga finst i enkelte bøyingmønster i bygdemåla i Romsdalen (og også på Sunnmøre).

6.6.1 Samla oversyn etter opptaksår

Det samla oversynet etter opptaksår viser tydeleg at bruken av /a/-endinga har auka svært mykje frå 1989 til 2013. /e/-uttalen er knapt belagt i 2013-materialet. Også /er/-endinga ser ut til å vere på veg ut av bruk med berre 4,9% frekvens på dei nye opptaka.

Tabell 39: V6 "SUBSTANTIV" Samla oversyn etter opptaksår

N=1059	-a	-er	-e	SUM	
Opptaksår:	%	%	%	%	N
1989	59	29,8	11,2	100	188
2013	93,3	4,9	1,7	99,9	871

6.6.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 40: V6 "SUBSTANTIV" Livsfase og opptaksår

1989	-a	-er	-e	SUM	
Livsfase:	%	%	%	%	N
Eldre	53,6	33,7	12,7	100	166
Yngre	100	0	0	100	22
<i>Totalt</i>	59	29,8	11,2	100	188

2013	-a	-er	-e	SUM	
Livsfase:	%	%	%	%	N
Eldre	85,9	11	3,1	100	391
Midaldra	99,3	0	0,7	100	275
Yngre	99,5	0	0,5	100	205
<i>Totalt</i>	93,3	4,9	1,7	99,9	871

p -a: i.s. **p -er:** 1Y≠1E (***) ; 2Y≠1E , 2M≠1E (**); alt anna i.s.

p -e: 1Y≠1E , 2Y≠1E , 2M≠1E (***) ; 2E≠1E (**); alt anna i.s.

Ein nærmare kikk på materialet inndelt etter livsfase og opptaksår viser at overgangen frå eit system med tre variantar til eit reint /a/-bøyingsystem har blitt fullført ein gong mellom den eldre og den yngre generasjonen i 1989-materialet (utan ei midaldra-gruppe vert det vanskeleg å uttale seg meir spesifikt). I tabell 40 ser vi nettopp at 100 % av dei yngre i 1989 nytta /a/-ending. I 2013-materialet ser vi spor av /er/-endinga blant dei eldste informantane. Elles finn vi tilnærma berre /a/-endingar i 2M og 2Y. Framleis finst det enkelte belegg på /e/-endinga, men i praksis har dei to gruppene gått over til eit reint /a/-endingssystem.⁹⁷ Her ser vi altså at ei forenkling frå eit system med tre variantar til ei rein /a/-bøyning, er så godt som gjennomført.

6.6.3 Kjønn og opptaksår

Som tabell 41 viser, finst det nokre små skilnader mellom kvinner og menn sin språkbruk i substantivbøyinga. Den største endringa ser ein mellom kvinnene som gruppe i dei to opptaksåra. Kvinnene har gått frå å ha 55,6% /a/-endingar i 1989 til å ha 97,8 % /a/-endingar i 2013. I 2013 "leiar" dermed kvinnene utviklinga mot eit system med berre /a/-endingar, medan mennene såg ut til å vere fyrst ute med denne tendensen (om enn berre med 6,1

⁹⁷ Ei nærmare granskning av dei fåe orda med /e/-ending viser at dei i hovudsak tilhøyrer fire uttrykk: 1) "I gamle dagar". 2) "Mange/ nokre gongar". 3) "Moldensarar". 4) Hokjønnsord som har /e/-ending i romsdalsmåla: Til dømes "bølger, venninner, kroner, blokker".

prosentpoeng større bruksfrekvens enn kvinnene) i 1989.

Tabell 41: V6 "SUBSTANTIV" Kjønn og opptaksår

1989	-a	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	55,6	33,3	11,1	100	81
Menn	61,7	27,1	11,2	100	107
<i>Totalt</i>	59,1	29,8	11,2	100,1	188

2013	-a	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	97,8	1,5	0,7	100	460
Menn	88,3	8,8	2,9	100	411
<i>Totalt</i>	93,3	5	1,7	100	871

p -**a**: 1k≠2k (*); alt anna i.s. *p* -**er**: i.s. *p* -**e**: i.s.

6.6.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 42: V6 "SUBSTANTIV" Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	-a	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	48,6	38,6	12,9	100,1	70
Eldre, menn	57,3	30,2	12,5	100	96
Yngre, kvinner	100	0	0	100	11
Yngre, menn	100	0	0	100	11
<i>Totalt</i>	59	29,8	11,2	100	188

2013	-a	-er	-e	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	94,9	4	1,1	100	175
Eldre, menn	78,7	16,7	4,6	100	216
Midaldra, kvinner	100	0	0	100	145
Midaldra, menn	98,5	0	1,5	100	130
Yngre, kvinner	99,3	0	0,7	100	140
Yngre, menn	100	0	0	100	65
<i>Totalt</i>	93,3	5	1,7	100	871

Ei inndeling av resultata etter livsfase, kjønn og opptaksår viser at det er mennene i 2E som gjer at mennene som gruppe totalt sett såg ut til å ligge lengre bak i utviklinga av eit reint /a/-endingssystem i 2013 (tabell 41). Der var det mennene som scora høgast på bruk av høgstatusvarianten, medan det i 1989 var kvinnene. Resultata på individnivå for V6 i 2013

viser grunnen til den høge /er/-bruken i 2E. Ein av mennene i eldregruppa (fødd 1939) skil seg ut frå dei andre informantane i ”cella”: Der dei andre har 88% eller meir av /a/-endingane, har informant nummer 01470 heile 79,4 % /er/-endingar. Informanten sin utstrekke bruk av /er/-endinga forklarar dermed korleis mennene har fleire treff på denne høgstatusvarianten enn kvinnene i same periode. Liknande avvik ser ikkje ut til å prege dei andre livsfasane.

6.6.5 Lokalgeografisk tilhøyrslø

Tabell 43: V6 ”SUBSTANTIV” Lokalgeografisk tilhøyrslø

N=205	-a	-er	-e	SUM	
<i>Lokalgeografisk tilhøyrslø:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Yngre aust	98,9	0	1,1	100	95
Yngre vest	100	0	0	100	110

Tabell 43 fortel oss ungdommane si substantivbøying ikkje ser ut til å variere med om dei kjem frå austsida eller vestsida i byen. Her er det i praksis ingen skilnad mellom språkbrukarar frå dei to områda.

6.7 V7 ”KV-SPØRJEORDA”

For ”kv-spørjeorda” går det eit overordna skilje i Molde bymål mellom ein uttale med /k/-realisering og /v/-realisering. Det fyrste er vanleg i gatemålet og elles i Romsdalen, medan /v/-realiseringa tradisjonelt har vore typisk for høgstatussosiolekten. Skiljet er vanleg i norske byar, til dømes ser ein det også i Ålesund, Bergen og Trondheim.

6.7.1 Samla oversyn etter opptaksår

Tabell 44: V7 ”KV-SPØRJEORDA” Samla oversyn etter opptaksår

N=897	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	<i>N</i>
1989	86,3	13,7	100	139
2013	88,7	11,3	100	461

Oversynet viser at dette er den einaste variabelen med tilnærma inga forandring mellom 1989

og 2013. Det vi ser her, er tilsynelatande stabil variasjon: /k/- realiseringa dominerer, men /v/- realiseringa står for ein relativt fast del av belegga.

6.7.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 45: V7 "KV-SPØRJEORDA" Livsfase og opptaksår

1989	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	83,5	16,5	100	109
Yngre	96,7	3,3	100	30
<i>Totalt</i>	86,3	13,7	100	139

2013	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	88,2	11,8	100	170
Midaldra	92,3	7,7	100	142
Yngre	85,9	14,1	100	149
<i>Totalt</i>	88,7	11,3	100	461

p: i.s.

Ei inndeling av resultatane etter livsfase og opptaksår fortel oss at den tilsynelatande stabile distribusjonen i realiteten ser ut til å ha vore svingande. Vi ser at 1Y berre hadde 3,3% /v/- realisering, og dermed såg ut til å vise ei utvikling der /k/- realiseringa etter kvart ville ta over som einaste form. I 2Y ser det ut til at /v/-realiseringa er på veg opp at igjen, med 14,1 % av belegga. Vi ser også ein liten auke i bruken av /v/-realisering frå dei yngre i 1989 til dei midaldra i 2013 (frå 3,3 % til 7,7 %).

6.7.3 Kjønn og opptaksår

Tabell 46 syner resultatane i lys av kjønn og opptaksår. I 1989 kan det sjå ut til at veksling mellom /k/- og /v/-realisering fyrst og fremst var eit kvinnefenomen, då 97 % av mennene held seg fast til /k/-realiseringa, mens 23,3 % av belegga er /v/-realisering blant kvinnene. I 2013 er det derimot mennene som har høgast frekvens av /v/-realisering. Vi finn altså ein del skilnader mellom menn og kvinner sin språkbruk i dei to opptaksåra, men det er vanskeleg å peike på ein klar tendens. Kjønn ser ikkje ut til å vere ein god nok forklaringsfaktor for den språklege variasjonen i V7:

Tabell 46: V7 "KV-SPØRJEORDA" Kjønn og opptaksår

1989	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	76,7	23,3	100	73
Menn	97	3	100	66
<i>Totalt</i>	86,3	13,7	100	139

2013	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	92,6	7,4	100	242
Menn	84,5	15,5	100	219
<i>Totalt</i>	88,7	11,3	100	461

p: i.s.

6.7.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 47: V7 "KV-SPØRJEORDA" Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	70,4	29,6	100	54
Eldre, menn	96,4	3,6	100	55
Yngre, kvinner	94,7	5,3	100	19
Yngre, menn	100	0	100	11
<i>Totalt</i>	86,3	13,7	100	139

2013	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	98,7	1,3	100	78
Eldre, menn	79,3	20,7	100	92
Midaldra, kvinner	93,4	6,6	100	76
Midaldra, menn	90,9	9,1	100	66
Yngre, kvinner	86,4	13,6	100	88
Yngre, menn	85,2	14,8	100	61
<i>Totalt</i>	88,7	11,3	100	461

Også i V7 finn ein dei største skilnadene mellom eldre menn og eldre kvinner i 1989-materialet. Nær ein tredel av alle formene dei eldre kvinnene nytta då, var med "den finare" /v/-realiseringa, medan mennene hadde /k/-realisering i dei aller fleste tilfelle (96,4 %). For yngre menn og kvinner på 1989-opptaka har denne skilnaden stort sett jamna seg ut. I 2013-materialet ser vi også større skilnader i eldregruppa, medan tala er langt jamnare blant kvinner

og menn i midaldra- og yngregruppa. Tabell 45 viste oss at vi hadde eit tillaup til livsløpsendingar blant dei midaldra. No ser vi at dette gjeld mennene i denne gruppa: Der yngre menn i 1989 hadde 100 % /k/-realisering, er bruken no på 90,9 %. Endringsgraden er dermed på 9,1 prosentpoeng. Dette korrelerer godt med utviklinga vi ser i 2Y hjå begge kjønna, nemleg ei auke i bruken av spørjeord med /v/-realisering.

6.7.5 Lokalgeografisk tilhøyrslø

Tabell 48: V7 "KV-SPØRJEORDA" Lokalgeografisk tilhøyrslø

N=149	k - realisering	v - realisering	SUM	
<i>Lokalgeografisk tilhøyrslø:</i>	%	%	%	<i>N</i>
Yngre aust	80	20	100	40
Yngre vest	88,1	11,9	100	109

For V7 er tala på belegg skeivfordelt mellom aust og vest, slik vi også såg i V5. Ungdommane frå vestsida har over dobbelt så mange treff på V7-variabelen som ungdommane frå austsida – noko som i seg sjølv kan vere interessant. Vi ser teikn til at austsida har meir /v/-realisering, men få belegg gjer det vanskeleg å uttale seg om eit eventuelt mønster.

6.8 V8 "DEI"

For V8 "DEI" såg vi at det finst tre variantar: gatemålsforma /dæm/, høgstatusforma /di:/ og den romsdalske bygdemålsinfluerte /dæi/.

6.8.1 Samla oversyn etter opptaksår

Det samla oversynet viser ei endring som langt på veg er i ferd med å verte gjennomført frå 1989 til 2013, nemleg ein reduksjon av /di:/ og /dæi/ til fordel for einerådande bruk av /dæm/:

Tabell 49: V8 "DEI" Samla oversyn etter opptaksår

N=1302	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Opptaksår:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
1989	91,7	7,5	0,8	100	360
2013	96,3	3,6	0,1	100	942

6.8.2 Livsfase og opptaksår

Tabell 50: V8 "DEI" Livsfase og opptaksår

1989	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	90,9	8,2	0,9	100	329
Yngre	100	0	0	100	31
<i>Totalt</i>	91,7	7,5	0,8	100	360

2013	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre	92,5	7,2	0,3	100	362
Midaldra	97,6	2,4	0	100	332
Yngre	100	0	0	100	248
<i>Totalt</i>	96,3	3,6	0,1	100	942

p: i.s.

Tabell 50 ovanfor viser at endringa frå tre variantar til ein såg ut til å vere gjennomført alt i 1Y. I 2013 står likevel /di:/ for 2,4 % av belegga blant dei midaldra. Ein kan tenkje seg at bruken av /di:/ i 2M kan vere uttrykk for eit karakteristisk mønster der ungdommar brukar /dæm/, for så å gå over til ein auka /di:/-bruk når dei blir eldre. Om ei slik livsfaseendring eksisterte, burde vi i så fall sjå mønsteret blant fleire av informantane i den midaldra gruppa. Det gjer vi ikkje. Resultata på individnivå (vedlegg 7, variabel 8) viser at /di:/-auken skuldast to informantar som "stikk seg ut": ei kvinne (13,2 % /di:/) og ein mann (2,5 % /di:/), begge fødte i 1971. Dei andre midaldra nyttar /dæm/ , slik som resten av ungdommane i 2Y.

6.8.3 Kjønn og opptaksår

Tabell 51: V8 "DEI" Kjønn og opptaksår

1989	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	93,3	6,7	0	100	164
Menn	90,3	8,2	1,5	100	196
<i>Totalt</i>	91,7	7,5	0,8	100	360

2013	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Kjønn:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Kvinner	97,8	2	0,2	100	511
Menn	94,4	5,6	0	100	431
<i>Totalt</i>	96,3	3,6	0,1	100	942

p: i.s.

Tabell 51 viser at det berre er små og ubetydelege forskjellar mellom menn og kvinner sin bruk av dei forskjellige variantane. Som vi straks skal sjå, ser alderen ut til å spele ei langt viktigare rolle for realiseringa av språktrekk:

6.8.4 Livsfase, kjønn og opptaksår

Tabell 52: V8 "DEI" Livsfase, kjønn og opptaksår

1989	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	92,1	7,9	0	100	140
Eldre, menn	89,9	8,5	1,6	100	189
Yngre, kvinner	100	0	0	100	24
Yngre, menn	100	0	0	100	7
<i>Totalt</i>	<i>91,7</i>	<i>7,5</i>	<i>0,8</i>	<i>100</i>	<i>360</i>

2013	dæm	di	dæi	SUM	
<i>Kjønn og livsfase:</i>	%	%	%	%	<i>N</i>
Eldre, kvinner	97,7	1,7	0,6	100	176
Eldre, menn	87,6	12,4	0	100	186
Midaldra, kvinner	95,7	4,3	0	100	163
Midaldra, menn	99,4	0,6	0	100	169
Yngre, kvinner	100	0	0	100	172
Yngre, menn	100	0	0	100	76
<i>Totalt</i>	<i>96,3</i>	<i>3,6</i>	<i>0,1</i>	<i>100</i>	<i>942</i>

Igjen ser vi at det er informantane i den eldre livsfasen i begge opptaksåra som har høgast belegg på høgstatusformene. I 2013 er det dei eldre mennene som har den høgaste bruksfrekvensen av /di:/, noko som skil seg frå andre variablar der tendensen stort sett har vore at kvinnene nyttar fleire høgstatusformer enn menn.

6.8.5 Lokalgeografisk tilhøyrslse

Sidan 100 % av yngre kvinner og menn seier /dæm/, ser vi naturleg nok ingen skilnad mellom austsida og vestsida for V8. Blant ungdommane har dermed *dei* ikkje status som variabel lenger i 2013. Som vi har sett av dei andre resultata, er likevel dette noko som kan endre seg i framtida (jamfør til dømes V3 "IKKJE").

6.9 Avsluttande merknader kring resultatata i verkeleg tid

Resultata frå granskinga i Molde har vist at det for enkelte språklege variablar er *tendensar* til livsfaseendring blant dei midaldra informantane på 2013-opptaka. Statistikken bidreg dermed til å trekkje hypotesen om tilsynelatande tid (jamfør 5.2.1) i tvil. Resultata har også vist at utviklingstendensar ein meinte å sjå frå statistikken i 1989, ofte kan ha endra retning og vise seg som andre mønster i 2013. Samanlagt viser dette kor viktig det er å utføre sosiolingvistiske granskingar i verkeleg tid kontra i tilsynelatande tid når det praktisk let seg gjennomføre.

Eit anna viktig moment å merke seg ved gjennomgangen av resultatata, er at det jamt over er langt fleire treff på språklege variablar i 2013-materialet enn i 1989-materialet. Eit større informantutval kombinert med lengre intervju er årsaka til dette. Generaliseringane vi kan gjere på bakgrunn av 2013-materialet, vil dermed vere noko sikrare enn generaliseringane vi kan gjere ut frå 1989-materialet. Spesielt gjeld dette for variablar med fåe treff på kvar av variantane.

6.10 V1 – V8: Resultat, årsklasseinndeling


Som ei avslutning på kapittelet vil eg vise resultatata i det eg har kalla eit *tilsynelatande tid-perspektiv*. I tillegg til å studere språkendring ut frå alder (livsfasar), kjønn og lokalgeografisk tilhøyrslø, har det på prosjektet Dialektendringsprosessar vore vanleg å sjå språkvariasjonen i lys av *årsklassar*. Det vil seie at ein grupperer informantane etter fødselsintervall. Ved å gruppere informantane slik, ser ein den språklege variasjonen uavhengig av opptaksår. Alt materialet vert altså ”slått saman”. På denne måten kan vi sjå språkendingane i Molde bymål i tilsynelatande tid og danne oss eit bilete av (det vi går ut frå er) den *kronologiske* utviklinga til dei aktuelle trekka. I Dialektendringsprosessar opererer ein med fem årsklassar der kvar av dei har eit fødselsintervall på 30 år:

Tabell 53: Årsklassar på Dialektendringsprosessar

Namn	Fødselsårsintervall
Årsklasse 0	1860-1889
Årsklasse 1	1890-1919
Årsklasse 2	1920-1949
Årsklasse 3	1950-1979
Årsklasse 4	1980-2009


Informantane frå Molde har fødselsår frå 1910 til 1997, og spenner då etter inndelinga ovanfor mellom årsklasse 1 og årsklasse 4. Som diskutert i avsnitt 5.2.1 skal ein likevel vere forsiktig med å avgjere at ein har med reelle språkendingar å gjere når ein ser at språkleg variasjon korrelerer med alder i tilsynelatande tid, sidan forhold som livsfaseendingar ikkje kan fangast opp. Samstundes er slike grupperingar av informantar i kronologisk rangerte alderskohortar svært eigna for grafiske framstillingar av variasjonen. I det følgjande vil eg presentere kvar variabel for seg, med oversikt over bruksfrekvensen av ulike variantar per årsklasse. Figur 13 nedanfor syner V1 "EG" (trykksvake og trykksterke realiseringar slått saman) med inndeling etter årsklasse:

Figur 13: V1 "EG" Distribusjon etter årsklasse, prosent




I årsklasse 1 og 2 finn ein framleis høgstatusforma /jei/ og enkelte realiseringar med nordmørsk /e:/, men frå og med årsklasse 3, er /i:/ i praksis einerådande. Figur 13 er dermed med på å illustrerer korleis bruken av /i:/-varianten har auka i omfang for kvar årsklasse.

Figur 14: V2 "KJ-LYDEN" Distribusjon etter årsklasse, prosent




Her ser vi at kj-lyden med /ç/-realisering har halde seg svært stabil i moldedialekten i årsklasse 1, 2 og 3. Frå og med årsklasse 4 har /j/-realisering har teke over i nærmare 40 % av tilfella. Figur 14 illustrerer såleis godt omfanget på det nye fonemsamanfallet.

Figur 15: V3 "IKKJE" Distribusjon etter årsklasse, prosent




Framstillinga i tilsynelatande tid i figur 15 viser ein overgang frå tilnærma stabilitet i årsklasse 1, 2 og 3, med påfølgjande stor variasjon i årsklasse 4. Den same utviklinga eignar seg også framstilt i eit linjediagram (figur 16). Kurvene viser den bråe utviklinga frå /içe/ til /ike/og /ife/:

Figur 16: V3 "IKKJE" Lineær framstilling av årsklassevariasjon, prosent




Den blåe kurva viser den tilnærma einerådane posisjonen til /içe/ i årsklasse 1, 2 og 3. Mellom årsklasse 3 og årsklasse 4 snur så denne utviklinga, og ein stad mellom dei to klassane har folk gått frå å seie /içe/ til å seie /ike/. Krysninga av den grønne og den blåe aksene syner dette godt. Samstundes når ikkje den grønne aksene opp på same nivå som den blåe hadde i /içe/-perioden. Dette skuldast innføringa av enda eit trekk i årsklasse 4, nemleg /ije/ (raud kurve).

Figur 17: V4 "PRESENS, LINNE VERB" Distribusjon etter årsklasse, prosent




For V4 (figur 17) er utbreiinga av /e/-endinga mest markant: Frå å ha hatt ein nokså solid posisjon i årsklasse 1, fekk ho ein liten nedgang i årsklasse 2, for så å auke valdsamt fram mot årsklasse 4. I årsklasse 1 ser vi ein del bruk av høgstatusformer, men elles har framgangen til /e/-endinga kome på kostnad av den romsdalske /a/-endinga. Nytt i årsklasse 4 er også bøyning med 0-ending, som kan vere ein spennande faktor å følgje med på i framtida.

Figur 18: V5 "PRESENS, STERKE VERB" Distribusjon etter årsklasse, prosent




For V5 ser vi mest av alt ein situasjon der varierende bruk av variantar har halde seg relativt stabil over fleire år. /e/-endinga har hatt ein marginal posisjon i alle dei fire årsklassane, men det finst framleis nokre få belegg i årsklasse 4. /er/-endinga, som tradisjonelt har høyrte til høgstatusosiolekten, finn ein flest belegg av i årsklasse 1, altså blant informantar som er fødte mellom 1890 og 1919. Tradisjonell romsdalsk bøyning med omlyd finn ein mest av i årsklasse 2 og 3, medan /er/-endinga har byrja å gjere seg meir gjeldande att i årsklasse 4.

Figur 19: V6 "SUBSTANTIV" Distribusjon etter årsklasse, prosent




Figur 19 viser at substantivbøyinga i ubestemt form fleirtal hankjønn og hokjønn i moldemålet (V6) ser ut til å ha vore prega av mykje variasjon i årsklasse 1, for så å gradvis nærme seg stabilitet. I årsklasse 3 og 4 ser vi ein total dominans for /a/-endinga. I desse to årsklassane kan ein (nesten) seie det slik at fleirtalsbøyinga for substantiv i maskulinum og femininum ikkje lenger har status som variabel.

Figur 20: V7 "KV-SPØRJEORDA" Distribusjon etter årsklasse, prosent



Her ser vi at "KV-SPØRJEORDA" stort sett har /k/-realisering i moldemålet, men at /v/-realisering også har hatt ein jamn del av belegga i alle årsklassane. /v/-realiseringa ser ut til å ha vore størst i årsklasse 1, for så å gå ned i årsklasse 2 og 3, før den så har gått noko opp att i årsklasse 4. Figur 20 viser ein kontinuerlig variasjon i dei ulike årsklassane, om enn noko ulik i omfang.

Figur 21: V8 "DEI" Distribusjon etter årsklasse, prosent



Ser vi på resultatata for den siste variabelen V8 "DEI" i tilsynelatande tid, syner figur 21 at /di:/ hadde ein truga posisjon allereie hjå informantane i årsklasse 1. Etter ein gradvis lågare del av belegga i årsklasse 2 og 3, er resultatet i årsklasse 4 at informantane no har gått over til å nytte /dæm/ i alle tilfelle, både som demonstrativ og pronomen.

7 – DRØFTING AV RESULTAT

I dette kapitlet skal vi sjå på resultatane frå kapittel 6 i samband med den overordna problemstillinga i prosjektet og dei fem hypotesane. I tur og orden vil eg gå gjennom dei sosiale variablane og sjå korleis dei fungerer som beskriving og forklaringsfaktor for den språklege variasjonen. På bakgrunn av teoriene presenterte i kapittel 4, vil eg også drøfte enkelte moglege årsaker til variasjonen og endringane vi ser.

7.1 Premissar for tolking

For å kunne seie at ein sosial variabel er relevant – at han tener som ein *god forklaringsfaktor* for ein gitt språkleg variasjon – er det nødvendig å utdjupe kva som ligg i eit slikt omgrep. I denne granskinga vil eg rekne ein sosial variabel som ein god forklaringsfaktor for språkleg variasjon dersom den *same tendensen er gjennomgåande* der den aktuelle variabelen er nytta. For å finne ut av dette, er det viktig med oversikt over resultatane.

Samstundes er det viktig å hugse på at dei sosiale variablane fyrst og fremst er ei inndeling og beskriving, ikkje ei årsak – og at endring og variasjon derfor treng ei eiga forklaring (jamfør kapittel 4). For å unngå sirkelslutningar skal eg prøve å verifisere årsaka til eventuelle funn med eksterne og uavhengige data (jamfør 4.6).

Før eg går over til å sjå dei samla resultatane i samband med opptaksår, livsfase, kjønn og lokalgeografisk tilhøyrse, er det eit par av funna i materialet som treng nærmare gransking og diskusjon. Tolkninga av desse resultatane legg premissar for den vidare drøftinga av materialet.

7.1.1 V3 ”IKKJE”: Informant nummer 01467 – ein språkleg pioner?

Dei resultatane som treng mest drøfting på individ- og gruppenivå, gjeld alle variabel 3 ”IKKJE”. Ved gjennomgangen av distribusjonen av variantar for V3 knytt opp mot livsfasar såg vi noko uventa, nemleg at 2,2 % av belegga hjå dei midaldra i 2013 var den nye varianten /iʃe/ (tabell 25). Vi såg også at alle desse belegga kom frå same kvinnelege informant: nummer 01467 (vedlegg 7). Eit svært viktig spørsmål vert dermed: Er kvinna den språklege pioneren som var fyrst ute med fonemsamanfallet i Molde?

Ser ein på Vestlandet, byrjar overgangen frå /ç/- til /ʃ/-realisering å få lang fartstid. Fonemsamanfallet i *kj*-lyden (og *ikkje*) vart registrert i Bergen i TUB-prosjektet alt på slutten

av 1970-talet. Då var det kategorisert som eit ungdomsfenomen (Johannesen 1983:13). I 1996 skreiv Liv O. Dalbakken om barn og unge si distinksjonsevne i Trondheim, og stadfesta med dette at fonemsamanfallet også hadde nådd Trøndelag – og kanskje viktigare, ein by som plasserar seg over Molde i eit tenkt sentrumshierarki. Eg har ikkje lukkast i å finne liknande tidlege teikn til samanfall i Molde.⁹⁸ Ut frå den hierarkiske spreingsmodellen er det også lite truleg at Molde skal ha vore før Trondheim med denne utviklinga.

Informant nummer 01467 har berre tilfelle av /ʃ/-realisering i V3 ”IKKJE”, men ingen registrerte samanfall i V2 ”KJ-LYDEN”. Av 93 belegg for V3 hjå informanten, er berre ti av dei /iʃe/ – resten (89,2 %) er den tradisjonelle /içe/. Totalt dreier det seg altså om cirka ein tidel av belegga.⁹⁹ Kvifor informanten stundom nyttar /iʃe/-forma, og kor tidleg ho eventuelt tok ho i bruk, er det vanskeleg å seie noko sikkert om. Kvinna fortel i intervjuet at ho har jobba saman med ungdommar i mange år. Det kan vere ei mogleg påverknadskjelde dersom fonemsamanfallet har kome inn i språket i vaksen alder. Det viktigaste argumentet mot at informant nummer 01467 var den fyrste pioneren for fonemsamanfall i Molde, er nok at kvinna ikkje høyrer til generasjonen der trekket elles viser seg. Informanten verkar heller ikkje å vere klar over vekslinga. Eg har med dette bestemt meg for å sjå på trekket som ein (umedviten) talefeil hjå informanten. At kvinna var den fyrste ”trendsetjaren” for fonemsamanfall i Molde, kan like fullt ikkje utelukkast. Data frå andre talegranskingar og frå sosiolingvistisk spreingsteori, der større byar mottok nye språktrekk før dei mindre byane, talar likevel mot at dette er tilfelle. Eg vel derfor å rekne 2Y for å vere fyrste undersøkte generasjon i Molde der fonemsamanfallet viser seg.

7.1.2 V3 ”IKKJE”: Skiftet frå /içe/ til /ike/ i 2Y – frå stabilitet til variasjon

På 2013-opptaka var det i 2M 100 % bruk av varianten /içe/ og ingen variasjon. Blant ungdommane på 2013-opptaka var bruken av /içe/ på full fart ut av bruk. Der hadde /ike/ teke over med 78 % av treffa.¹⁰⁰ Kva kan vere årsaker til at språksituasjonen har snudd frå stabilitet i 2M til variasjon i 2Y? Moglege forklaringar på denne endringa meiner eg vi kan finne i ein kombinasjon av ytre og indre faktorar. Ser ein på språkinterne tilhøve, vert det klart at /içe/ står i ein nokså einsam posisjon ved å ha /ç/-fonemet i innlyd. I 5.10 såg vi at det berre

⁹⁸ Her kan eg også nytte eigen generasjon som referanse: Sjølv er eg fødd i 1988 og kan ikkje nemne *ein* person frå eige årskull som har dette fonemsamanfallet. (Tvert imot var dette eit type språktrekk der sosiale sanksjonar var risikerte ved ”feil” uttale).

⁹⁹ Eg har ikkje lukkast i å finne noko spesielt mønster for når informanten nyttar /iʃe/ i staden for /içe/. Innhaldet i utsegnene varierer, og bruken ser ikkje ut til å vere knytt til spesielle frasar.

¹⁰⁰ Den tredje varianten /iʃe/, tek eg for meg i avsnitt 7.1.3.

finst to andre ord med denne frikativten i innlyd i moldedialekten, nemlig *bikkje* og *mykje*, og at dei begge er lite brukte (*bikkje* mindre enn *mykje*). Former med /k/ i innlyd, slik ein finn i /ike/, er derimot hyppig brukte. Jamvel om det berre er tre ord med /ç/-fonemet i innlyd i moldedialekten, er forma /içe/ svært frekvent i daglegtalet. Det kan vere ei konserverande kraft. Samstundes kan denne aleineposisjonen (om enn noko spekulativt) vere med på å forklare kvifor /içe/ viser endringstendensar.

Når /ike/ har teke over som primærvariant i 2Y, kan dette også skyldast sosiale tilhøve. I tillegg til å finnast i bokmål, er /ike/ brukt både i byar og tettstader på ulike stader i Noreg. Elinn D. Myklebust opplyser i samtale at ungdommar i Ålesund i hovudsak seier /ike/. Dette trekket verkar så langt eg har klart å finne ut, ikkje til å ha nådd Molde sin andre naboby Kristiansund. Der er /içe/ framleis i bruk blant yngre. Ein mogleg motivasjonsfaktor for å ta i bruk forma /ike/ kan vere å oppnå ein *urbanisert* språkleg identitet, i motsetnad til /içe/, som speglar ei tilhøyrse meir lokalt (og ruralt). I så fall kan bruken av /ike/ vere ein viktig identitetsmarkør i Molde, som viser tilhøyrse med byen kontra bygda. Som vi såg i avsnitt 4.3.2, er det også slik at former som samsvarar med det vi finn av skriftspråksformer i moderat bokmål (eller i Oslo vest), ofte vert tillagt prestisje. Kanskje kan den sosiale verdien til /ike/ bidra til å forklare den høge bruksfrekvensen blant ungdommane, og kvifor ein stabil språkleg situasjon i 2M kan ha gått over til variasjon i 2Y.

Som uttrykk for /ike/ sin posisjon som prestisjetrekk hadde forma tradisjonelt ein plass i høgstatusosiolekten i Molde: I kapittel 6 såg vi at varianten /ike/ fanst i 1E (og også med eitt enkelt treff i 1Y) på 1989-opptaka. På 2013-opptaka forsvann trekket heilt i 2E og 2M (0 % bruksfrekvens), for så å gjere seg gjeldande igjen i 2Y. Eit viktig spørsmål vert då: Har det /ike/ vi ser i 2Y same opphav som /ike/ i 1E? Med andre ord: Har ungdommane teke til seg eit eldre trekk frå høgstatusosiolekten, eller er det eit ”nytt trekk” som kjem inn frå andre byar via sentrumshopping?

Som ein del av problemstillinga i denne oppgåva ønskte eg å kunne seie noko om eit eventuelt endringsmønster i moldedialekten. Då vert dette spørsmålet sentralt. Ein kan tenkje seg desse alternativa:

- 1) Trekket /ike/ i 2Y kjem frå det høgare talemålet.
- 2) Trekket /ike/ i 2Y kjem frå andre geografiske område.

Alternativ 1 betyr at høgstatusosiolekten i Molde påverkar endringsretninga. For alternativ 2 kan ein derimot sjå det som at dialekten vert påverka utanfrå, kanskje frå større byar i regionen eller landet. I det vidare vil eg argumentere for at forma /ike/ vi ser i 2Y, ikkje kjem

frå høgstatusosiolekten. Det er to hovudgrunnar til å tru at Molde høg ikkje er opphavet til trekket. Begge har bakgrunn i det vi veit om språkendringsprosessar (jamfør kapittel 4) og handlar om kva som kan vere aktuelle påverknadskrefter i ein endringsprosess. For dei unge i 2Y vil informantane i 1E vere på alder med deira oldeforeldre. Oldeforeldre har ikkje, så langt eg har kunna finne ut, vore ei dokumentert påverknadskraft til språkending hjå ungdommar. Til og med foreldre har i fleire undersøkingar vist seg å ha liten effekt på språket til borna:¹⁰¹

[...] children do not speak like their parents. In the great majority of cases we have studies or encountered, children follow the pattern of their peers (Labov 1972:304)

I tillegg til dette talar observerte endringsmønster frå andre bysamfunn for ein ”oppstandelse” mot gamle høgstatustrekk: I sosiolingvistiske granskingar frå norske byar der ein har eit ”høgare talemål” og eit ”lågare talemål”, viser dei aller fleste studiane at det er ”det lågare talemålet”, altså gatemålet, som breier seg. Det ser vi mellom anna i Oslo (avsnitt 4.3.2), Stavanger (granskinga til Nymark Aasen 2011) og Trondheim (Fintoft og Mjaavatn 1980:108). På bakgrunn av desse forholda vel eg å tolke det som lite sannsynleg at det /ike/ vi finn i 2Y, er av same opphav som /ike/ i 1E. I staden verkar det sannsynleg at det er eit nytt /ike/ ungdommane i 2Y har teke til seg, eit *urbant prestisjetrekk* som spreier seg frå by til by (jamfør 7.1.2). Vi ser altså at /ike/, som inngjekk i ein av to ulike sosiolektar i Molde, har kome att i ungdomsspråket, men med *ny sosial verdi*: denne gongen ikkje for å markere eit skilje i klasse og status, men heller som eit urbant ”ungdommeleg” bymålstrekk, som ein i tillegg finn gode indrespråklege argument for å innføre.

7.1.3 V3 ”IKKJE”: Overgangen til /ife/ i 2Y

I tillegg til overgangen frå /içe/ til /ike/ viste enda eit nytt trekk seg i 2Y: *ikkje* uttala med postalveolar frikativ: /ife/. Vi såg at det finst fleire moglege årsaker til ein overgang frå /içe/ til /ike/. Men kva kan forklare bruken av den nye varianten /ife/? Ein slik overgang kan hovudsakleg ha skjedd på to ulike måtar i 2Y:

- 1) Ungdommane har gått frå /içe/ til /ife/.
- 2) Ungdommane har gått frå /ike/ til /ife/.

¹⁰¹ Forholdet mellom språk og foreldre er likevel ikkje forska så mykje på i sosiolingvistiske granskingar – der har foreldrebakgrunn oftast heller vore eit *utvalskriterium*, ikkje sosial variabel (Hernes 2006:231).

Sidan vi manglar data frå årskull mellom 2M og 2Y, er det vanskeleg å vite nøyaktig korleis denne overgangen har vore for 2Y, og kor tidleg fonemsamanfallet eventuelt har kome inn i språket til ungdommane.¹⁰² Resultata på individnivå viste også at ikkje alle dei undersøkte informantane har eit slikt samanfall, det vil seie at enkelte hadde full distinksjon på alle belegga. Sett frå ein fonologisk ståstad er det sannsynleg at ein overgang frå /içe/ til /ife/ heng saman med det *generelle fonemsamanfallet* som skjer i framlyd, dokumentert i mine resultat ved V2 ”KJ-LYDEN”. Samanfallet kan vere eit døme på det indrespråklege prinsippet om *funksjonell tyngd*, der ubetydelege opposisjonar lettare vert fjerna enn viktige (mykje nytta). Ei språkutvikling der eit slikt samanfall er på veg inn, vil i dei fleste tilfelle ha få konsekvensar, då konteksten i mest alle tilfelle vil eliminere tvilen som kan oppstå. Ein overgang frå /içe/ til /ife/ kan då lett skje.¹⁰³

Ein overgang frå /ike/ til /ife/ vert det derimot vanskelegare å forklare ut frå ein slik motivasjon. Det finst ikkje nokon opplagde fonologiske argument for eit slikt byte. Ei mogleg forklaring, om enn noko luftig, kan kanskje heller finnast i dei sosiale tilhøva rundt språket. /ife/ vinn stadig terreng blant ungdommar i Noreg, og det er ein sterk identitetsmarkør. Då eg i intervjuet spurde om skilnader mellom unge og gamle sitt språk, var det også det trekket som heilt klart skapte størst irritasjon hjå dei eldre informantane. Med andre ord har bruken av trekket også sterkt stigma knytt til seg. På denne måten kan ein tenkje seg at /ife/ kan brukast for å markere eiga gruppetilhøyrse i tillegg til å vere ein del av ein ungdomsstrategi for å ”gjere opprør” mot dei eldre generasjonane.

Ut frå motiva skisserte ovanfor ser vi at motivasjonen bak ein overgang til /ife/ i 2Y både kan ha indre og ytre forklaringsfaktorar knytt til seg. Sjølv sagt kan det også vere andre årsaker til variasjonen vi generelt ser i V3 enn dei eg har skissert i desse avsnitta, som kan seiast å vere noko spekulative.

Med desse spesielle aspekta ved variabelen på plass vil eg no gå over til å sjå dei *samla* resultata i samband med dei sosiale variablane.

¹⁰² Vi kan også tenkje oss ei tredje ”løype” for trekket, der ungdommane har gått frå /içe/ via /ike/ til /ife/.

¹⁰³ I si avhandling skriv Hannaas (1999:97) at dei største hindera mot eit fonemsamanfall finst ved korreksjonar frå dei som har det tradisjonelle skiljet, i tillegg til i skriftbildet. Der vil den delen av eit ord som vert uttalt med *kj*-lyd, aldri innehalde grafemet *s*. Hannaas trur likevel ikkje motkreftene er sterke nok til å hindre samanfall.

7.2 Opptaksår

Då vi såg på dei språklege variablane i samband med opptaksår, viste resultata større endringar mellom 1989 og 2013 for alle variablar unntatt V7 og V8. I kapittel 4 lanserte eg også ein hypotese om skilnader eg venta å finne mellom dei to opptaksåra.

H1: Frekvensen av høgstatusvariantar vil vere større i materialet frå 1989 enn i materialet frå 2013.

Totalt er det sju variantar av variablane eg har kategorisert som typiske for høgstatusosiolekten. Det er V1 /jei/ og V3 /ike/, i tillegg til /er/-endinga i V4, V5 og V6. Til høgstatusvariantane finn vi også V7 med /v/-realisering og V8 /di:/. Legg merke til at V2 ikkje er med. Med utgangspunkt i tabellane som viste det samla oversynet etter opptaksår, kan ein illustrere den samla bruksfrekvensen av høgstatusformer i dei to opptaksåra slik:

Tabell 54: Samla bruksfrekvens av høgstatusformer i dei to opptaksåra

	1989	2013
<i>Høgstatusvariant:</i>	%	%
V1 jei (sv + st)	23,2	1,5
V3 /ike/	2,3	25,2
V4 /er/-ending	15,9	0,3
V5 /er/-ending	48	23
V6 /er/-ending	29,8	4,9
V7 v-realisering	13,7	11,3
V8 /di:/	7,5	3,6
<i>Gjennomsnitt:</i>	20,1	10

Ut frå gjennomsnittet i tabell 54 ser vi at H1 er bekrefta. Frekvensen av høgstatusvariantar *er* høgare i materialet frå 1989 enn i materialet frå 2013: Den totale bruksfrekvensen har minka frå 20,1% (1989) til 10 % (2013) i perioden. Ser vi i tillegg bort frå V3 /ike/ i 2013 og reknar denne som ein ”ny” variant i staden for ein gjenkomen variant frå det høgare talemålet, slik eg argumenterte for i 7.1.3, vert gjennomsnittsbuiken av høgstatusformer i 2013 så låg som 6,4 % i snitt. Det samla oversynet over høgstatusformer i materialet indikerer dermed at ”det høgare talemålet” i Molde er på retur. Nødtvedt spådde dette alt i 1991, og dei nye tala stadfestar såleis også hennar spådom.

7.3 Alder som sosial variabel

7.3.1 Årsklasseendring

I kapittel 6 såg vi tydelege teikn på variasjon knytt til aldersgrupper. Hypotese 2 om språkendring i over tid, lydde slik:

H2: Frekvensen av høgstatusformer vil vere størst i dei eldste årsklassane. Tilsvarande vil frekvensen av gatemålsformer vere størst i dei yngre årsklassane.

Til gatemålsformer rekna eg då alle andre variantar i Molde bymål som ikkje er i bruk i høgstatusosiolekten. Ved å setje opp eit oversyn over gjennomsnittleg bruksfrekvens av høgstatusformer i dei ulike årsklassane vert det mogleg å teste denne hypotesen. Tabell 55 byggjer på data frå 6.10 og gir eit slikt oversyn:

Tabell 55: Gjennomsnittleg bruksfrekvens av høgstatusformer i dei ulike årsklassane

Årsklasse	I (1890-1919)	II (1920-1949)	III (1950-1979)	IV (1980-2009)
<i>Høgstatusvariant:</i>	%	%	%	%
V1 jei (sv + st)	31,6	11,6	0	0
V3 /ike/	4,2	0,1	0,2	(78)
V4 /er/-ending	29,3	0,7	0,8	0
V5 /er/-ending	55,4	20,5	19,3	41,3
V6 /er/-ending	42,7	11,6	0	0
V7 v-realisering	26,1	9,5	7	14,1
V8 /di:/	11,8	5,9	2,2	0
<i>Gjennomsnitt:</i>	28,7	8,6	5,8	19,1
<i>Gjennomsnitt u/V3:</i>				7,9

Ikkje overraskande viser tabell 55 at den gjennomsnittlege bruksfrekvensen av høgstatusformer heng nøye saman med kva årsklasse informantane høyrer til. *Alder* viser seg altså som ei svært relevant inndeling i samband med språkleg variasjon og endring. Den største skilnaden finn vi mellom årsklasse I og årsklasse II, der gjennomsnittsbruken av høgstatusformer har sokke med heile 20,1 prosentpoeng. Vi ser at tendensen med reduksjon i bruk av høgstatusformer går att i alle variantane, noko som stemmer godt med hypotesen.

Ei samanlikning av årsklasse I og II viser at språkbrukarar frå Molde ser ut til å nesten ha slutta med å seie /jei/ og /ike/ i tillegg til å ha kutta kraftig i bruken av /er/-endingar over ein periode på ti-tjue år. At /jei/ er kjapt på veg ut av språket i årsklasse II, er spesielt viktig å merke seg, då bruken av /jei/ versus bruken av /i:/ kanskje var den største markøren for Molde

høg mot Molde låg (jamfør 5.10). Endringane mellom årsklasse I og årsklasse II illustrerer godt domenetapet til høgstatusosiolekten i denne perioden.

Ser vi på informantane i årsklasse III (som igjen svarar til informantane i 1Y og 2M), skil dei seg ut ved å ha den lågaste bruksfrekvensen av høgstatusformer i materialet, og den høgaste bruksfrekvensen av bymåls- og romsdalsformer. Det er i tråd med hypotesen. Resultata viste at dei i hovudsak sa /içe/ (figur 15), veksla mellom a- og e-endingar i presens av linne verb i kaste-klassen (figur 17) og hadde nær 100 % bøyning med omlyd i presens av sterke verb, om ein ser vekk frå *kjem* (figur 18 og tabell 29). Sidan gatemålet har ei langt større romsdalsk forankring enn det høgare talemålet i Molde, er det kanskje ikkje rart at Nødtvedt såg for seg ei utviklingsretning for bymålet mot ein stadig større romsdalsk påverknad.

Når det gjeld språkbruken til dei yngre i årsklasse IV (altså 2Y), ser vi at bruken av høgstatusformer har stige litt att. Der den gjennomsnittlege bruksfrekvensen av høgstatusformer var heilt nede på 5,8 % i årsklasse III, har talet auka til 7,9 % i årsklasse IV. Grunnen til stigninga i høgstatusformer blant ungdommen i 2013, er ein høgare førekomst av /v/-realisering i V7 og den meir frekvente bruken av /'komer/ i V5. Formene som har auka i tal, finn vi att i fleire norske byar (jamfør 5.10). Elles ser vi at resultata frå årsklasse IV stemmer godt overeins med teoriane frå 4.6.1 om at ein låg alder er relatert til høg bruksfrekvens av nye språktrekk: Det er blant dei yngre vi finn dei nye variantane /s/-realisering i V2 "KJ-LYDEN", /ife/ og /ike/ V3 "IKKJE".

Å sjå resultata i lys av årsklasse er svært gunstig når ein forsøker å danne seg eit kronologisk oversyn over utviklinga til språktrekk. I moldegranskinga vert likevel inndelinga etter dei alderskohortane som er standard i Dialektendringsprosessar, noko uheldig. Mens årsklasse III svarar godt til informantane i 1Y+2M, og årsklasse IV svarar til ungdommane i 2Y, vert informantane i 1E splitta mellom årsklasse I og årsklasse II. Tre av informantane i 1E hamnar nemlig akkurat over i årsklasse 2 (informantane er fødde i 1920-1921). Resterande informantar i årsklasse II er om lag ti til tjue år yngre. Normalt er ikkje ti-tjue år avgjerande, men i dette tilfellet er det mi oppfatning at informantane tilhøyrande 1E i praksis vaks opp i eit anna språksamfunn enn dei i 2E. Av denne grunnen meiner eg det er meir hensiktsmessig å diskutere endringar i språket mellom informantar tilhørande gruppene 1E (fødde 1910-1921) og 2E (fødde 1929-1948), enn det er hensiktsmessig å sjå på endringar mellom årsklasse I og årsklasse II (Retninga i endringane blir ikkje annleis om ein gjer det på eine eller andre måten). I det følgjande vil eg gå nærmare inn på årsaker til den store språklege skilnaden vi finn mellom 1E og 2E.

7.3.2 Kvifor er språkbruken så annleis 1E?

Kva kan vere årsaker til den store skilnaden i val av variantar vi ser mellom informantar i gruppene 1E og 2E? I snittalder er det ikkje meir enn (om lag) 20 år som skil dei to gruppene frå kvarandre i fødselsår. I løpet av denne korte tidsperioden ser vi likevel større endringar i variantbruk i pronomensystem, verbbygging og substantivbygginga, i tillegg til andre leksikaliserte variantar der hovudmønsteret er at den gamle høgstatusosiolekten taper domene til gatemålet. Det vi observerer, er i praksis *slutten* på Molde høg som sosiolekt.

Ser ein på sosiale tilhøve, vert det klart at informantane i 1E og 2E har vore barn og ungdommar og gått gjennom ein ”dialektal formingsfase” i same by, men på mange måtar i ulike samfunn. Innflyttarmønstera i Molde (jamfør kapittel 2) gir grunn til å tru at informantane i 1E har vakse opp med ein foreldregenerasjon prega av interindividuell og intraindividuell variasjon. Samstundes levde dei i eit samfunn med store klasseskilnader. Uklåre språklege førebilete og ei folkesamansetting med ein tredel ikkje-romsdalske innflyttarar, vil truleg ha bidrege til å gjere språket i 1E både meir forenkla og med større rom for variasjon (om enn mindre enn i foreldregenerasjonen, jamfør 4.5.2 om koinésering).

I tida mellom ungdomsperioden til 1E og 2E kom også krigen til Molde, noko som fekk store konsekvensar på dei aller fleste område. I sociolingvistiske granskingar der ein ser etter språkbruk i korrelasjon med alder, er det vanlegast å dele folk inn i ulike alderskohortar basert på fødselsår. Men i samfunn der det har skjedd større hendingar som på ein eller annan måte skapar eit brot i den vanlege samfunnsutviklinga, skriv Labov at ei inndeling av generasjonar med ”før hendinga” og ”etter hendinga” kan vere like aktuell (2006:134). Labov kallar det ”punctuating events” og skriv: ”in most cases, these events are the large-scale population movements and consequent social changes associated with major wars.” (2006:314). At krigen indirekte skulle vise seg å få effekt på bymålsutviklinga, vert støtta av Gunnar Juel, som skreiv hovudfagsoppgåve om Kristiansund i 1957 (utgjeve 1991):

Brannkatastrofen i 1940 grep på mange måter forstyrrende inn i bymålet naturlege utvikling. [...] I denne krisetiden med sin prekære husmangel, sine masseforflytningar og tvangsdirigeringer ble mange av de stedege og strengt lokalt begrensede språkeiendommeligheter etter hvert nesten utvisket, eller det kunne også føre til at noen av dem ble felleseie og fikk hjemstavnsrett og hevd i hele bymålet (1991:9-10)

Ein slik observasjon vert svært interessant i samband med Labovs teoriar, då samfunnsutviklinga i Molde har mange parallellar til Kristiansund. Før krigen var det to ulike sosiolektar også i Kristiansund, der sosiolekten nytta i dei høgare klassane vart kalla ”Mellemsproget” (Hoel 1915:13). Som Kristiansund vart også Molde lagt i ruinar i 1940.

Svært mange vart heimlause. Fleire av informantane fortel at dei flytta ut til familie på landsbygda, medan andre vart buande med familie og vener i byen samstundes som dei bygde opp att nye bustader. Informantane i 1E var stort sett vaksne på denne tida, medan informantane i 2E var midt i ein dialektal formingsfase samstundes som samfunnet rundt dei skulle byggjast opp att. Oppbygging, industrireiseing og velferdsstat var dei nye satsingsområda til Arbeiderpartiet, og gamle klassesamfunn var noko ein ville motarbeide. Folkeflyttinga og dei nye sosiale mønster som oppstod etter krigen, er faktorar som kanskje kan vere med på å forklare den nye retninga i dialektutviklinga etter 1E.

7.3.3 Livsfaseendring

I det eldre materialet frå 1989 og i det nye frå 2013 er det to aldersgrupper, nemleg 1Y og 2M, som begge representerer årsklasse III. Denne årsklassen er altså blitt undersøkt to gonger, men frå fyrste til andre gransking har årsklassen gått over i ein ny livsfase: frå ungdom til midaldra. I Dialektendringsprosessar er det av interesse å sjå om denne tidsforskjellen og altså livsfaseforskjellen får uttrykk i eit anna språkbruksmønster.

I kapittel 6 såg vi på livsfase i samband med opptaksår, og då vart det klart at det finst enkelte teikn til livsløpsendring i materialet. Desse endringane fann eg som kjent ved å samanlikne distribusjonen av variantar i 1Y med distribusjonen av variantar i 2M. Heilt like er dei to gruppene likevel ikkje: Der alle informantane i 1Y har fødselsår 1973, er informantane i 2M fødte mellom 1963 og 1973. Då vert det klart at ein del av endringa vi ser mellom dei to gruppene, også kan vere påverka av årsklasseendringar.¹⁰⁴

Dersom ein auke i førekomsten av eit trekk var eit uttrykk for historisk endring, dvs. årsklasseendring, skulle vi normalt rekne med at endringa er i tråd med den generelle endringsretninga i materialet. Eit slikt mønster fann vi både i V4 (tabell 29) og i V5 (tabell 33). Til dømes heng den aukande bruken av /e/-endingar i linne verb i presens godt saman med trenden vi ser i 2Y. Det er vanskeleg å konkludere sikkert om skilnaden mellom 1Y og 2Y er historisk endring eller variasjon knytt til alder. Men der vi finn teikn til endring mellom dei to gruppene, føyer den seg altså inn i mønsteret til den generelle utviklinga vi ser i 2Y.¹⁰⁵ Totalt sett er det likevel slik at livsløpsendringar er fåe.

Skal ein oppsummere resultatane frå språk knytt til alder, vert det klart at hypotesen er

¹⁰⁴ Snittfødselsåret på informantane i 2M er 1970, så årsklasseendringa burde i så fall vere liten.

¹⁰⁵ Nok eit eksempel på det, vert straks synleg i avsnitt 7.4. Sidan den generelle endringsretninga i materialet går mot ein lågare bruk av høgstatusformer, vil dette tilseie ein lågare bruksfrekvens av høgstatusformer i 2M enn i 1Y. Tabell 56 og 57 illustrerer godt at dette er òg er tilfelle.

styrkt: Frekvensen av høgstatusformer *er* størst i dei eldste årsklassane. Konkret er han størst i årsklasse I. I dei yngre årsklassane (II, III og IV) fann vi også ein tilsvarande større frekvens av gatemålsformer. Bruken av gatemålsformer med romsdalsk opphav viste seg å vere størst i årsklasse 2 og 3, medan ein i årsklasse IV såg eit svakt oppsving i frekvensen på høgstatusformer. Auken ser her ut til å skuldast ein høgare førekomst av /v/-realisering i V7 og den frekvente bruken av /'komer/ i V5.

7.4 Kjønn som sosial variabel

I kapittel 4 såg vi at *kjønn* er ein av dei mest klassiske sosiale variablane i sosiolingvistikken, og at fleire granskingar har kunna vise til skilnader i kvinner og menn sin språkbruk. Eg såg på Molde som ein spesielt eigna plass for å teste ut kjønn som variabel, då det fyrst og fremst er i bysamfunn at desse skilnadene har vore mest framståande. På bakgrunn av teoriane i kapittel 4 vart det formulert følgjande hypotese:

H3: *Kvinner nyttar fleire høgstatusformer enn menn.*

Resultata i kapittel 6 har allereie vist oss at det stundom var skilnader mellom kvinner og menn sin språkbruk. Den største skilnaden fann vi blant dei eldre på 1989-opptaka i V1 "EG": Der variabelen stod i trykksterk stilling i utsegna, nytta 85,5 % av kvinnene høgstatusvarianten /jei/, medan berre 9,3 % av mennene gjorde det same. Dette utgjer ein bruksskilnad i høgstatusformer mellom kjønna på heile 76,2 prosentpoeng. Variantfordelinga mellom kvinner og menn var likevel ikkje konsekvent for dei ulike variablane. For å finne ut av om det verkeleg eksisterer eit kjønnsmonster i variantbruken, og om dette mønsteret eventuelt stemmer med H3, har eg sett på den samla bruken av høgstatusformer blant kvinner og menn i materialet. Ved å undersøke dei same høgstatusvariantane som i tabell 54 (avsnitt 7.1) kombinert med tabellane som gav opplysningar om *livsfase*, *kjønn* og *opptaksår*, har eg rekna ut *gjennomsnittsbuiken av høgstatusformer* hjå kvinner og menn i dei ulike livsfasane:

1989	1E		1Y	
	<i>Ek</i>	<i>Em</i>	<i>Yk</i>	<i>Ym</i>
Variant:	%	%	%	%
V1 /jei/ st	85,5	9,3	0	0
V1 /jei/ sv	49,6	8,6	0	0
V3 /ike/	5,1	0,4	0	2,6
V4 /er/-ending	24,1	14,9	0	4
V5 /er/-ending	50	54,1	34,8	33,3
V6 /er/-ending	38,6	30,2	0	0
V7 /v/-real.	29,6	3,6	5,3	0
V8 /di:/	7,9	8,5	0	0
Gjennomsnitt	36,3	16,2	5	4,5

Tabell 57: Kjønn og gjennomsnittbruk av høgstatusformer i 2013

2013	2E		2M		2Y	
	<i>Ek</i>	<i>Em</i>	<i>Mk</i>	<i>Mm</i>	<i>Yk</i>	<i>Ym</i>
Variant:	%	%	%	%	%	%
V1 /jei/ st	8,1	0	0	0	0	0
V1 /jei/ sv	3,9	4,6	0	0	0	0
V3 /ike/	0	0	0	0	92,6	64,2
V4 /er/-ending	0,8	0	0,8	0	0	0
V5 /er/-ending	25	5,2	18,2	11,9	36,5	47,8
V6 /er/-ending	4	16,7	0	0	0	0
V7 /v/-real.	1,3	20,7	6,6	9,1	13,6	14,8
V8 /di:/	1,7	12,4	4,3	0,6	0	0
Gjennomsnitt	5,6	7,5	3,7	2,7	17,8	15,9
Gjennomsnitt u/V3					6,3	7,8

Gjennomsnittet i ei gruppe (til dømes Ek = eldre kvinner 2013) er rekna ut ved å leggje saman bruksfrekvensen for dei aktuelle variantane, for så å dele på det totale talet på variantar.

Av resultatane ser vi at det spesielt er eldregruppa på 1989-opptaka som skil seg ut: Kvinnene har gjennomsnittleg 36,3 % høgstatusformer i talen, medan det tilsvarande talet for mennene er 16,2 %. Eldre kvinner nytta altså i gjennomsnitt over dobbelt så mange høgstatusformer som eldre menn i 1989. I denne gruppa ser ein dermed ein klar samanheng mellom språkbruk og kjønn, og mønsteret følgjer hypotesen: Kvinner nyttar fleire høgstatusformer enn menn. Skilnaden er ikkje like stor for alle variablane, og spesielt er det V1, V4, V6 og V7 som gjer forskjellen mellom dei to gruppene så markant. Ein kan dermed moderere konklusjonen ved å seie at dei eldre kvinnene i 1989 *jamt over* nytta fleire høgstatusformer enn menn.

I dei andre gruppene 1Y, 2E, 2M og 2Y ser vi ingen teikn til ein slik kjønnsvariasjon.

Ikkje nokon stad er skilnaden i gjennomsnittsbbruk av høgstatusformer over 2 % mellom kvinnene og mennene (eller jentene og gutane). Resultata frå signifikanstestinga viste også at *kjønn* som sosial variabel var signifikant berre i V1 ”EG” og V6 ”SUBSTANTIV”.

Signifikanstestinga fortel oss her at kjønn *generelt* ikkje er ein god forklaringsfaktor for den språklege variasjonen når både eldre og yngre er rekna som *ei* gruppe. Kapittel 6 har ofte illustrert kor viktig det kan vere å gå heilt ned på det minste gruppenivået (tabellar delt inn etter både livsfase, kjønn og opptaksår) for å klarare kunne sjå mønster mellom gruppene.

Kva årsaker kan det så vere til at vi finn kjønnsstyrt språk i 1E, men ikkje i nokon andre grupper? Eit kjapt søk i tidlegare forskning viser at dette slett ikkje er unikt. Agnete Nesse viste med si gransking frå Bergen i 1994 at kvinnene nytta fleire høgstatusformer enn menn. Tendensen var nettopp sterkast hjå kvinner over 40 år (1994:136). Også Fintoft og Mjaavatn (1980) fann det same i si gransking av bymålet i Trondheim. I eldregruppa var kjønnsforskjellen signifikant, medan han ikkje var det i den yngste gruppa, der informantane var mellom 20 og 36 år. Dei konkluderte med at: ”Forskjellen mellom menns og kvinners språk er i ferd med å utviskes” (Fintoft og Mjaavatn 1980:47). Det ser altså ut til at Molde følgjer etter eit mønster vi har sett (og ser) i andre større norske byar.

Ei ofte føreslegen årsak til at kvinnene nytta fleire høgstatusformer enn menn, er den skeive makt- og statusfordelinga som tidlegare var så markant i mange samfunn, og særleg i byar. Kvinnene hadde jamt over ein mindre trygg og svakare sosial posisjon enn mennene: Der menn fekk markert sosial status gjennom yrke, kunne kvinnene markere dette gjennom språket (Sandøy 1996:107). Det verkar ikkje usannsynleg at dette også kan ha gjeldt i Molde. Blant kvinnene i 1E hadde dei fleste yrke som husmødrer. Nokre av dei hadde utdanning, men då dei starta eigen familie, vart mange gåande heime.¹⁰⁶ Mennene var i arbeidslivet og tente pengar, og kvinnene fekk oftast samfunnsposisjonen sin gjennom mannen (Nødtvedt 1991:146). I dag har kvinner flest kome seg ut i lønna arbeid og fått realisert seg på andre arenaer med påfølgjande større personleg fridom og vidare nettverk. Ei slik endring i samfunnsform og rollemønster kan naturleg også ha effekt på språket. Det er ikkje lenger nødvendig for kvinner å markere sosial status ved å nytte prestisjeformer. Resultatet vert då ei gradvis utjamning av skilnader i språkbruk mellom kjønna.

¹⁰⁶ Informasjon frå intervju.

7.4.1 Er gitar dei nye innovatørane?

Jamvel om vi ikkje finn eit mønster knytt til kjønn og høgstatusformer anna enn i 1E, ser vi ikkje desto mindre eit anna mønster som kan vere knytt til kjønn i 2Y: Her kan det sjå ut til at gutane er tidlegare ute enn jentene med å ta til seg nye former. Blant ungdommane på 2013-opptaka er det gutane som har størst bruksfrekvens og leier an i utviklinga for V2 "KJ-LYDEN" med /ʃ/-realisering, og for V3 "IKKJE" med høgast /ife/-bruksfrekvens. Dette strid imot prinsippa presenterte i kapittel 4, der vi såg at kvinner plar vere mest innovative når det gjeld å introdusere nye former. Der vi finn skilnader mellom gitar og jenter i Molde, viser det seg altså på motsett måte: Her er det gutane som er fyrst ute med å ta til seg nye trekk, og som har størst bruksfrekvens av desse. I si gransking frå Ognafann Sævik Bøe det same mønsteret (2013). Det kan vere vanskeleg å peike på ei bestemt årsak til at gutane ser ut til å ha rolla som språklege innovatørar. Enklare er det å stadfeste at sosiale mønster frå engelskspråklege samfunn ikkje ser ut til å vere like relevante for Noreg.¹⁰⁷ Dei nye formene som er på veg inn, har eit sterkt stigma knytt til seg: Bruken av /ʃ/-fonemet i *kj*-lyden og i /ife/, er opplagte ungdommelege identitetsmarkørar, men møter ein del reaksjonar frå eldre og midaldra medlemmar av det same språksamfunnet. Ei mogleg tolking kan vere at gutane bryr seg mindre om dette stigmaet, eller at dei kanskje også får mindre korreks for språkbruken enn jentene. Kanskje er det då *gutane* som er drivkraft i ein ungdomskultur som gjer (språkleg) opprør mot dei eldre generasjonane.

Samstundes er kanskje ikkje *kjønn* den beste variabelen å sjå *kj*-lyden blant ungdommar i samband med: I si gransking av talemålet til ungdommar på Røros og Tynset, fann Unn Røynealand ut at *gruppetilhøyrsla* var viktigare enn *kjønn* når det gjaldt realiseringa av ulike språktrekk (Røynealand 2005:541). Ho delte ungdommane inn etter dei fire gruppene bus-rånar, soss-skatar, skule-idrett og skule-kultur (2005:185-192). I moldematerialet frå 2013 er den individuelle variasjonen stor for trekka der gutane ser ut til å vere pådrivarar. Ein kikk på resultata på individnivå avslører at den språklege variasjonen *innanfor* kvart av individ i gruppene, ser ut til å vere større enn den språklege variasjonen *mellom* jentegruppa og gutegruppa. For å kunne uttale seg sikrare om tendensar i ungdomsgruppa, treng ein eit større utval. Likeeins kunne det vore interessant å kartleggje gruppetilhøyrsla blant ungdommane for å sjå om ei slik sosial inndeling kunne avdekt andre mønster.

Oppsummert kan det sjå ut til at *kjønn* er ein god forklaringsfaktor for den språklege variasjonen vi ser i 1E. Tendensen til at kvinner har fleire høgstatusformer enn menn, er

¹⁰⁷ Jamfør 4.6.2 og Labov og Hudson sine teoriar.

markant for seks av åtte undersøkte variablar i denne gruppa, og i dei to resterande variablane er skilnadene mellom kjønna maksimalt 4,1 prosentpoeng. I dei andre gruppene finn vi ikkje slike tendensar, og kjønn kan dermed ikkje lenger seiast å vere ein relevant forklaringsfaktor for den språklege variasjonen i 1Y, 2Y, 2M og 2E. Her ser vi i staden at skilnaden på kjønna er utjamna. I 2Y peika resultatata på gruppenivå på at gutane kan ha rollar som språklege innovatørar, men stor individuelle variasjonen gjer resultatata usikre. Hypotesen om at kvinner nyttar fleire høgstatusformer enn menn, er dermed styrkt for eldregenerasjonen på 1989-opptaka (1E), men avkrefta for dei resterande generasjonane.

7.5 Lokargeografisk tilhøyrse som sosial variabel

I samband med at det tidlegare er rapportert ulik språkbruk mellom ungdommar som vaks opp på austsida og vestsida i Molde på 1960-talet, ønskte eg å sjå resultatata frå ungdomsgruppa i 2013 i lys av *lokargeografisk tilhøyrse*. Hypotesen lydde:

H4: *Det finst ikkje lenger nokon generell språkleg skilnad mellom ungdommar som er frå austsida og ungdommar frå vestsida i Molde.*

Vestad (2006) skildra det som at austsideungdom på 1960-talet var vand med eit temmeleg *breitt* romsdalsk mål, medan vest- og sentrumsungdommen snakka *fint* (jamfør 4.6.3). Nødtvedt rapporterte om liknande oppfatningar blant dei eldre informantane i si gransking (1991:162). Også i 2013-intervjua finn ein haldningar som indikerer eit skilje mellom dei to kantane av byen. Då informant nummer 01471 (fødd 1945) vert spurd om han omtalar seg sjølv som *molding* eller *moldensar*, seier han til dømes: ”Eg er ikkje moldensar, eg er fuglseting.” Fuglset er ein bydel i Molde aust, og informanten viser med denne utsegna ei høg grad av lokal orientering. På same tid seier ein kvinneleg informant (nummer 01464, fødd 1966) i ein samtale om husval at ho aldri kunne vurdere å busetje seg i Molde vest. For denne informanten er berre austsida aktuell som bustad – det er der ho høyrer heime. Ein del av informantane signaliserer gjennom slike utsegner at dei oppfattar seg sjølve med ein tydeleg *austside-* eller *vestsideidentitet*. Det er slett ikkje alle informantane som vurderer byen som todelt, men tanken om å føle seg hovudsakleg tilhøyrande éi side verkar å vere utbreidd. Dersom eit slikt *mentalt skilje* i oppfatninga mellom å høyre til på austsida eller vestsida eksisterte, skal ein ikkje sjå bort frå at dei ulike identitetane og gruppetilhøyrsla også gav språklege utslag, som Vestad (2006) skisserte.

At dei i sentrum og på vestsida snakka ”fint”, medan dei på austsida snakka breiare, hang naturleg saman med den tidlegare samfunnsorganiseringa. Vi såg at Molde vest var den ”administrative” sida av byen, der både amtmenn og legar busette seg, medan austsida var meir prega av industri og manuelt arbeid. Hypotesen er at desse skilnadene no skal vere utjamna, og for å teste dette sette eg opp ei oversikt over den samla bruksfrekvensen av høgstatusformer blant ungdommane i 2013 fordelt på lokalgeografisk tilhøyrslø:

Tabell 58: Samla bruksfrekvens av høgstatusformer i 2Y, aust/vest

Lokalgeografisk tilhøyrslø	Aust	Vest
<i>Høgstatusvariant:</i>	%	%
V1 jei (sv + st)	0	0
V3 /ike/	98	62,8
V4 /er/-ending (linne verb)	0	0
V5 /er/-ending (sterke verb)	34,2	45,1
V6 /er/-ending (subst.)	0	0
V7 v-realisering	20	11,9
V8 /di:/	0	0
<i>Gjennomsnitt</i>	21,7	17,1
<i>Gjennomsnitt u/ V3</i>	7,7	8,1

Ser ein vekk frå V3 ved det tidlegare høgstatusstrekket /ike/, vert det klart at skilnaden i bruk av høgstatusformer mellom ungdommar frå austsida og vestsida i Molde på 2013-opptaka, er minimal: Berre 0,4 prosentpoeng skil dei to gruppene. Vi ser at bruken av høgstatusstrekk *totalt* er svært låg både på austsida og vestsida, som også kom tydeleg fram i tabell 56, der vi såg 2Y under eitt. Sidan gamle høgstatusformer er lite brukt blant ungdommane, vert det naturleg å tenkje seg at *dersom* ein språkleg skilnad mellom bydelane eksisterer i 2013, må han heller openberre seg på anna vis. I staden for å berre granske høgstatusformene i materialet, vil det derfor vere like fruktbart å eksperimentere med å sjå etter ulikskapar *generelt* i den språklege distribusjonen til ungdommane frå austsida og vestsida for V1-V8. Det vil kunne svare best på om ein ser ein gjennomgåande ulikskap knytt til lokalgeografisk tilhøyrslø i 2013-materialet.

For å gjere eit slik eksperiment må ein fastsetje visse rammer. Vi har sett at talet på belegg ofte var ulikt mellom aust og vest, noko som gjorde det vanskelegare å uttale seg sikkert om skilnader mellom dei to bysidentene. Sidan det berre er fire informantar i kvar celle (aust/vest), og tala på belegg i tillegg er varierende, kan vi setje følgjande premiss for relevant grad av skilnad: *For å styrke gjettinga om at lokalgeografisk tilhøyrslø ligg til grunn for*

språklege skilnader vi ser mellom austsida og vestsida i 2Y, må skilnaden i bruksfrekvens mellom dei to sidene vere meir enn 5,0 prosentpoeng.

Dei variablane som har variantar med ein ulikskap i bruksfrekvens mellom austsida og vestsida på meir enn 5,0 prosentpoeng, er V2, V3, V5 og V7. Sjå tabell 59 :

Tabell 59: Grad av skilnad, aust/vest

	Aust	Vest	Differanse
<i>Variant:</i>	%	%	<i>prosentpoeng</i>
V2 /ç/-realisering	46,5	70,6	24,1
V2 /ʃ/-realisering	53,5	29,4	24,1
V3 /içe/	2	14,7	12,7
V3 /ike/	98	62,8	35,2
V3 /ife/	0	22,6	22,6
V5 -Ø (m/ omlyd)	63,2	53,5	9,7
V5 -/er/-ending	34,2	45,1	10,9
V7 /k/-realisering	80	88,1	8,1
V7 /v/-realisering	20	11,9	8,1
<i>Gjennomsnitt</i>			17,2

Dei største skilnadene finn vi i variabel 2 og 3. Samstundes vert det klart at den gjennomsnittlege differansen i dei aktuelle variablane, er nokså stor: I snitt er det 17,2 prosentpoeng som skil austsida frå vestsida. Ser vi nærmare på ”variablane” som står att (der ein skilnad > 5 % ikkje er uttrykt), viser resultata at V1 ”EG” og V8 ”DEI” ikkje lenger har status som variablar i 2Y. Det same kan ein eigentleg seie om V6, der *eitt* treff på e-endinga (tabell 43) er det einaste som tyder på ein variabel kontra ei stabil substantivbøying med 100 % a-endingar. Då står berre V4 att som einaste andre variabel der ein mogleg skilnad i lokalgeografisk tilhøyrslø kan kome til uttrykk gjennom val av variant. Der er den største skilnaden på 3,3 prosentpoeng. Med andre ord ser vi at ei inndeling etter *lokalgeografisk tilhøyrslø* viser skilnader i bruksprosent på meir enn fem prosentpoeng mellom austsida og vestsida for fire av fem *aktuelle* variablar i 2Y.

Forskjellen mellom dei to ungdomsgruppene kan då tyde på at lokalgeografisk tilhøyrslø framleis spelar ei viss rolle for språkbruken i gruppene. Det ser likevel ikkje ut til at alle variablar vert brukte til å uttrykke ein eventuell forskjell, så her trengst truleg vidare gransking. Også når det gjeld kven som ser ut til å vere fyrst ute med nye trekk, er det vanskeleg å sjå eit umiddelbart mønster. Ser ein til dømes på resultata for det nye fonemsamanfallet, er det austsida som leiar an med /ʃ/-realiseringa i V2, medan vestsida er

den einaste med belegg på /ife/ i V3.

Kva kan vere grunnen til at vi framleis ser tendensar til skilnader mellom ungdommar frå austsida og ungdommar frå vestsida sitt språk? Vi har sett at det tidlegare kjønsskiljet ved bruk av høgstatusformer ikkje lenger manifesterer seg språkleg (tabell 56), og nye samfunnsstrukturar og tankemønster har også svekt språklege utslag av tidlegare classeskilnader. Som gruppe er ungdommane i 2Y òg meir homogene enn dei vaksne: Dei har alle nøyaktig same alder, dei bur heime, dei pendlar ikkje inn og ut av kommunen, og dei har på mange måtar den same kvardagen ved at dei alle er elevar. Den kanskje mest opplagde skilnaden mellom ungdommane frå vestsida og austsida i byen, er nettopp det at dei er elevar som tilhøyrer *ulike skular*.

I avsnitt 4.2.5 om sosiale nettverk såg vi at skulen (gjennom skulekameratar) utgjer ei av dei viktigaste gruppene i nettverka til ungdommar, og at desse gruppene igjen fungerer som viktige norminstansar. Strukturelt vil skulekameratane som gruppe ha likskapar med eit nokså tett, multiplekst nettverk: Konnektiviteten er høg, og elevane kjenner kvarandre på tvers av nettverket (i større og mindre grad). Mange av elevane vil òg kjenne kvarande i fleire roller, til dømes som klassekamerat, ven og fotballspelar. Ved at skulenettverket er lokalt og med høg innbyrdes kontaktfrekvens mellom medlemmane, kan dette ifølgje Milroy og Milroy (jamfør 4.2.5) implisere at skulen fungerer som ein viktig språkleg og normativ kontrollinstans. Dersom ein tenkjer seg ungdomsskulen som eitt stort sosialt nettverk, vil skuletilhøyrsla aust/vest kunne vere ei aktuell forklaring på kvifor ein finn språklege skilnader mellom austsida og vestsida i ei ungdomsgruppe som elles viser mange sosiale likskapar.

Om ein godtek tanken om eit skulenettverk med ein sterk nok normativ kontrollinstans til å oppretthalde eit skilje mellom aust og vest, vil dette naturleg også legge føringar på individa i gruppa sin språkbruk: Jo sterkare kontrollinstans, desto mindre individuell fridom skulle ein forvente. Resultata peikar her i ei anna retning. Parallelt med skilnaden i bruksfrekvens av språklege variantar mellom austsida og vestsida, viste resultata på individnivå (vedlegg 7) til dels stor interindividuell variasjon i 2Y. Større variasjonsbreidd i talemålet kan vere uttrykk for romslegare språklege normer, der enkeltindividet kan variere talemålet sitt i ulike dagligdagse situasjonar. I så fall kan ein sjå det som at resultata speglar ein relativ stor aksept for språklege avvik blant ungdommane. Med det datamaterialet eg har, er det i det heile teke vanskeleg å vite sikkert om utslaget mellom aust og vest kjem av lokalgeografisk tilhøyrslø, eller berre vert ein tilfeldig konsekvens av den store interindividuelle variasjonen i ungdomsgruppa – og at eit liknande skilje i bruksfrekvens ville ha vist seg nesten uansett kva inndeling ein opererte med.

I si avhandling om ungdommar frå Os (2006) fann Reidunn Hernes heller ikkje nokon direkte korrelasjon mellom sosiale variablar¹⁰⁸ og språkbruk i informantgruppa. Ho åtvare samstundes mot å tru at dette gjer dei sosiale variablane irrelevante, då moglege språkendingar kan manifestere seg på nivå som ikkje vert fanga opp av dei språklege variablane:

Eg kan altså ikkje kategorisk avvise at det har skjedd språklege endringar som kan koplast opp mot dei utvalde sosiale variablane, berre slå fast at det ikkje har skjedd på dei språklege variablane eg har undersøkt. Det kan elles godt henda at det er andre sosiale forhold som eg *ikkje* har undersøkt som betre kunne ha vist samheng mellom sosial gruppe og språkleg praksis (Hernes 2006:245)

Som Hernes vil eg heller ikkje sjå vekk frå at den sosiale variabelen lokalgeografisk tilhøyrsele kan vere ei meir relevant inndeling for andre språktrekk og for andre grupper enn ungdomsgruppa eg sjølv har undersøkt.

7.6 Endringsmønster

Den andre delen av problemstillinga i denne avhandlinga var å forsøke å seie noko om eventuelle endringsmønster ein kan sjå ut frå endringar i bruksfrekvensen til dei åtte språklege variablane i moldedialekten. Då Nødtvedt publiserte granskinga si i 1991, meinte ho å vise at høgstatusosiolekten var på retur, og at den yngre generasjonen sitt språk "ligg nærare dialekten i området rundt byen enn EG [eldre generasjonen] sitt språk gjer" (1991:153). Ho spådde at moldemålet kom til å bli likare dialektane rundt byen (altså romsdalsmåla), då nye trekk som vann terreng, såg ut til å kome frå bygdene. I kapittel 4 formulerte eg følgjande hypotese om eit mønster for språkendinga i Molde:

H5: Moldedialekten vert ikkje likare dialektane i områda rundt seg, altså nabokommunane, men tek heller opp dialekttrekk som er "bytypiske", eller som går att i ein større region enn Romsdalen.

For å kunne seie noko om eit eventuelt endringsmønster i ein dialekt, er det vanlege å ta utgangspunkt i språket til den yngste generasjonen ein undersøker, og sjå kva som har endra seg frå dei eldre generasjonane, og kvar nye trekk eventuelt ser ut til å kome frå. I oversynet over moldedialekten (kapittel 3) og ved presentasjonen av dei språklege variablane (kapittel 5) forsøkte eg å setje høvesvis bymålet og dei åtte variablane inn i ein større samheng. Å

¹⁰⁸ Dei sosiale variablane ho drøftar, er kjønn, utdanning og uteopphald (2006:245).

kjenne til det moglege opphavet til språktrekk har mykje å seie når ein vil orientere seg om aktuelle påverknadskjelder til språkending.

Endringane som har skjedd mellom dei ulike livsfasane og mellom dei to opptaksåra, vart presenterte i kapittel 6 og langt på veg oppsummerte og drøfta i 7.3. Dersom moldedialekten hadde blitt likare dei romsdalske dialektane, slik Nødtvedt fyrst spådde, skulle vi forventet at dei yngre sa /içe/ (V3), at dei stadig hadde ein aukande frekvens av /a/-endingar i presens linne verb (V4), og at talet på /er/-endingar i sterke verb var nede i eit absolutt minimum (V5). Ikkje minst burde dei sagt /'çəm/ i staden for /'kømer/. Kanskje hadde også fleire romsdalske trekk kome inn som nye språktrekk i bymålet. Noko slikt ser vi ikkje. Det er tre trekk som markerer seg som nye i 2Y, og det er V2 "KJ-LYDEN" med /ʃ/-realisering, og V3 "IKKJE" med /ike/ og /ife/ (der den siste er nyare enn den fyrste). Felles for alle desse trekka, er at dei hovudsakleg er språktrekk vi finn att i fleire større norske byar. Når det gjeld nye trekk som kjem inn utanfrå, kan det sjå ut til at den hierarkiske spreingsmodellen tener som ein god beskrivingsmodell (jamfør 4.4).

Ser vi på Molde bymål som heilskap og samanliknar resultatane i 2Y med tidlegare opptaksår og livsfasar, vert det klart at også andre krefter ser ut til å spele ei rolle for bymålsutviklinga. For fleire av variablane ser vi ei utvikling frå ein ustabil situasjon med fleire variantar til ein stabilisert situasjon, der éin variant har vunne fram som einerådande. Samstundes skapar opptak av nye trekk variasjon. Etter inspirasjon frå modellen i Nornes 2011 (114-115) ønskjer eg å lage eit oversyn over moglege påverknadskjelder på moldedialekten. Sjå tabell 60. *Moglege kjelder* til eit innkomande trekk er dei varietetane som frå før har den varianten som òg er ny variant i framgang i Molde bymål. Slike varietetar har eg merkt med + (=korrespondanse), medan varietetar som ikkje er ei mogleg kjelde, vart merkte med – (=ikkje-korrespondanse). Dersom ein vil sjå på påverknadskjelder på denne måten, er det eit viktig prinsipp som er gjeldande: Viss det finst ei påverknadskraft, ein slags sosial og kulturell dominans frå ein ekstern varietet, må ho i utgangspunktet utøve ei konsistent kraft på alle språktrekk – ikkje berre på nokre utvalde (Sandøy 2013:129). Ved tolking av tabellane må ein derfor sjå på resultat som motstridande dersom ein finn både korrespondanse (+) og ikkje-korrespondanse (–) frå den same kjelda. Eit unntak frå dette, har vi dersom vi kan gi ei anna type forklaring enn den samfunnsmessige. I eit slikt tilfelle blir motsetnaden berre tilsynelatande. Her kan til dømes lingvistisk struktur som indrespråkleg kraft også drive fram endring: ” *The most likely sources should therefore be those that are consistently marked with a + throughout the whole set of variables*” (*ibid*).

Tabell 60: *Moglege påverknadskjelder*¹⁰⁹

Variabeltrend	Romsdal	Ålesund	Trondheim	Oslo	Bergen	Bokmål	Nynorsk
V1 /jei/ → /i:/	+	–	–	–	–	–	–
V2 /ç/ → /ʃ/	–	+	+	+	+	–	–
V3 /içe/ → /ike/	–	+	+	+	+/-	+	–
V3 /içe/ → /iʃe/	–	+	+	+	+	–	–
V4 -/ɑ/ → -/e/	–	–	+	–	–	–	–
V5 pres. omlyd	+	+/-	+/-	–	–	–	+
V5 /çæm/ → /kømer/	–	+	+	+	+	+	–
V6 -/er/ → -/ɑ/	–	–	–	–	–	–	–
V7 /v/-realisering	–	+/-	+/-	+	+/-	+	–
V8 /di:/ → /dæm/	–	+/-	+	–	–	–	–

Stilt opp på denne måten fortel tabell 60 oss at den mest sannsynlege påverknadskjelde for bymålet i Molde ser ut til å vere Trondheim, med Ålesund på andrelassen. Mykje av utviklinga vi ser i Molde, finn vi altså att i to andre bymål som vil trone over Molde i eit sentrumshierarki.¹¹⁰ Det er resultat som stemmer godt med hypotesen. For meg var det like fullt ei overrasking at Trondheim står fram som ei tydelegare kjelde for påverknad enn nabobyen Ålesund. Kontakten mellom innbyggjarar frå Molde og Ålesund er truleg langt hyppigare enn kontakten mellom innbyggjarar frå Molde og Trondheim – der berre ein biltur mellom dei to byane tek om lag fire timar. Kontaktfrekvens (jamfør 4.2.4 om akkommodasjon) ser dermed ikkje ut til å spele ei altfor viktig rolle i dette tilfellet. Heller ser det ut til at Trondheim som regionalt senter, utøver størst sosial og kulturell dominans på romsdalsbyen.

Sidan V1 /i:/allereie har full dominans og er stabil blant dei yngre, er det berre i i den ubestemte fleirtalsforma av substantiv (V6) at Trondheim ikkje er ei mogleg påverknadskjelde – og det er heller ingen av dei andre varietetane. I grammatikkskissa (avsnitt 3.4) såg vi at substantivbøyinga i Molde høyrer til dei enklaste i landet. Resultata i kapittel 6 viste at variasjonen no er ytterlegare redusert ved at ungdommane berre har /ɑ/-ending i V6. Desse bøyingsmønsterane er så forenkla at det i substantivbøyinga heller er Trondheim som har byrja å ta etter Molde (jamfør 4.4.2). Språklege forenklingsprosessar kan dermed vise seg å trumfe prestisje, noko som illustrerer godt korleis den språklege verkelegheita ofte er meir kompleks enn sosiolingvistiske modellar kan gi uttrykk for.

Tabell 60 fortel oss samstundes at omlandet (Romsdal), Bergen, Oslo og skriftspråka

¹⁰⁹ Data frå Ålesundsdialekten er basert på observasjonar frå Elinn D. Myklebust. Data for Trondheim kjem frå Dalen (2008) og Hårstad (2008, 2010). Data frå Bergen er frå Nornes 2011.

¹¹⁰ Her tek eg då omsyn til faktorar som størrelse, befolkning, ulike institusjonar og næringsliv.

ikkje ser ut til å ha nokon innlysande påverknad på bymålet (jamfør at + blir motsagt av –). Nødtvedt sin spådom om eit meir romsdalsnært bymål, vert såleis ikkje støtta av dei nye resultatata. Kombinert fortel dataa oss at dei fleste formene som vinn fram i bymålet i 2013, ser ut til å anten kome frå Trondheim (og ofte andre bymål), eller så fører dei til ein forenkla grammatisk struktur.

Det kan no vere freistande å spå eit endringsmønster der det framtidige bymålet i Molde stadig vert likare bymålet i Trondheim. Men er det noko dei to granskingane frå Molde viser, er det nettopp kor mykje som kan endre seg i åtte utvalde variablar på 24 år; frå ein høg del romsdalske trekk i årsklasse III (1Y og 2M), til det nye mønsteret illustrert ovanfor i årsklasse IV (2Y). Å ta utgangspunkt i den yngste undersøkte generasjonen for å seie noko om ei utviklingsretning, kan òg ha si klare avgrensing: Enkelte av trekk observerte her kan vere særskilte ungdomsformer som språkbrukarane legg frå seg når dei vert eldre. Derfor kan ein ikkje vite sikkert om det vi ser i 2Y no, er uttrykk for verkeleg historisk endring eller aldersavgrensa variasjon. Uansett lyt ein sjå avhandlinga som det ho er – ei gransking av åtte variablar i Molde bymål. Som kjent rommar det faktiske bymålet langt fleire trekk enn det, og granskinga vert på mange vis ufullkomen. Ser vi likevel på utviklinga til desse åtte variablane opp mot hypotese 5, vert det klart at den er styrkt: Moldedialekten vert ikkje likare dialektane i områda rundt seg, altså nabokommunane, men ser heller ut til å ta opp dialekttrekk som er ”bytypiske”, eller som går att i ein større region enn Romsdalen. Samstundes observerer vi òg endringar som går i retning av grammatisk forenkling. På denne måten kan ein sjå det som at Molde bymål også utviklar noko ”for seg sjølv”. Med bakgrunn i det vi veit om urbane sentrum si rolle i den geografiske spreinga av lingvistiske trekk (jamfør 4.5.1), verkar det ikkje urimeleg at bymålet i Molde vil halde fram i ei utviklingsretning som sikrar ein øyliknande posisjon mot omlandet, der språkbrukarane sin byidentitet vert ivaretatt. Om moldedialekten vil gjere det ved å ta til seg innovasjonar, motsetje seg innovasjonar eller skape nye innovasjonar, vert det opp til den som forskar, å sjå.

8 – OPPSUMMERING OG VIDARE FORSKING

8.1 Oppsummering av moldegranskinga

I denne avhandlinga har eg sett på distribusjonen av åtte språklege variablar i Molde bymål i samband med dei sosiale variablane alder, kjønn og lokalgeografisk tilhørsle. Ved å samanlikne data frå dei to opptaksåra 1989 og 2013 ønskte eg å svare på problemstillinga:

- 1) *Korleis ser den språklege variasjonen ut i 2013 kontra i 1989?* og
- 2) *Finst det eit endringsmønster?*

Svaret på desse spørsmåla fekk vi i greie på i kapittel 6 og 7, der språkleg variasjon og endring i moldematerialet vart presentert og drøfta. Her viste resultatata frå den kvantitative korrelasjonsanalysen vesentlege endringar mellom dei to opptaksåra for alle variablar unntatt V7 og V8, som viste ein noko meir stabil variasjon. Samstundes vart det klart at den gjennomsnittlege frekvensen av høgstatusformer var større i materialet frå 1989 enn i materialet frå 2013.

Frå ein situasjon med to ulike sosiolektar i same by, verka det tradisjonelle skiljet mellom ”finmolding” og gatemålet langt på veg å vere oppheva i 2013: Alt i 2E var det mest *markante* trekket for det høgare talemålet, nemleg /jei/ som personleg pronomen fyrste person eintal nesten heilt ute av bruk. I staden for to ulike sosiolektar ser vi i staden éin bydialekt som inneheld trekk frå begge sosiolektane, men der flest former frå gatemålet er representert. At gatemålet vinn fram, er eit mønster vi også finn att i mange andre byar.

Materialet viser òg stor variasjon knytt til alder. Det er spesielt dei eldre frå 1989-opptaka som skil seg ut ved å ha flest høgstatusformer og eit tydeleg kjønnsdelt språk relatert til bruken av dei. Slike tendensar er ikkje synlege i dei andre aldersklassane. Av aktuelle årsaker til at 1E oppfører seg annleis enn dei andre gruppene, peika eg på at dei har hatt uklåre språklege førebilete grunna tilflytting og vakse opp i eit tydlegare klassesamfunn, der kvinner markerte sosial status ved å nytte prestisjeformer. Informantane i 2E hadde på si side den dialektale formingsfasen i åra etter krigen. Bombinga i 1940 raserte Molde, og befolkninga måtte flytte på seg. Eg trur at oppbygginga av eit nytt samfunn, folkeflyttingar og dei nye sosiale mønstera som oppstod etter krigen, har ført til større språklege endringar på makroplanet, og at det er dette vi ser uttrykt i den store dialektale skilnaden mellom 1E og 2E.

Då eg såg på språkending mellom dei midaldra på 2013-opptaka (2M) og dei yngre

på 1989-opptaka (1Y) i samband med opptaksår, fann vi enkelte teikn til livsfaseendringar. I dei tilfella slike tendensar vart observerte, var endringane i tråd med den generelle endringsretninga i materialet. Det styrker tanken om at vi faktisk har med livsfaseendringar å gjere, og ikkje berre årsklasseendringar.

Funna i ungdomsgruppa i 2013 stadfesta elles utsegna om at ein låg alder er relatert til ein høg frekvens av nye språktrekk. Samstundes som kjønn ikkje lenger spelar ei rolle for bruken av høgstatusformer, peikte det seg ut ein mogleg trend der gutane i 2013 er tidlegare ute med å ta til seg nye former enn jentene. Fønemsamanfallet vi ser i ungdomsgruppa (2Y), har eit sterkt stigma knytt til seg, og ei mogleg tolking kan vere at gutane er drivkrafta i ein ungdomskultur som gjer (språkleg) ”opprør” mot dei eldre generasjonane i denne variabelen.

Når vi såg på språklege skilnader mellom ungdommar frå Bekkevoll og Bergmo, vart det klart at lokalgeografisk tilhøyrse såg ut til å kunne verke inn på val av variantar. Her lanserte eg skulen sin funksjon som sosialt nettverk og normativ kontrollinstans som ei aktuell forklaring på forskjellane vi ser mellom austsida og vestsida i byen. Stor interindividuell variasjon gjorde det likevel vanskeleg å påvise korrelasjon mellom språk og tilhøyrse. Eg meiner at variasjonsbreidda i talemålet i seg sjølv kan vere eit uttrykk for romslegare språklege normer i ungdomsgruppa.

Når det gjeld endringsretning, viste kartlegginga av moglege påverknadskjelder at nye variantar og andre former som vinn terreng i Molde bymål, svært ofte er samanfallande med variantar i bymåla i Trondheim og Ålesund. Det er i så fall eit mønster som stemmer godt overeins med den hierarkiske spreingsmodellen. Mange av trekka som vinn fram, kan dermed seiast å vere ”bytypiske”. Samstundes inneber fleire av endringane, og spesielt dei som ikkje har samanfall med andre bymål, også grammatisk forenkling. Dette illustrerer godt samspelet mellom indre og ytre krefter i ein språkendringsprosess. Då moldedialekten har vist seg å ta til seg urbane trekk, samstundes som den grammatiske strukturen stadig vert forenkla, trur eg moldedialekten vil utvikle seg i ei retning der bymålet held på sin posisjon som dialektøy i det romsdalske dialektlandskapet. Korleis frekvensen til dei nye trekka vil fordele seg nedover på den framtidige aldersskalaen, blir det spennande å følgje med på.

8.2 Vidare forskning

Dersom eg hadde hatt betre tid til å gjennomføre ei meir omfattande gransking, er det spesielt tre ting ville gjort. For det fyrste ville eg sett på fleire språklege variablar. Aktuelle kandidatar for vidare studie er til dømes bruken av retrofleks flapp (”tjukk l”) og monoftongering vs. difftongering i ord som *heil*. For det andre hadde det vore spennande å samanlikne utviklinga av dialekten i Molde med dei to nabobyane Kristiansund og Ålesund, i tillegg til Trondheim, for å sjå om ein finn fellestrekk eller ulikskapar. Her ville også ei kartlegging av eksisterande kommunikasjonsmønster vore ein viktig del av granskinga. Sidan Dialektendringsprosessar har som mål å lage analysar av språkendingar i verkeleg tid med tanke på endringsgrad, endringstypar, endringsretning og sosiale og samfunnsmessige vilkår for endringane på Vestlandet, vert det svært spennande å sjå kva for utviklingstendensar ein finn for heile det samla materialet, og korleis Molde eventuelt passar inn i det mønsteret.

Til slutt hadde eg eit sterkt ønskje om å sjå resultata mine i samband med haldningsgranskinga Ragnhild Anderson gjorde i Molde i 2011 for Dialektendringsprosessar.¹¹¹ I den folkelingvistiske delen av intervju mine spurde eg alle informantane om meiningar og oppfatningar av eiga dialekt. Ei samanlikning av resultata frå haldningsgranskinga saman med informantane sine eigne utsegner om dialekt, kunne gitt eit større og meir utfyllande bilete av resultata i begge granskingane ved å jamføre dei språklege endringane med haldnings- og bevisstheitsfaktorar. Det innsamla materialet frå Molde har i det heile potensial for langt meir omfattande analyser enn denne avhandlinga får vist fram. Lengda på opptaka og den utfyllande bakgrunnsinformasjonen som finst på informantane, opnar for vidare spennande studiar av språket som sosialt fenomen.

¹¹¹ Jamfør kapittel 4, avsnitt 4.2.3. Granskinga var ein såkalla *masketest* (engelsk *Matched-guise test*).

LITTERATURLISTE

- Abrahamsen, Olav Arild. 1992. *Molde bys historie III. 1916-1940 – Fra brann til bombing*. Molde: Molde kommune og Dahl Libris.
- Akselberg, Gunnstein. 2005. Talemålsregionalisering. Modellar og røynd. I *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsending i Noreg* 7. Nordisk: Nordisk institutt. 109-130.
- Akselberg, Gunnstein. 2008. Talevariasjon i Noreg. I *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk forlag. 149-166.
- Akselberg, Gunnstein, Gjert Kristoffersen og Helge Sandøy. 2007. *Dialektendringsprosessar*. Prosjektskisse. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Akselberg, Gunnstein og Brit Mæhlum. 2008. Sociolingvistisk metode. I *Språkmøte. Innføring i sociolingvistik*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk forlag. 73-87.
- Anderson, Ragnhild. 2010. Medvitne og umedvitne haldningar til bergensk, austlandsk og stril blant ungdomar i Åsane. I *Danske Talesprog* 10: 80-107.
- Auer, Peter og Frans Hinskens. 2008. The role of interpersonal accommodation in a theory of language change. I *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*, redigert av P. Auer, F. Hinskens og P. Kerswill. Cambridge: Cambridge University Press. 335-357.
- Bailey, Guy, Tom Wikle, Jan Tillery og Lori Sand. 1993. Some patterns of linguistic diffusion. I *Language Variation and Change* 5, Issue 03. Cambridge: Cambridge University Press. 359-390.
- Bugge, Edit. 2013 (upublisert). *Familien i sociolingvistikken*. Dr.art-avhandling. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Bøe, Per Sigmund Sævik. 2013. *Språkendringer sør på Jæren. En sociolingvistisk studie i virkelig tid fra Ognå*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Chambers, Jack K. og Peter Trudgill. 1980. *Dialectology. Cambridge textbooks in linguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Chambers, Jack K. 2013. Patterns of Variation including Change. I *The Handbook of Language Variation and Change. Second Edition*, redigert av J. K. Chambers og N. Schilling. Oxford, UK. Malden, USA: Wiley-Blackwell.
- Dalbakken, Liv Osnes. 1996. *Distinksjonen kje/sje i lydendringsperspektiv: en empirisk undersøkelse av barns og unges beherskelse av distinksjonene kje/sje i Trondheim*. Hovudoppgåve i nordisk. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Dalen, Arnold. 1972. Trøndermåla. I *Trøndermål. Språkarv og språkforhold i Trøndelag og på Nordmøre*, redigert av A. Dalen og O. Stemshaug. Trondheim: Det norske samlaget. 9-41.
- Dalen, Arnold. 2008. Framveksten av bymål på 1500- og 1600-talet. I: *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*, redigert av A. Dalen, J. R. Hagland og O. Stemshaug. Trondheim: Tapir. 109-129.
- de Seve, Niels. 1992a. *Molde bys historie. I Før året 1838 – Ladested og kjøpstad*. 2. utgåve. Molde: Molde kommune og Dahl Libris.
- de Seve, Niels. 1992b. *Molde bys historie. II 1838-1916. Eksportby - Turistby - Industriby*. 2. utgåve. Molde: Molde kommune og Dahl Libris.
- Doublet, Maria-Rosa Raphaëla. 2012. *Bare fra Bergen, eller fra Fana i Bergen? En intern språkkrieg mellom bergensvarietetene*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.

- Eckert, Penelope. 1997. Age as a Sociolinguistic Variable. I *The Handbook of Sociolinguistics*, redigert av F. Coulmas. Oxford, UK. Malden, USA: Blackwell Publishers. 151-167.
- Endresen, Rolf Theil, Hanne Gram Simonsen og Andreas Sveen. 2005. *Innføring i lingvistikk*, redigert av R. T. Theil, H. G. Simonsen og A. Sveen. Oslo: Universitetsforlaget.
- Fintoft, Knut og Per-Egil Mjaavatn. 1980. *Språksosiologiske forhold i Trondheim bymål*. Trondheim: Tapir trykk.
- Fossheim, Marie. 2010. *Språket på Midøya – en sosiolingvistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Garrett, Peter, Nikolas Coupland og Angie Williams. 2003. Direct approaches. I: *Investigating Language Attitudes*, redigert av P. Garrett, N. Coupland og A. Williams. Cardiff: University of Wales Press. 24-50.
- Garrett, Peter. 2010a. Fundamentals of language attitudes. I: *Attitudes to language*. Cambridge: Cambridge University Press. 19-37.
- Garrett, Peter. 2010b. Main approaches to the study of language attitudes. I: *Attitudes to language*. Cambridge: Cambridge University Press. 37-53.
- Grønmo, Sigmund. 1996. Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnæringer i samfunnsforskningen. I *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, redigert av H. Holter og R. Kalleberg. Oslo: Universitetsforlaget. 73-108.
- Grønmo, Sigmund. 2007. *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Grønmo, Sigmund. 2012. Kvalitative og kvantitative metoder: Begreper og distinksjoner. I *Sosiologisk tidsskrift 1*. Oslo: Universitetsforlaget. 85-91.
- Hannaas, Jorunn. 1999. *En sosiolingvistisk studie av kj- og sj-realiseringsen blant ungdommer i Bergen*. Hovedoppgåve i nordisk språk. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hanssen, Eskil. 2010. *Dialekter i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Hernes, Reidunn. 2005. Kvar i verda finst språket? Ei drøfting av sosiolingvistikken sitt studieobjekt – i spenningsfeltet mellom individ og kollektiv. I *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg 7*. Nordisk: Nordisk institutt. 145-167.
- Hernes, Reidunn. 2006. *Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os*. Dr.art-avhandling. Nordisk institutt. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hildremyr, Helene. 2006. *Dialekten i Brattvågen og på Hildre – 23 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgranskning av talemålet i to sunnmørsbygder*. Mastergradsavhandling. Nordisk institutt. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Hinskens, Frans, Peter Auer og Paul Kerswill. 2008. The study of dialect convergence and divergence: conceptual and methodological considerations. I *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*, redigert av P. Auer, F. Hinskens og P. Kerswill. Cambridge: Cambridge University Press. 1-48.
- Hoel, Ivar. 1915. Kristiansundsmaalet. I *Maal og minne 17*: 1-63.
- Hovdenak, Marit. 1978. *Noko om språkforholda i ei romsdalsbygd*. Hovedfagsoppgåve. Universitetet i Oslo, Oslo.
- Hudson, Richard Anthony. 2001. *Sociolinguistics. Second Edition*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hårstad, Stian. 2008. Del 4. Kva skjer i dag? I *Trøndersk språkhistorie. Språkforhold i ein region*, redigert av A. Dalen, J. R. Hagland, S. Hårstad, H. Rydving og O. Stemshaug. Trondheim: Tapir akademisk forlag. 399-424.
- Hårstad, Stian. 2010. *Unge språkbrukere i gammel by : en sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Doktoravhandling. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.

- Iversen, Anders Bjørndahl. 2012. Svar til Grønmo. I *Sosiologisk tidsskrift* 1. Oslo: Universitetsforlaget. 92-93.
- Johannesen, Stig Helge. 1983. Om ”skjendisar” og ”chipsreiarar”. Bruken av sje-lyd og kje-lyd i bergensmålet. I *Talemål i Bergen* 1/83. 5-28.
- Johansen, Inger. 2005. Språkhaldningar og språkhandlingar. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg* 7. Nordisk: Nordisk institutt. 61-88.
- Juel, Gunnar. 1991 [1957]. *Hovedtrekk av syntaksen i Kristiansund bymål*. Kristiansund: Holm trykk.
- Kerswill, Paul. 1996. Children, adolescents, and language change. I *Language variation and Change* 8 (2): 177-202.
- Kerswill, Paul og Peter Trudgill. The Birth of New Dialects. I *Dialect change. Convergence and Divergence in European Languages*, redigert av P. Auer, F. Hinskens og P. Kerswill. Cambridge: Cambridge University Press. 196-220-
- Kristiansen, Tore. 2009. The macro-level social meanings of late-modern Danish accents. I: *Acta Linguistica Hafniensia* 41: 167-192.
- Kristoffersen, Gjert. 1997. Det va'kje no vanskli å snake med du. Litt om trykksterke og trykksvake personlege pronomener i Arendal. I *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen på 75-årsdagen 4. mars 1997*, redigert av Jarle Bondevik, Oddvar Nes, Helge Sandøy og Gjert Kristoffersen. Bergen: Alma Mater (Universitetet i Bergen).
- Kulbrandstad, Lars Anders. 2007. *Språkets mønstre. Grammatiske begreper og metoder. 3.utgave* (2. opplag). Oslo: Universitetsforlaget.
- Labov, William. 1963. The Social Motivation of a Sound Change. I: *Word* 19: 273-309.
- Labov, William. 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, William. 2001. The anatomy of style-shifting. I *Style and Sociolinguistic Variation*, redigert av P. Eckert og J. R. Rickford. Cambridge: Cambridge University Press. 85-108.
- Labov, William. 2002. *Principles of Linguistic Change. Volume 1: Internal Factors*. Oxford: Blackwell.
- Labov, William. 2006. *Principles of Linguistic Change. Volume 2: Social Factors*. Oxford: Blackwell.
- Labov, William. 2010. *Principles of Linguistic Change. Volume 3: Cognitive and Cultural Factors*. Oxford: Blackwell.
- Larsen, Amund B. 1917. Naboopposisjon – knot. I *Maal og minne* 34: 34-46.
- Le Page, Robert B. og Andréé Tabouret-Keller. 1985. *Acts of identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Lianes, Anna. 2013. *Endringar i talemålet i Åram på Søre Sunnmøre. Ei sosiolingvistisk gransking i tilsynelatande tid*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Lode, Andrea. 2013. Kapittel 4 – Metode. Valg og strategier. I *Staten i skolegården. En studie av forholdet mellom statlig styring og lærernes autonomi*. Mastergradsoppgåve. Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap. Bergen: Universitetet i Bergen. 59-72.
- Lunde, Marit Merete. 2005. Haldningar – finst dei? Og er dei i så fall å finne i individa eller i det sosiale rommet mellom dei? Ei drøfting av haldningsomgrepet ut frå ulike tilnæringsmåtar. I: *Målbryting. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg* 7. Nordisk: Nordisk institutt. 7-45.
- Løvik, Karoline. 2002. *Dialekten på øya Gossen i Ytre Romsdal. Utviklingslinjer i talemålet til yngre språkbrukarar*. Hovudfagsoppgåve. Institutt for nordisk og mediefag. Høgskolen i Agder, Kristiansand.

- Maegaard, Marie og Pia Quist. 2009. Unge, sprog og køn. I *Mund og bog – 25 artikler om sprog tilegnet Inger Lise Pedersen på 70-årsdagen d. 5. juni 2009*, redigert av H. Hovmark, I. Sletten og A. Gundiksen. Københavns Universitet, København. 205-218.
- Milroy, Lesley. 1980. Language and Social Networks. I *Language and Society 2*. Oxford: Basil Blackwell.
- Milroy, Lesley og Matthew Gordon. 2006. *Sociolinguistics. Method and interpretation*. Oxford: Blackwell Publishing.
- Milroy, Lesley og James Milroy. 2010. Social network and social class: Toward an integrated sociolinguistic model. I *The Routledge Sociolinguistic Reader*, redigert av M. Meyerhoff og E. Schlee. London: Routledge. 392-408.
- Myklebust, Elinn Devold. 2012. *Årdalsdialekten – ein koiné? Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet i Årdal 65 år etter industriutbygginga*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus.
- Mæhlum, Brit. 2008. Språk og identitet. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk.*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag. 105-126.
- Nesse, Agnete. 1994. Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten. I *Talemål i Bergen 5. Målføresamlinga*, Nordisk institutt. Universitetet i Bergen. 127-137.
- Nesse, Agnete og Hilde Sollid. 2010. Nordnorske bymål i et komparativt perspektiv. I *Maal og minne*. Hefte 1, redigert av J. G. Jørgensen og L. S. Vikør. Oslo: Novus. 137-158.
- Neteland, Randi. 2009. "vann og kan og mann". *En sosiolingvistisk studie av nn-variabelen og andre språktrekk blant ungdommer i Narvik*. Mastergradsoppgåve. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Nornes, Marianne Valeberg. 2011. *Bergensk i Bergenhus – ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Bergenhus bydel*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Nødtvedt, Aud Frøydis. 1991. *Molde bymål. Språklege variasjonar hos eldre og yngre brukarar*. Hovudoppgåve. Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, Trondheim.
- Papazian, Eric. 2007. Indre og ytre årsaker til språkendring – ei drøfting. I *Å sjå samfunnet gjennom språket*, redigert av G. Akselberg og J. Myking. Oslo: Novus. 161-168.
- Preston, Dennis. 2010. Language with an attitude. I: *The Routledge Sociolinguistic Reader*, redigert av M. Meyerhoff og E. Schlee. London: Routledge. 112-131.
- Rød, Hild Meland. 2011. *Talemålsendring i Julsundet*. Upublisert semesteroppgåve i emnet NOSP 251 - Språkleg variasjon og endring. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Rød, Hild Meland. 2012. *Molde bymål*. Upublisert projektskisse i emnet NOLISP 300 – Prosjektførebuande emne. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Røyneland, Unn. 2005. *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Avhandling for graden dr.art. Acta humaniora. Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo, Oslo.
- Røyneland, Unn. 2008a. Språk og dialekt. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen akademisk forlag. 15-34.
- Røyneland, 2008b. Språk- og dialektkontakt. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen akademisk forlag. 47-72.

- Sandøy, Helge. 1982. *Romsdalsmålet. Skisse til ein grammatikk*. Nordisk institutt. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. 2. utg. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 1998. The Diffusion of a New Morphology in Norwegian Dialects. I *Folia Linguistica* 32: 83-100.
- Sandøy, Helge. 2000. Utviklingslinjer i moderne norske dialektar. I *Folkmålsstudier* 39: 345-384.
- Sandøy, Helge. 2003. Types of society and language change in the Nordic countries. I *Language Variation in Europe. Papers from the Second International Conference on Language Variation in Europe, ICLaVE 2, Uppsala University, Sweden, June 12-14, 2003*, redigert av Britt-Louise Gunnarsson ofl. Uppsala: Department of Scaninavian Languages, 53-76.
- Sandøy, Helge. 2008a. Skriftvariasjon. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk.*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag. 167-193.
- Sandøy. 2008b. Språkendring. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen akademisk forlag. 195-219.
- Sandøy. 2008c. Kontakt og spreiiing. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, redigert av B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland og H. Sandøy. Oslo: Cappelen akademisk forlag. 222-240.
- Sandøy, Helge. 2011. *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2013. Driving forces in language change – in the Norwegian perspective. I *Language (De)standardisation in Late Modern Europe: Experimental Studies*, redigert av T. Kristiansen og S. Grondelaers. Oslo: Novus press. 125-151.
- Schilling, Natalie. 2013. *Sociolinguistic Fieldwork. Key topics in sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Skiri, Halvard. 2013. Endringar i den geografiske folkesamansetninga i Noreg i tida 1800-2000. Upublisert artikkel.
- Skjekkeland, Martin. 2009. *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus forlag. 13-114.
- Solheim, Randi. 2006. *Språket i smeltegryta. Sosiolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger*. Dr.art-avhandling. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU).
- Svennevig, Jan. 2009. Identitet og sosiale relasjonar. I *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Fagernes: Cappelen akademisk forlag 101-142.
- Tældeman, Johan. 2008. The influence of urban centres on the spatial diffusion of dialect phenomena. I *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*, redigert av P. Auer, F. Hinskens og P. Kerswill. Cambridge: Cambridge University Press. 263-283.
- Tagliamonte, Sali. 2012. *Variationist Sociolinguistics: Change, Observation, Interpretation*. Chichester: Wiley-Blackwell.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør. 2003. *Hovuddrag i norsk språkhistorie. 3. utgåve*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Trudgill, Peter. 1986. *Dialects in Contact*. Oxford: Blackwell.
- Trudgill, Peter. 2006. *New-dialect Formation. The Inevitability of Colonial Englishes*. Edinburgh: Edinburgh University Press.

- Trudgill, Peter. 2010. *Investigations in Sociohistorical Linguistics. Stories of Colonisation and Contact*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Vangsnes, Øystein Alexander. On wh-questions and V2 across Norwegian dialects. A survey and some speculations. *Working Papers in Scandinavian Syntax* 73. 1-59.
- Vannebo, Kjell Ivar. 1980. Om språkvitenskapens norm-begrep. I *Tijdschrift voor Skandinavistiek* 1: 3-22.
- Venås, Kjell. 1967. *Sterke verb i norske målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Villanger, Silje. 2010. "Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år". *Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Villena-Ponsoda, Juan Andrés. 2008. How similar are people who speak alike? An interpretive way of using social networks in social dialectology research. I *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*, redigert av P. Auer, F. Hinskens og P. Kerswill. Cambridge: Cambridge University Press. 303-334.
- Wagner, Suzanne Evans. 2012. Age Grading in Sociolinguistic Theory. I *Language and Linguistics Compass* 6, Issue 06. Blackwell Publishing. 371–382.
- Weinreich, Uriel, William Labov og Marvin I. Herzog. 1968. Empirical foundations for a theory of language change. I *Directions for Historical Linguistics: A symposium*, redigert av Lehmann, W. P. og Y. Malkiel. Austin: University of Texas Press. 97-195.
- Ødegård, Randi Haugen. 2013. *Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odda og Tyssedal*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Aasen, Kristine Nymark. 2011. *Stavanger-dialekten 30 år etter. Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Stavanger*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Aasmundseth, Kathrine. 2010. "I den store sammenhengen er me jo bergensarar". *Bevisste og underbevisste språkholdninger i Øygarden*. Mastergradsoppgåve. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium. Bergen: Universitetet i Bergen.

Elektroniske dokument og internettsider

1881. *Digitale medier. 1881*. Tilgjengeleg frå: <http://www.1881.no/> [Lasta ned 09.01.2013]
- Anderson, Ragnhild. 2011. *Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet*. LLE. Bergen: Universitetet i Bergen. Tilgjengeleg frå: <http://www.folk.uib.no/hnohs/DEP/Methodisk%20opplegg,%20versjon%206.pdf> [Lasta ned 10.09.2012]
- Høgskolen i Oslo og Akershus. *Undersøkellesmetoder m/statistikk*. Tilgjengeleg frå: <http://www.jbi.hio.no/bibin/BoS21/def.htm#S> [Lasta ned 17.02.2014]
- IBM. *SPSS Statistics* Tilgjengeleg frå: <http://www01.ibm.com/software/analytics/spss/products/statistics/> [Lasta ned 19.11.2013]
- Kvasir. *Kart* (levert frå Gule Sider). Tilgjengeleg frå: <http://kart.kvasir.no/> [Lasta ned 10.10.2013]

- Molde bymuseum. *Molde i dag*. Tilgjengeleg frå:
http://www.moldebymuseum.no/text.php?type=om_molde_by&serie=start [Lasta ned 09.12.2013]
- Moldejazz. *Funksjonær*. Tilgjengeleg frå:
http://www.moldejazz.no/2011/index.php?page_id=3487 [Lasta ned 13.09.2013]
- Molde kommune. *Kultur, idrett og fritid*. Tilgjengeleg frå:
<http://www.molde.kommune.no/kultur-idrett-og-fritid.263837.no.html>
 [Lasta ned 13.09.2013]
- Molde kommune. *Videreutdanning og høyskoleutdanning i Molde*. Tilgjengeleg frå:
<http://www.molde.no/videreutdanning-og-hoeyskoleutdanning-molde.5121818-265290.html?showtipform=2> [Lasta ned 15.12.2013]
- Møre og Romsdal fylkeskommune. 2013. *Kommunestatistikk for Molde kommune*. Tilgjengeleg frå: <http://mrfylke.no/Tenesteomraade/Plan-og-analyse/Statistikk-og-analyser/Kommunestatistikk> [Lasta ned 02.02.2013]
- Norsk kulturindeks. *Norsk kulturindeks 2013*. (Telemarksforskning). Tilgjengeleg frå:
http://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/detalj.asp?r_ID=2367&merket=5
 [Lasta ned 12.12.2013]
- NSD (Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste). *Opprett nytt meldeskjema*. Tilgjengeleg frå:
<http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/meldeskjema> [Lasta ned 04.03.2014]
- Nynorskordboka. *Metode*. Tilgjengeleg frå: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=metode&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> [Lasta ned 03.12.2013]
- Nynorsk-og bokmålsordboka. *Norm*. Tilgjengeleg frå: <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=norm&nynorsk=+&ordbok= begge>
 [Lasta ned 15.08.2013]
- Panda. *Om Panda*. Tilgjengeleg frå: <http://www.pandagruppen.no/Om-Panda> [Lasta ned 11.12.2013]
- PRAAT. *Praat: doing phonetics by computer*. Tilgjengeleg frå: www.praat.org
 [Lasta ned 14.02.2013]
- Radionytt. 2013. *Ny morgenvert i IFM Molde*. Tilgjengeleg frå:
<http://www.radionytt.no/r13090.php> [Lasta ned 19.09.2013]
- Romsdalsmartnan. *Om oss/ åpningstider*. Tilgjengeleg frå:
http://romsdalsmartnan.com/om_oss_apningstider/ [Lasta ned 10.01.2013]
- Romsdalsmuseet. *Romsdalsmuseet*. Tilgjengeleg frå: www.romsdalsmuseet.no [Lasta ned 13.09.2013]
- Røyneland, Unn. 2012. *Sosiolingvistikk. Höstsymposium Åbo*. Tilgjengeleg frå:
<http://www.fnf.fi/Site/Data/822/Files/Royneland.pdf> [Lasta ned 10.03.2014]
- Skattelister. *VG. Skattelister.no. Inntektsåret 2012*. Tilgjengeleg frå:
<http://skattelister.no/> [Lasta ned 09.01.2013]
- Språkrådet. 1999. *Prosjektet talemålsendring i Noreg*. Tilgjengeleg frå:
http://www.sprakrad.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1999/Spraaknytt_1999_2/Prosjektet_talemaalsendring_i/ [Lasta ned 08.11.2012]
- SSB. *Befolkning og areal i tettsteder, 1. januar 2012*. Tilgjengeleg frå:
<http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/bef tett/aar/2012-09-06>
 [Lasta ned 20.10.2012]
- SSB. *Befolkningsendringer i kommunene*. Tilgjengeleg frå¹¹²:
<http://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectTable/hovedtabellHjem.asp?>

¹¹² For å finne dei aktuelle tala: Vel tabell 06913. For folkemengd vel ein "Enhet – personer", og på region "Kommuner fra 1951". I kommunelista må ein krysse av for 1501-1505 (Molde, Kristiansund og Ålesund med gamle og nye kommunenummer). Vel deretter å vise folkemengd for alle år (huk av på "velg alle").

- [KortNavnWeb=folkendrhist&CMSSubjectArea=befolkning&StatVariant=&PLanguage=0&checked=true](#) [Lasta ned 10.09.2013]
- SSB. *Folkemengde etter alder, kjønn, sivilstand og statsborgarskap, 1. januar 2013*. Tilgjengeleg frå: <http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkemengde/aar/2013-03-13?fane=tabell&sort=nummer&tabell=100883> [Lasta ned 10.09.2013]
- SSB. *Folketellingen 1. november 1960. 1501 Ålesund*. Tilgjengeleg frå: http://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_1501.pdf [Lasta ned 09.12.2013]
- SSB. *Folketellingen 1. november 1960. 1502 Molde*. Tilgjengeleg frå: http://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_1502.pdf [Lasta ned 09.12.2013]
- SSB. *Folketellingen 1. november 1960. 1503 Kristiansund N*. Tilgjengeleg frå: http://www.ssb.no/a/folketellinger/kommunehefter/1960/kh_1960_1503.pdf [Lasta ned 09.12.2013]
- SSB. *Tettsteder. Folkemengde og areal, etter kommune. 1. januar 2012*. Tilgjengeleg frå: <http://www.ssb.no/a/kortnavn/befsett/tab-2012-09-06-01.html> [Lasta ned 20.10.2012]
- Store norske leksikon. *Molde*. Tilgjengeleg frå: <http://snl.no/Molde> [Lasta ned 20.10.2012]
- Store norske leksikon. *Romsdals Budstikke*. Tilgjengeleg frå: http://snl.no/Romsdals_Budstikke [Lasta ned 15.12.2013]
- Store norske leksikon. *Sosiolingvistikk*. Tilgjengeleg frå: <http://snl.no/sosiolingvistikk> [Lasta ned 16.10.2012]
- Talebanken. Tilgjengeleg frå: <http://gandalf.uib.no/talebanken/> [Lasta ned 19.11.2013]
- Talebanken. *Talebanken ved LLE, UiB. Ei orientering*. Tilgjengeleg frå: <http://www.folk.uib.no/hnohs/DEP/Orientering%20om%20Talebanken.pdf> [Lasta ned 27.03.2014]
- TAUS. *TAUS – Talemålsundersøkelsen i Oslo*. Tilgjengeleg frå: <http://www.tekstlab.uio.no/nota/taus/index.html> [Lasta ned 08.11.2012]
- Telemarksforskning. *Telemarksforskning*. Tilgjengeleg frå: <http://www.telemarksforskning.no/start/main.asp> [Lasta ned 12.12.2013]
- Uni Digital. *Uni Digital*. Tilgjengeleg frå: <http://digital.uni.no/> [Lasta ned 19.11.2013]
- Universal-Lexikon. *Wellentheorie*. Tilgjengeleg frå: http://universal_lexikon.deacademic.com/135110/Wellentheorie [Lasta ned 21.10.2013]
- Universitetet i Bergen. *Nordisk: Prosjektførebuande emne*. Tilgjengeleg frå: <http://www.uib.no/emne/NOLISP300#introduksjon> [Lasta ned 20.08.2013]
- Vestad, Jon Peder. 2006. *Moldedialekt før og no*. Tilgjengeleg frå: http://www.moldebymuseum.no/text.php?type=artikler&serie=Glimt_fra_Moldehistorien [Lasta ned 05.11.2013]

Andre kjelder

- Kleppe, Bård. Forskar og prosjektleiar for Norsk kulturindeks 2013. Bidrog med informasjon per e-post om Molde kommune si totale plassering på Norsk kulturindeks 2013.
- Myklebust, Elinn Devold. Bidrog med informasjon om ungdomsdialekten i Ålesund per 2014.

VEDLEGG

Vedlegg 1: Tabellar med oversyn over folketal i Molde

